



# Årsmelding 2020 med rekneskap



Fotograf og lypekørrar: Bernt Øyvind Vad

*Idretts glede heile livet*

STORD IL  STIFTA 1914



## Formenn i laget

Leif Tonning	1914–15
Magnus Jansen	1916–17
Bjarne Dahl	1918–19
Harald Nordenborg	1920–25
Magne Mugås	1926
Harald Nordenborg	1927–28
Tor Haugland	1929–30
Harald Nordenborg	1931
Ludvig Ytterdal	1932–33
Halvdan Hystad	1934–36
John Fadnes	1937–39
Reidar Hystad	1940
John Fadnes	1945
John Engelsen	1946–47
Reidar Hystad	1948
John Fadnes	1949–51
Trygve Grøsvik	1952–53
Amund Engelsen	1954
Svein Barmen	1955–58
Trygve Grøsvik	1959–61
Johann Belsvik	1962–67
Eyvind Haugland	1968–79
Gudmund Sørensen	1980–83
Eyvind Haugland	1984–86
Harald Karlsson	1987–95
Hans Aaserud	1995–98
Jarle Myklebust	1999–00
Marit Sætre Cuickshanks	2001–02
Henning R. Iversen	2003–11
Magne Jostein Mikkelsen	2012–15
Nina H. Sleen	2016–18
Roy Sverre Amundsen	2019–



## ÅRSMELDING 2020

### Dagsorden årsmøte 2021.

1. Opning.
2. Godkjenning av stemmeberettiga
3. Val av ordstyrer og møtereferantar.
4. Val av to representantar til underskrift av protokoll.
5. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
6. Årsmelding frå hovestyret.
7. 1. Årsmelding frå gruppene.
8. 2. Årsmelding frå allianseidrettslag.
9. Godkjenning av årsregnskap frå hovestyret og gruppene.
10. Innkomne forslag.
11. Godkjenning av hovedlaget og gruppene budsjett 2021.
12. Fastsette kontingent for 2022.
13. Godkjenning av gruppestyra.
14. Valkomiteen si innstilling.
15. Val av revisor
16. Avslutning.



### STORD IDRETTSLAG

#### ÅRSMELDING 2020

#### STYRET I STORD IDRETTSLAG

Roy-Sverre Amundsen	Styreleiar
Torger M. Tvedten	Nestleiar
Anne Sissel Mugaas	Styremedlem
Kjartan Grov	Styremedlem
Terje Aas	Styremedlem
Kaja Skåtevik Skjøberg	Styremedlem – «Ungdomsrepresentant»
Kjell Håvard Belsvik	Varamedlem

Styret er spesielt nøgd med at ungdomsrepresentanten Kaja Skåtevik Skjøberg har funne seg godt til rette i styret. Ho har spesielt bidratt med sin kunnskap om ungdomen sine opplevingar av «pandemitida», og skapt forståing for dei utfordringane Covid-19 kan få for Stord Idrettslag både på kort og lang sikt.

#### HOVUDOPPGÅVER OG ORGANISERING

Styret har i perioden frå årsmøte i 2020 hatt 8 styremøte. Gruppeleiarane har vore invitert til utvida styremøte i etterkant av hovudstyremøte 4 gonger. Denne samarbeidsforma har fungert godt og vore ein konstruktiv og identitetsskapande arena for utveksling av meiningar og informasjon. Frammøte frå dei ulike gruppene har vore sær s bra.

Strategiplanen som vart utarbeidd i 2018 skal vere rettleiande for Stord Idrettslag sin aktivitet og styrande for medlemmene si åtferd og haldningar gjennom eit bevisst forhold til laget sine visjonar og verdiar. Innhaldet i strategiplanen har ved fleire høve vore drøfta i styret det siste året, og er revidert med utgangspunkt i innspel frå styremedlemar og drøfting i styret. Revidert strategiplan vert presentert for gruppene på første møte hausten 2021.

Leigeavtalen mellom Stord Idrettslag og Stord kommune vart vedtatt av kommunestyret i november 2015. Avtalen er på ti år med verknad frå 01.01.2016, og omfattar alle anlegga på Vikahaugane inklusive skeisebanen, Langelandsbanen og Åsbanen, samt delvis leige av Nordbygdahallen. Stord Idrettslag betalte i 2020 ei samla årleg leige på kr. 1 300 000 til Stord kommune. Me disponerer anlegga frå kl. 15.00 til kl. 22.00 på kvardagar og i helgene, og har rett til framleige av dei anlegga som er omfatta av avtalen. Leigeinntektene og inntekter for reklame i hallane er føresetnaden for at avtalen med Stord kommune er realiserbar.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

---

Stord kommune har ansvar for drift og vedlikehald av arealet inne og skal ha driftspersonell på anlegget i vår aktivitetstid. Avtalen inneber også at Stord Idrettslag skal utføre deler av vedlikehaldet av anlegga. Stord Fotball har eigen avtale som omhandlar banane på Vikahaugane, Langeland og Ås.

I samband med budsjetthandsaminga i Stord kommune for 2020 vart det vedteke å stenge skeisebanen før sesongen 2019 / 2020 for å redusere dei årlege kostnadane til kommunen med kr. 1 100 000. Stord kommune har ikkje gitt formelt varsel eller ei oppseiing av leigeforholdet når det gjeld skeisebanen. Stord Idrettslag har lagt fram krav om reduksjon i leiga grunna stenginga av skeisebanen. Revisjon av leigeavtalen hor vore « i prosess» i 2020 og ventast avslutta i løpet av 1. halvår 2021.

Stord Idrettslag stifta i oktober 2019 Vikahaugane Drift og Vedlikehald AS, VIDRIVE, med ein aksjekapital på kr. 50 000 og med følgjande føremål; sitat :

*«Selskapet sitt føremål er å bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte idrettsanlegg som Stord Idrettslag og idrettslaga i alliansen eiger, leiger eller har drifts – og vedlikehaldsansvar for. Selskapet kan også bygge ut, drifte, vedlikehalde og forvalte andre eigedomar som skal nyttast til idrettsføremål.»*

Selskapet inngjekk avtale med Stord kommune om drift og vedlikehald av skeisebanen i slutten av november 2019. Avtalen gjaldt i eit år med mogleg lenging med eit nytt år. Avtalen er reforhandla og gjort gjeldande for skeisesesongen 2020 / 2021. Det sportslege resultatet har vore særst bra og gledeleg for alle som er glad i skeisesporten. Skeisebanen er ein arena for ein vinteraktivitet som er unik for regionen og er eit positivt tilskot for Stord kommune som regionsenter. Banen har vore i bruk frå slutten av november til medio mars og har vore nytta av innbyggjarane i heile Sunnhordland. Skeisesesongen 2020 / 2021 med rekordtidleg oppstart har likeins vore ein formidabel suksess med aktivitet «frå morgon til kveld».

Organiseringa som eit allianseidrettslag der Stord Fotball, Stord Orientering og Stord Symjing er sjølvstendige klubbar i alliansen, fungerer no godt. Leiarane i desse laga er inviterte til dei utvida styremøta og stiller aktivt opp.

### ÅRSMELDINGANE FRÅ GRUPPENE OG ALLIANSEIDRETTSLAGA

Årsmeldingane frå gruppene vert lagt fram for årsmøte i SIL som orienteringssak, og er ein sjølvstendig og vesentleg del av årsmeldinga til Stord Idrettslag.

#### Gruppene i Stord Idrettslag

- Friidrettsgruppa
- Handballgruppa
- Skeisegruppa
- Skigruppa
- Turngruppa
- Volleyballgruppa

Årsmeldingane for allianseidrettslaga er inkludert i denne årsmelding, og er eit viktig historisk dokument som viser den samla aktiviteten i Stord Idrettslag for kvart år.



### Allianseidrettslaga

- Stord Fotball
- Stord Orientering
- Stord Symjing

### Stord Idrettslag sitt samfunnsansvar – «breidde og topp»

Det er all grunn til å gleda seg over det omfattande arbeidet som vert lagt ned i barne- og ungdomsidretten i regi av Stord Idrettslag. Det er her me skapar breidda og trygge sosiale idrettsmiljø, som også legg til rette for satsing på toppidrett for idrettsutøvarar som har ambisjonar i dei einskilde idrettane. I godt samarbeid med Idrettsfag på Stord Vidaregåande skule har me fått fram ein flott treningskultur som kan måla seg med dei beste i landet. Friidrett og skeise er eit døme på at målretta og kunnskapsbasert trening over tid gir resultat på høgt nasjonalt nivå.

Styret hadde i 2019 møter og dialog med Stord Cricket Klubb om å inkludere klubben i alliansen. Samtalene hadde som mål at klubben skulle bli ein del av Stord Idrettslag i 2020. Det har likeins vore drøftingar om å etablere «Stord Basketball» utan at dette har blitt realisert. Det har grunna Covid-19 med nedstenging, avgrensa arenaer for kommunikasjon og uføreseieleg framtidsutsikter ikkje vore mogeleg å føre dialogen vidare i 2020. Stord Idrettslag vil ta oppatt initiativet både når det gjeld cricket og basket når idrettslivet har normalisert seg.

### MEDLEMSTAL OG COVID-19.

Dagleg leiar har halde fram arbeidet med å få betre oversikt over medlemsmassen i Stord Idrettslag. Arbeidet vil fortsetja for fullt også i 2021.

Innkrevjing av medlemskontingent er dagleg leiar sitt ansvar, og har fungert særst godt. Basert på rapportar frå gruppene og allianseidrettslaga har Stord Allianseidrettslag no 2023 (2161) medlemmer pr. 31.12.2020, av desse er det 637 (769) jenter og 645 (709) gutar mellom 3 og 19 år. Tala pr. 31.12.2019 i parentes.

Hovudstyret vil i tida som kjem halda fram arbeidet inn mot laget sine grupper og allianselag for å gi fleire born og unge gode og allsidige tilbod.

Styret og dagleg leiar har i løpet av 2020 vore i kontinuerleg dialog med gruppene for få ein oversikt over konsekvensane av nedstenging og dei avgrensingane som Covid-19 har medført når det gjeld organisert idrettsleg aktivitet. Stord Idrettslag har som mål å utarbeide ein analyse innan utgangen av 2021 kor ein synleggjer kva konsekvensar Covid-19 har hatt for medlemstal og aktivitet. Analysen vil vere grunnlaget for ein overordna tiltaksplan kor heile idrettslaget vert involvert i arbeidet med å motivere og stimulere til auka fysisk aktivitet for born og ungdom. Stord Idrettslag vonar at Stord kommune vil bidra aktivt saman med oss i prosessen med å normalisere og stimulere idrettslivet når pandemien ikkje lenger avgrensar vår handlefridom.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

---

### ANLEGGsutvikling

Stord Idrettslag starta våren 2019 ein prosess med arbeidstittel; «Arealanalyse for Vikhaugane» med mål om lage ein plan for disponering av det arealet som ikkje er bandlagt eller nytta til utbygging, eller andre føremål på Vikhaugane. Stord Idrettslag vonar at arealanalysen vert eit viktig bidrag i diskusjonen om den vidare utbygginga av idrettsanlegga på Vikhaugane i eit langsiktig perspektiv, kor utbyggingsrekkefølgjen er avgjerande for ei effektiv arealutnytting.

Arealanalysen har so langt vore avgjerande for at Ishallen no er i ferd med å bli realisert, og at innspelet om bygging av ein «dobbel-hall» som erstatning for Rackethallen vert vurdert i samband med Stord kommune sine investeringsbudsjett for perioden 2021 – 2024.

I skrivande stund har Stord kommune starta arbeidet med utarbeiding av detaljprosjekt for Ishallen med sikte på handsaming av finansieringsplan i kommunestyremøte i mai 2021.

Styret vil ta initiativ til at det vert fremja ei sak om nye sandvolleyballbanar på Vikhaugane for Idrettsrådet og Stord kommune i løpet av 2021. I arealanalysen for Vikhaugane er sandvolleyballanlegget lokalisert sentralt mellom ungdomsskulen og den vidaregåande skulen der «Paviljongen» tidlegare var plassert.

Stord Idrettslag med tilhøyrande grupper og allianselag er også engasjert i mange anleggsprosjekt som er i forskjellige fasar i prosjektutviklinga.

# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### ØKONOMI

Alle gruppene har lukkast med sine mål for økonomistyring og lagt fram rekneskap for 2020 med tilfredsstillande resultat.

Styret i Stord Idrettslag legg fram samla rekneskap for 2020, med unnatak av dei tre gruppene som er sjølvstendige idrettslag i alliansen, med følgjande resultat :

### STORD IDRETTSLAG - SAMLA

RESULTATREKNESKAP	2020	2019
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>		
Driftsinntekter	- 8 846 148	- 15 768 683
Driftskostnader	8 564 808	15 124 970
<b>Driftsresultat</b>	<b>281 340</b>	<b>643 713</b>
Resultat av finansposter	10 947	24 249
<b>Årsresultat (overskot)</b>	<b>292 287</b>	<b>667 962</b>
<b>Overføringar</b>		
Avsett til «SIL Støttefond»	0	50 000
Avsett til anna eigenkapital	292 287	617 962
<b>Sum disponert</b>	<b>292 287</b>	<b>667 562</b>

Resultatrekneskapan viser eit driftsresultat for 2020 med eit positivt årsresultat med kr. 292 287.

Overskotet, kr. 292 287, vert avsett til annan eigenkapital





# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

BALANSE	2020	2019
<b>EIGEDLAR</b>		
<b>Anleggsmidler</b>		
Varige driftsmidler	921 200	1 178 600
Finansielle anleggsmidler	90 000	90 000
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>1 011 200</b>	<b>1 268 600</b>
<b>Omløpsmidlar</b>		
Fordringar	484 027	420 758
Investeringar	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande.	10 155 073	9 670 067
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>10 639 100</b>	<b>10 090 825</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>	<b>11 650 300</b>	<b>11 359 425</b>

BALANSE	2020	2019
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	10 830 203	10 537 916
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>10 880 203</b>	<b>10 587 916</b>
<b>Gjeld</b>		
Leverandørgjeld	135 608	137 942
Skyldig offentlige avgifter	245 881	234 938
Anna kortsiktig gjeld	388 609	398 630
<b>Sum gjeld</b>	<b>770 098</b>	<b>771 509</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>11 650 300</b>	<b>11 359 425</b>

# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET



### STORD IDRETTSLAG - HOVUDLAGET

RESULTATREKNESKAP	2020	2019
<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>		
Driftsinntekter	- 2 545 112	- 3 722 222
Driftskostnader	2 655 634	3 581 664
<b>Driftsresultat</b>	<b>- 110 522</b>	<b>140 558</b>
Resultat av finansposter	3 160	8 368
<b>Årsresultat (overskot)</b>	<b>- 107 362</b>	<b>148 926</b>
<b>Overføringer</b>		
Avsett til anna egenkapital	0	98 926
Avsett til «SIL Støttefond»	0	50 000
Overført til anna egenkapital	107 362	0
<b>Sum disponert</b>	<b>- 107 362</b>	<b>148 926</b>

Underskotet, kr. 107 262, vert dekt ved bruk av eigenkapitalen.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

BALANSE	2020	2019
<b>EIGEDLAR</b>		
<b>Anleggsmidler</b>		
Varige driftsmidler	0	0
Finansielle anleggsmidler	90 000	90 000
<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>90 000</b>	<b>90 000</b>
<b>Omløpsmidlar</b>		
Fordringar	706 339	762 559
Investeringar	0	0
Bankinnskot, kontantar og liknande.	1 924 336	1 800 424
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>2 630 675</b>	<b>2 562 983</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>	<b>2 720 675</b>	<b>2 652 983</b>

BALANSE	2020	2019
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Eigenkapital</b>		
SIL Støttefond	50 000	50 000
Anna eigenkapital	2 324 548	2 431 909
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>2 374 548</b>	<b>2 481 909</b>
<b>Gjeld</b>		
Leverandørgjeld	113 416	42 175
Skyldig offentlige avgifter	42 880	- 1 195
Anna kortsiktig gjeld	189 832	130 094
<b>Sum gjeld</b>	<b>346 128</b>	<b>171 074</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	<b>2 720 675</b>	<b>2 652 983</b>



### **Kompensasjonsordning vedkomande Covid-19.**

Stord Idrettslag har mottatt kompensasjon frå Lotteritilsynet for tapte inntekter i samsvar med regelverket for kompensasjonsordninga. Støtteordninga, saman med betydeleg lågare kostnader grunna særst låg sportsleg aktivitet, har medført at gruppene har kome seg gjennom 2020 utan langsiktige negative økonomiske konsekvensar.

### **Revisjon og rekneskap.**

Styret vil understreka at alle rekneskap er ført i samsvar med god rekneskapsskikk i nært samarbeid med laget sin revisor, KPMG.

Hovudlaget har halde fram avtalen sin med ECIT om føring av rekneskap. Stord Idrettslag er godt nøgd med det arbeidet ECIT utfører og det tillitsfulle samarbeidet mellom idrettslaget og dei tilsette i ECIT.

Budsjettdisiplin og økonomistyring er alltid sentrale tema for idrettslaget.

Interne rutinar i rekneskapsføring har i 2020 hatt fokus på oppfølging av dokumentasjonsplikta og periodisert rapportering, kor kvalitetssikring og samarbeid med rekneskapsføraren til hovudlaget og revisor er avgjerande for kontroll og god styringsinformasjon.

Stord Idrettslag er nøgd med at «Vipps» har erstatta store deler av omsetnaden som tidlegare var basert på «kontantar og kassabehaldning».

### **SAMFUNNSREKNESKAP - FOLKEHELSEPERSPEKTIVET**

Styret i Stord Idrettslag utarbeidde i 2003 for fyrste gong eit samfunnsrekneskap for å synleggjera verdien av den innsatsen som idretten skaper i samband med meiningsfylt fritid, helsefremjande aktivitet, sosial samhandling og gode opplevingar for born og ungdom. Den samla innsatsen frå våre leiarar, oppmenn, trenarar og dugnadsarbeidande medlemmar og frivillige utgjer i dag ein verdi i overkant av 70 million kroner pr. år.

Stord kommune har støtta Stord Idrettslag med kr. 200 000 kvart år i perioden 2016 - 2019 til finansiering av dagleg leiar. Frå 2020 vert det ikkje ytt tilskot frå Stord kommune. Stord Idrettslag vil ta saka opp med Stord kommune slik at tilskotet vert gjort gjeldande igjen frå 2022.

Stord Idrettslag sin posisjon som samfunnsbyggjar er særst viktig i arbeidet med å gjere Stord kommune til ein attraktiv og trygg kommune å vekse opp i og bu i. Me skal vere med på å skape eit levedyktig og inkluderande lokalsamfunn med gode oppvekstvilkår og ei variert og meiningsfylt fritid for alle oss som bur i kommunen og regionen. Visjonen til Stord Idrettslag, uttrykt i mottoet «*Idrettsglede heile livet*», skal vere drivkrafta til idrettslaget i eit folkehelseperspektiv.

Idretten sin grunnleggjande filosofi om «fair play» og respekt skal «liggje i ryggmargen» til alle som driv med idrett og er tillitsvalte. Det skal i Stord Idrettslag vere samanheng mellom det me seier og det me gjer i praksis. Styret i Stord Idrettslag vil retta ei stor takk til alle som er med og gjer dette mogleg kvar einaste dag året rundt.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

---

### HEIMESIDER / SOSIALE MEDIER

Stord Idrettslag saman med gruppene og allianseidrettslaga har ei felles startside på nettportalen sin. Nokre av gruppene har gjennom sine idrettar malar som dei sjølv har skapt og har ansvaret for å følge opp. Oppdatering av gruppene sine egne sider varierer frå gruppe til gruppe.

Dagleg leiar jobbar aktivt med å betre startside. Styret har vedtatt å innleia samarbeid med lokal rådgjevar for å modernisere heimesida og utvikle ein eintydig grafisk profil for idrettslaget.

Hovudlaget ønskjer å nytte sosiale media på ein betre og meir aktiv måte framover. Det er likevel gruppene som gjennom sine omfattande aktivitetar nyttar dei sosiale media til dagleg kommunikasjon og utveksling av informasjon.

### TILLITSVALDE OG FRIVILLIGE

Tillitsvalde, trenarar, lagleiarar og frivillige i gruppene og allianseidrettslaga er fundamentet for Stord Idrettslag. Stord Idrettslag med sine 2 023 medlemmar med tillitsvalde og frivillige er saman med dei andre idrettslaga og frivillige organisasjonar i kommunen bærebjelken i samfunnet. Kvar einskild sin innsats og bidrag er avgjerande for at Stord Idrettslag kan vere motoren for idrettsaktivitetane på Stord.

Det er eit sterkt ønskje at fleire unge vil delta aktivt i ulike tillitsverv og styrearbeid. Hovudstyret oppmodar gruppene og allianseidrettslaga om å prioritera etablering av ungdomsstyre i kvar enkelt gruppe.

Stord Idrettslag takkar trenarar, lagleiarar og frivillige for den fantastiske jobben de har lagt ned i løpet av 2020. Året som berre historia og ettertida vil vise om idretten, lokalt, regionalt og sentralt, har hatt evne og vilje til å overvinne ein usynleg og snikande «motstandar» kor muskelkraft og kondisjon ikkje vert avgjerande om ein vinn eller tapar.

### ARBEIDSMILJØ OG IDRETSMILJØ

Det er etter styret si oppfatning eit godt og trygt arbeidsmiljø blant dei tilsette i gruppene og i hovudlaget. Som tilsett i idrettslag vert det i periodar høg aktivitet både på kveldstid og i helger i samband med arrangement. Dette kan medføre høg arbeidsbelastning i periodar.

I frivillige organisasjonar kan det kan vere vanskeleg å gjere ei fordeling av oppgåver og ansvar mellom tilsette og dei frivillige. Det er viktig at styret i hovudlaget og styra i gruppene og allianseidrettslaga er bevisst si rolle som arbeidsgjevar og det ansvaret dei har for dei tilsette sitt fysiske og psykososiale arbeidsmiljø

Verdigrunnlaget til Stord Idrettslag, slik det er formulert i strategiplanen, skal vere førande for vår utvikling av idrettsmiljøet i laget; sitat :

*«Stord Idrettslag er ein arena for alle som vil oppleve fellesskap, utvikling og sportsleg meistring. I eit trygt og dopingfritt treningsmiljø prega av Fair Play kan ein nå sine ambisjonar på alle nivå. Aktivitetane og miljøet byggjer på respekt for den einskilde, er inkluderande og ivaretakande uansett bakgrunn.»*



### BEREKRAFT OG DET YTRE MILJØ.

I eit sirkulært perspektiv er målet å nytta alle ressursar best mogleg. Minst mogleg skal kastast som avfall, men haldast i eit kretsløp der resirkulering og gjenbruk fører til mindre behov for nye råvarer og reduserte utslepp av klimagassar.

Omgrepet «*berekraft*» er nytta i mange samanhengar og vert kommunisert og tolka på mange forskjellige måtar. Styret i Stord Idrettslag meiner at berekraft slik det vart lansert i Bruntlandkommisjonen sin rapport «*Vår felles framtid*» gir meining og forståing i eit heilskapleg og haldningsskapande perspektiv. I rapporten er berekraft definert som; «*utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.*»

Styret i Stord Idrettslag er ikkje kjend med at laget si verksemd påverkar det ytre miljø på ein negativ måte. Mykje av utandørsaktivitetane til Stord Idrettslag skjer på kunstgrasbanar med gummigranulat som fører til utslepp av granulat og mikroplast til naturen og sårbare resipientar via overvassleidningar. Det er Stord kommune som er eigar av alle kunstgrasbanane i Stord kommune, og som Stord Idrettslag leiger. Stord Idrettslag vil ta initiativ til å innleia ein dialog med kommunen om å setje i verk tiltak for å redusere forureiningsfaren frå kunstgrasbanane i løpet av 2021.

Stord Idrettslag ønskjer å arbeida aktivt for å redusera biltrafikk til og frå anlegga våre, og oppmodar alle medlemmer til å nytta sykkel eller ta i bruk «apostlenes hester» til og frå trening og kampar.

Eit av dei beste døma på berekraft er at Stord Idrettslag gjennom sitt dotterselskap VIDRIVE leverer overskotsenergi frå skeisebanen til dei kommunale bygga og den vidaregåande skulen på Vikahuagane.

Stord Idrettslag oppmodar alle medlemmar og støttespelarar til å gjere idretten til eit førebilde kor me alle tar eit tak for miljøet og ei berekraftig utvikling av samfunnet vi lever i.

### *Idrettsglede heile livet*

#### Stord mars 2021

Roy-Sverre Amundsen  
Styreleiar

Torger Tvedten  
Nestleiar

Anne Sissel Mugaas  
Styremedlem

Kjartan Grov  
Styremedlem

Kaja Skåtevik Skjønberg  
Styremedlem

Terje Aas  
Styremedlem



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 5 - ÅRSMELDING FRÅ HOVEDSTYRET

### PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

#### Bjørn Lindgård

##### Daglig leder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5994-4-481361

IP: 92.220.xxx.xxx

2021-03-26 08:59:12Z



#### Terje Aas

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5999-4-1295180

IP: 144.177.xxx.xxx

2021-03-26 09:05:08Z



#### Torger Magne Tvedten

##### Nestleder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5993-4-2147176

IP: 92.220.xxx.xxx

2021-03-26 09:12:33Z



#### Kaja Skåtevik Skjønberg

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5993-4-4376012

IP: 93.94.xxx.xxx

2021-03-26 10:00:02Z



#### Roy Sverre Amundsen

##### Styreleder

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5997-4-152087

IP: 85.200.xxx.xxx

2021-03-26 12:12:45Z



#### Anne Sissel Mugaas

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5993-4-2447592

IP: 85.200.xxx.xxx

2021-03-26 12:36:08Z



#### Kjartan Bjelland Grov

##### Styremedlem

På vegne av: Stord Idrettslag

Serienummer: 9578-5993-4-1742780

IP: 77.16.xxx.xxx

2021-03-26 16:56:11Z



Penneo Dokumentnøkkel: 7UPCA-QK725-5VMZZ-KC1TN-AK1YB-ZQJ8N

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

#### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



- |                  |                                           |
|------------------|-------------------------------------------|
| <b>Sak 6.1</b>   | <b>Årsmelding fra gruppene.</b>           |
| <b>Sak 6.1.1</b> | <b>Håndballgruppa</b>                     |
| <b>Sak 6.1.2</b> | <b>Friidrettsgruppa</b>                   |
| <b>Sak 6.1.3</b> | <b>Turngruppa</b>                         |
| <b>Sak 6.1.4</b> | <b>Skigruppa</b>                          |
| <b>Sak 6.1.5</b> | <b>Skeisegruppa</b>                       |
| <b>Sak 6.1.6</b> | <b>Volleyballgruppa</b>                   |
| <b>Sak 6.1.7</b> | <b>Idrettsmerket</b>                      |
| <b>Sak 6.2</b>   | <b>Årsmelding fra allianseidrettslag.</b> |
| <b>Sak 6.2.1</b> | <b>Stord Fotball</b>                      |
| <b>Sak 6.2.2</b> | <b>Stord Orientering</b>                  |
| <b>Sak 6.2.3</b> | <b>Stord Symjing</b>                      |





# ÅRSMELDING

Stord Idrettslag Handballgruppa 2020



### Årsmelding Stord Idrettslag Handballgruppa 2020



#### Styret 2020

- Leiar: Aksel Sæther
- Økonomi: Irene Røyrvik Loftheim
- Sportsleg leiar: Bjarte Straume Epland
- Event og utstyr: Franny Maria Bøthner
- Arrangementsansvarleg: Marthe Olsson
- Sosialt ansvarleg: Ellen Salomonsen

Styret har hatt månedlege styremøte i 2020. Det har òg vore ei rekkje oppmannsmøte for å sikra best mogleg informasjonsflyt og samarbeid i klubben.

#### Korona

Stord Handball sine lag kom nesten gjennom sine sesongar då Noreg stengte ned 12. mars 2020. I likskap med all annan idrett, vart resten av 2020 eit år kor me fekk prøva oss på ein kvardag som ingen andre har vore med på før. Sjølv sagt har koronaen definert heile 2020 for Stord Handball sin del, både med tanke på kamp- og treningsaktivitet – men og jobben med å halda engasjementet og motivasjonen til alle i klubben oppe.

Handballfestivalen 2020 vart som alle andre turneringar avlyst. I tillegg til å vera vår klart største økonomiske bærebjelke, var denne avlysninga noko som fall oss svært tungt for hjarta. All den positiviteten og engasjementet som festivalen bidreg med kvart år var noko som me alle kjende på saknet av.

Trass i ein noko uavklart situasjon, valde me å sjå framover og planla for ein normalisert 2020/2021-sesong. Me fekk tilsett ein ny heiltilsett dametrenar i Sebastian Bjørn Steffens, og me henta fleire ungguttar frå Haugesund og Danmark til herrelaget, samt som trenarar for lag i ungdomsavdelinga.

Me fekk heldigvis hjelp av dei sentrale kompensasjonsordningane til å dekkja tapet av ein avlyst Handballfestival, og saman med ekstra koronamidlar frå Sparebanken Vest og eit kjærkomment bidrag frå Ing. Øyvind Jørgensen, klarte me oss gjennom 2020 utan permitteringar. Dette var og eit uttalt mål, slik at me kunne nytta ressursane våre til å halda spelarane i sårt tiltrengt aktivitet under dei ulike fasane av nedstenginga av landet.

Me har heile tida vore klare på at me har oppfordra aktivitet i så stor grad som dei gjeldande retningslinene har tillete til ei kvar tid. Me har prøvd å halda optimisme og motivasjon oppe, og lagt til rette for og oppfordra til annan aktivitet i tider kor ein ikkje fekk bruka hall eller trenar i lag.

Me håpar at 2021 etter kvart syner teikn på betring, og at me snart kan leva i meir normale omstende kor me atter igjen kan driva aktiviteten vår fullt ut!

#### Økonomi

2020 vart for oss, som for alle andre, eit spesielt år. Økonomisk kjem me ut med eit overskot på om lag 160.000 kr. Overskotet kjem som eit resultat av vesentleg redusert aktivitet og utgifter, og ikkje minst takka vera gode støtteordningar via Lotteritilsynet og lokalt Koronafond frå Sparebanken Vest. Me har elles klart å halda treningsavgifta på same nivå som tidlegare år og har avholdt eit ekstra lotteri på slutten av året for å få opp inntektene. På kostnadssida sette me og i gong fleire tiltak i mars 2020 og kutta der me hadde moglegheit. Det viser godt igjen i rekneskapet at laga har hatt mindre aktivitet, og både reise/ utstyr og andre kostnader er gått vesentleg ned fra førre år.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

### Medlemstal

Klubben er som alle andre spente på i kor stor grad koronaen har påverka medlemstala, og me ser at dette ikkje kan målast heilt sikkert før me har opna opp 100% med all aktivitet... Me har vore påmeldt i ordinært seriespel (frå J/G10 og til og med senior) og minihandball for dei yngste, samt NM for senior og BRING-serien. Grunna korona har gjennomført seriespel vore svært avgrensa.

Alder	6-12	13-19	20+	Totalt
Jenter /Damer	143 (149)	101 (90)	68 (57)	312 (296)
Gutar / Menn	113 (121)	61 (53)	73 (73)	247 (246)
Sum	<b>256 (270)</b>	<b>162 (143)</b>	<b>141 (129)</b>	<b>559 (542)</b>

(Tal frå Idrettsregistreringa pr. 30.04.2020. Tal i parentes er for 2019)

### Ansatte

Ann-Helen Hareide har vore tilsett i ei 60% stilling på Handballkontoret i år som i fjor. Ho har mellom anna ansvar for dei vanlege kontoroppgåvene; faktura, omberammingar, dommarrekningar, minibuss, logistikk rundt eigne heimearrangement i hallen og ei rekke andre praktiske gjeremål i den daglege drifta. Ho kjem til å bli stadig viktigare som eit bindeledd mellom ulike utval og komitear i klubben i tida som kjem.

### Andre verv

På Regionstinget i Bergen i juni vart Bjarte Straume Epland vald inn som styremedlem for den kommande tingperioden. Franny Maria Bøthner vart samstundes vald inn i valkomiteen. Klubben er svært nøgd med å ha representantar inn i styret i Region Vest!

### Sosialt Utval

Sosialt ansvarleg er ein etablert del av styret i Stord Handball og skal sikra at klubben har fokus på miljø og samarbeid i aktiviteten og rundt klubben. Sosialt ansvarleg har ansvar for organisering av politiattestar for alle frivillige og dommarar i klubben, og deltek på foreldremøte, spelarmøte og liknande. I 2020 har den sosiale aktiviteten vore avgrensa grunna restriksjonar og smittevernsyn. Fokus har vore å oppretthalda lagkjensla, om enn i periodar berre digitalt, medan me venta på ordinær aktivitet. Ellen Salomonsen har rolla som sosialt ansvarleg i styret i Stord Handball.

### Kamparrangement

2020 starta som vanleg med ein normal og aktiv start på året. Som alt anna vart også handballen råka hardt av nedstengning og stans i aktivitet når Covid-19 kom med alt det førte med seg. Utover våren vart treningsaktivitetane så smått teke opp igjen og gjensynsgleda stor for barn og unge i klubben. Dei over 20 år har vist stor tolmod med mykje avgrensing i aktiviteten sin. Før seriestart 2020 vart det lagt ned mykje tid og tilrettelegging for at barne- og ungdomslaga skulle få avvikla trening og kamp på ein trygg måte. Sjølv om det har vore gjennomført få kampar, er avviklinga utført på ein særskild god måte der smittevern har stått i fokus. Klubben takkar foreldre og hjelpeapparatet rundt laga for det enorme og viktige bidraget!

Avgrensningar i publikum på heimekampane har gjort at JOYMO-streaminga frå Nye- og Gamlehallen har blitt viktigare og meir utbreidd. Stord Handball har nytta tenesta til å streama treningskampar i perioden uten seriekampar, og forventar at dette blir stadig meir brukt i kommande sesong.

### Handballskule

Rema 1000 Handballskulen i regi av Stord Handball gjekk føre seg tre dagar i vinterferien og tre dagar i haustferien. Handballskulen hadde aktivitet frå kl. 09.00 til kl. 15.00 med lunsjservering. Franny Bøthner har som tidlegare vore ansvarleg for desse skulane, som har hatt høvesvis 55 og 60 born frå 6 til 11 år i sving som deltakarar i vinter- og haustferien.



*Ein herleg bukett handballspelarar frå handballskulen våren 2020, før korona.*

Seniortrenarane Morten og Sebastian hadde ansvar for øktene i lag med våre eigne herre- og damespelarar som instruktørar, i tillegg til 4-6 spelarar frå ungdomsavdelinga som ekstra ressursar. Dette viste seg å vera ei god oppskrift for gjennomføring, då desse ungdommane vart eit bindeledd mellom instruktørane og borna. I haustferien fekk me prøvd oss på korona-tilpassa handballskule, noko som gjekk fint med eigne kohortar og eigne lunsj-personal. Desse dagane får me mange ivrige handballspelarar i aksjon, og det er ein viktig del av rekrutteringsarbeidet til klubben. Me er nøgde med både tal på deltakarar og interessa som blir vist for arrangementet.



*Ein herleg kohort handballspelarar frå haustens korona-tilpassa handballskule.*



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

---

### **Morgontrening**

Før nedstenginga 12. mars hadde me eit tilbod om skadeførebyggjande trening på morgonen kvar tirsdag kl. 06.45-07.45. Vår fysikalske ressurs Lisa Nyhammer har leia desse øktene og med det gitt eit godt tilbod med særskilt viktig trening for ungdommane fra 12 år og eldre.

### **Handballfestivalen**

Det er ingen tvil om at avlysinga av Handballfestivalen 2020 var den einskild-hendinga i 2020 som gav oss som klubb den største nedturen. I forrige årsmelding lova me fint vêr i pinsen 2020, og det innfridde me i alle fall på! Det var ei nydeleg helg kor heile øya bada i sol – og alt vart mykje tommare då me tenkte på den yrande aktiviteten på og kring Vikahaugane som ikkje var... Me har hatt fleire møter i arrangementskomiteen utover året, og lovar at me stiller utkvilte og veldig klare til å arrangera ein fantastisk festival i 2021 om me får lov☺

### **HAFO**

Barne- og UngdomsHAFO for 4.-10. klasse blei gjennomført 7. og 8. februar. Det var totalt 38 lag med i frå 4.-7.klasse og 16 lag frå ungdomsskulen i aktivitet denne helga. To kjekke dagar med mykje liv i alle tre hallane på Vikahaugane. HAFO hausten 2020 blei som dessverre mange andre arrangement flytta til våre 2021 grunna korona.

### **Mini-, kortbane- og barnehandball**

I 2020 hadde me 10 jentelag og 3 gutelag i minihandball (frå 6-8 år) på våren. Desse laga spelar på tvers av ein vanleg handballbane (20 x 12 meter) og har fire spelarar på laget (kor ein av desse er flygande målvakt). Ein nyttar her mjuke ballar og små mål. Dessverre vart alle minirundane avlyst hausten 2020 på grunn av pandemien.

Me hadde 11 jentelag og 4 gutelag i kortbanehandballen (9-10 år) på våren. Kortbanehandball er ein form kor ein spelar med fem spelarar (ein er flygande målvakt) på langs av ein vanleg handballbane kor det eine målet vert sett ca på midten av den eine banehalvdelen. Ein kortbane måler dermed om lag 30 x 20 meter og skal fremja motivasjon og involvering ved mange ballberøringar og stor aktivitet. Ein spelar med vanlege ballar og har vanlege mål med nedsenkt tverrliggjar.

Dette året hadde me seks jentelag og tre gutelag i barnehandballen (11-12 år) på våren og fire jentelag og fire gutelag på hausten. Desse laga spelar på full bane med seks spelarar (fast målvakt) og nedsenkt tverrliggjar i 11-årsklassen, medan 12-åringane spelar med fullt mål. I desse klassane spelar laga med resultatavle, men ikkje med tabell.

### **Ungdomshandballen**

Barne- og ungdomsavdelinga i Stord Handball hadde stor aktivitet fram til nedstenginga i mars 2020. Sett vekk i frå G15-klassen, hadde klubben lag for begge kjønn i alle årsklassar til og med G/J16, noko som er ei av målsetjingane til klubben. Hausten 2020 vart det oppretta to nye lag for fyrsteklassingane, og det er igjen stor interesse for å spela handball. Dessverre har 2020 vore prega av restriksjonar, eigentrening, avlysingar og skuffa barn og unge. Til tross for eit vanskeleg år er klubben stolt over å ha mange flotte menneske som snur seg rundt, tenkjer alternativt og ser på moglegheitene for å oppretthalda mest mogleg aktivitet innanfor gjeldande rammer. I dag er det om lag 500 spelarar i klubben, og me er nøgde med innsatsen dei vaksne rundt laga har gjort for å halda på flest mogleg barn og unge i klubben.



### Ungdomshandballen forts.

Klubben sin sportsplan har vorte meir kjent i laga og vert flittig brukt blant mange av dei vaksne rundt laga. Klubben har eit sportsleg utval som har ansvar for at klubben er på rett veg og jobbar i tråd med klubben sine normer og målsetjingar. Sportsleg utval har stor tru på arbeidet med å byggja klubben mest mogleg robust ved å utvikla og vidareutvikla trenarar og andre eldsjeler i klubben i eit tettare samarbeid. Det finst mange kompetente personar i klubben og det blir viktig å bruka personane og deira engasjement mest mogleg riktig. Det er gledeleg at klubben det siste året har engasjert fleire kjente og meir ukjente personar til ulike roller. At fleire seniorspelarar har gjort ein flott jobb som trenarar er eit viktig tiltak for å kunne gje eit kvalitativt godt tilbod til alle laga, særleg ungdomslaga. Sjølv om klubben har engasjert fleire trenarar og har denne sesongen lukkast med å sikre at alle laga har kompetente trenarar, er det framleis ei utfordring å få trenarane til å starte opp med trenarutdanning. Klubben vil fortsetja å leggja til rette med trenarverktøy og utdanning og prioritere dette arbeidet høgt framover.

Som eit sentralt tiltak for å løfta alle laga i klubben i tråd med sportsplanen og målsetjingane i klubben, tilsette klubben våren 2020 Sebastian Bjørn Steffens som fulltids trenarressurs. Klubben har frå sommaren hatt to fulltidstrenarar. Steffens har ansvaret for damelaget og damesida i klubben, medan Morten Moldrup har hatt ansvar for herrelaget og nedover herresida. Sportsleg utval hadde ynskt at me i klubben hadde kome lenger i arbeidet med fellesskapet mellom trenarane og ei tettare oppfølging av dei ulike miljøa. Dei ulike restriksjonane for smitte har vore hovudårsaka for at tiltak har vorte sett på vent, og me ikkje har kome like langt som ynska. Samstundes ser me at me heile veggen kan bli betre og få endå meir ut av ressursane i klubben.

Sportsleg sett gjer barne- og ungdomslaga det jamt over godt i sine seriar, og me ser at fleire ungdomslag kjempar i toppen av regionsseriene. Spelarane arbeidar godt med trygge, engasjerte vaksne rundt seg. Etter nokre år utan deltaking i nasjonale seriar lukkast G16 hausten 2019 å kvalifisera seg til Bringserien. Gutane får med deltaking i Bringserien utvikla seg mot dei beste 16-årslaga i Noreg, byggja samhald og får vist seg sjølve og klubben fram. Det er og gledeleg å sjå at mange av spelarane på både jente- og gutesida i 15/16-årsklassen vart teken ut til ulike utviklingsmiljø, noko som er eit resultat av god jobbing over tid.

G16-laget vårt spela to rundar i den nasjonale Bringserien før sesongen brått vart avslutta. Éin av desse rundane vart spela heime på Stord. Til tross for tap både mot Ros og Klæbu vart kampane på Vikahaugane ei positiv oppleving for spelarane og for alle som såg på. Gutane kjempa godt føre eit entusiastisk publikum! Stord stod att med éin siger på seks kampar då serien vart avslutta.

Klubben har hatt Mikael Sjøgaard engasjert som målvaktsressurs. Han har hatt vekentlege økter med målvaktene til ungdoms- og seniorlaga i klubben. Erfaringane våre er mellom anna at målvaktene våre blir betre skulert teknisk/fysisk/taktisk. Dette arbeidet er svært viktig å fortsetja med og vidareutvikla dei komande åra.

Klubben er trygg på at det er riktig strategi å jobba målretta over tid. Dette er eit krevjande arbeid som har og vil kosta mykje tid og ressursar. Samstundes som klubben skal leggja til rette for gode utviklingsmiljø for dei barna og ungdommane med høge ambisjonar, skal Stord Handball også vera dyktige på å leggja til rette for gode tilbod for dei med mindre ambisjonar. Stord Handball skal vera ein klubb for alle, og kjerneverdiane *vilje*, *samhald* og *respekt* skal haldast høgt. Klubben skal visa **vilje** til å etterstreva å leggja til rette for eit best mogleg trenings- og kamptilbod for alle. Me vil styrkja **samhaldet** på tvers av laga og jobba for at alle kjenner ei tilhørslse til laget sitt. Vidare skal alle i klubben visast **respekt** uavhengig av bakgrunn og ambisjonsnivå.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.1 - ÅRSMELDING HANDBALLGRUPPA

---

### **Spelarutvikling**

I januar vart det for første gong avvikla Bylagssamling på Stord for 15-åringane! Me arrangerte ei kjekk helg for Bylags-troppane for både jente- og gutelaget på Vikahaugane, kor me innlosjerte spelarane på Stord Ungdomsskule og hadde dei i trening i Nye- og Gamlehallen i to dagar. Morten Moldrup jobba svært bra for å få lagt samlinga til Stord, og me hausta gode tilbakemeldingar fra Region Vest etter samlinga.

Etter at pandemien braut ut har det ikkje vore spelarutviklingstiltak i regi av forbundet eller regionen, men me rakk å få med nokre samlingar for våre aktuelle spelarar.

### Bylag 2004

På jentesiden vart Selma Skår Lande teken ut til Bylaget som representerte Region Vest i NM i Stavanger i februar.

Av gutespelarar vart Herman Hammer Aadland, Ola Matre Hagenes, Nicholas Kaldråstøyl Valenza, Andreas Koløy, Theodor Haugland Kvernenes, David Borgenvik Hansen og Jon Aksel Bruun-Nygård tekne ut til Bylagsturneringa, medan Eiliv Solbakken og Håkon Loftheim vart tekne ut som reservar til same turnering.

### Regionale Landslagssamlingar (RLK- og RLM)

Selma Skår Lande har vore på samling med RLK04, medan Andrea Sjo Holm og Linnéa Grov Nøkkling har vore på samling med RLK02.

Lukas Jonsson, Lukas Skjønberg, Andreas Koløy og Eiliv Solbakken har vore på samlingar med RLM04, medan Jørgen Lunde Flotve og William Sæther har vore på samlingar for RLM02.

### Landslagssamlingar (LK- og LM)

Eiliv Solbakken, Theodor Haugland Kvernenes, og Nicholas Kaldråstøyl Valenza har vore på landslagssamling med LM04. Jørgen Lunde Flotve har vore med LM02-landslaget gjennom heile våren.



### Damelaget

12. mars vart sesongen til damelaget avslutta. Laget enda på 6. plass etter 18 spelte kampar og hadde ein teoretisk moglegeheit til å rykke opp til 2. divisjon. Sebastian Bjørn Steffens overtok som trenar for damelaget og har fått eit svært krevjande år saman med laget. Med seg i trenarteamet har han hatt med seg Thomas Nøklung og Tomasz Świącki. Sistnemnde har hatt ansvar for den fysiske treninga frå J14 til og med seniorane, og har vore ein viktig person i eit år der det har vore unormalt mykje fysisk trening. Marita Nysæter overtok oppmannsjobben føre årets sesong etter Tonje Aamot Haga.



*Dametrenar Sebastian Bjørn Steffens*

Damelaget fekk ikkje trena handball med fullkontakt frå og med mars. Det har vore krevjande for damene som har veksle mellom å trena individuelt, felles ute og felles inne med avstand. Klubben melde i haust på eit J20-lag slik at dei under 20 år kunne få spele kampar i periodane det var opning for det. Spelarane under 20 år har i periodar i haust fått trena handball som vanleg og fått spelt nokre kampar.

Damelaget har og eit lag i 5. divisjon som ikkje har spelt ein einaste kamp denne sesongen. Laget avslutta på 7. plass då førre sesong vart avslutta i mars.

Det gror godt på damesida og det kjem jamt med spelarar opp til damegruppene. For å nå målsetjinga om å spele i ein av dei to øvste divisjonane i 2026 er det viktig at klubben vert endå betre i utviklinga av eigne spelarar og å rekruttera dei rette spelarar utanfrå. Det vert viktig å ta vare på spelarane lengst mogleg og leggje til rette for best mogleg utvikling. Samstundes skal klubben vera ein viktig arena og ha tilbod for dei som ynskjer å spela handball utan mål om å verta best mogleg.



### Herrelaget

Herrane til Stord enda på 5. plass etter 16 spelte kampar då sesongen vart avslutta 12. mars. Våren vart annleis også for herrespelarane, og oppkøyringa vart i all hovudsak prega av individuelle fysiske økter. Morten Moldrup har vore hovudtrenar og hatt med seg Rune Skjærvold og Tomasz Świącki i trenarteamet. Tomasz har hatt ansvar for den fysiske treninga frå G13 til og med seniorane.



*Fysisk trenar Tomasz Świącki*

Klubben styrka herrelaget med heile sju nye spelar føre årets sesong. Fire spelarar frå Haugalandet og tre frå Danmark. Saman med resten av spelarane i laget har dei framleis ikkje fått spela ein kamp denne sesongen. På grunn av at herrelaget spelar ein divisjon høgare enn damelaget (2. divisjon), har herrelaget periodevis fått lov til å trenar handball med fullkontakt.

Stord sitt andrelag rykka opp til 3. divisjon før pandemien braut ut. Dette er svært gledeleg og i tråd med klubben sitt arbeid med å gje matching på eit høgast mogleg nivå. Me er overtydd om at dette gjev vinst på sikt. Laget vart leia av Ingemar Olsson med god hjelp i frå Bjørn Lindgård. Denne hausten har det ikkje vore kampar i 3. divisjon.

Rune Loftheim, Even Flotve og Sigbjørn Almås avslutta som oppmenn for seniorlaga på herresida etter førre sesong. Dei har vore viktige bidragsytarar for at spelarane kan prestera på trening og i kamp. Andre Skjønberg tok over jobben føre årets sesong. Kiropraktor Lisa Nyhammer er klubben sin fysikalske ressurs og behandlar både dame- og herrelaget, samt legg til rette for skadeførebyggjande trening. Lisa har vore med klubben i fleire år, og har god dialog med spelarane for å sikra det medisinske tilbodet.

Klubben kjem til å ha hovudfokus på å utvikla eigne spelarar også dei komande åra. Det er heilt sentralt at ein i framtida må arbeida endå betre med å utvikla eigne spelarar til eit høgare nasjonalt nivå. Klubben er såleis overtydd om at langsiktig og kontinuerleg arbeid i ungdomsavdelinga er den einaste måten ein kan kjempa klubben opp igjen i divisjonssystemet på. Samstundes treng herregruppa å få inn spelarar utanfrå som kan styrkje byggjinga av ein god treningskultur og auka kvaliteten i gruppa. Klubben jobbar parallelt med å halda på dagens spelarstall og å rekruttera nokre nye spelarar for neste sesong. Klubben ser etter svoltne og motiverte spelarar som kan vera kulturbyggjarar i gruppa.



### **Stord United (Tilrettelagt Handball)**

Stord United har denne sesongen hatt mindre, og i periodar ingen, felles aktivitet. Me fell innanfor del aller fleste pandemi-restriksjonar for seniorlag, og valte å tenka alternativt. Me fall ned på at petanque kunne vera eit god alternativ til å i det minste oppretthalda kontakt med kvarandre. Stord Petanqueklubb stilte viljyg opp, og me spela petanque utanfor Stord Kulturhus kvar tysdag i eit par månader. Dette er ein aktivitet denne gjengen meistra i stor grad, og me kjende samstundes at dette var trygt med tanke på smittevern. Stord United er særst takksam for at Stord Petanqueklubb med stor dugnadsand og hjertevarme kunne stilla opp for oss i denne perioden.

Etter at vinteren og mørketida kom, vart det utfordrande å vidareføra aktivitet utandørs. Etter ein månad med opphald i fellestrening, fekk me til eit samarbeid med herre- og damegruppa som gjorde det mogleg for oss å trenast innandørs ein periode. I og med at me ikkje kunne driva med fullkontakt, hadde me fokus på rørsle og ballkontroll. Det var heilt essensielt for oss å ha mange trenarar på kvar økt for å få dette til, og me er imponerte over måten herre- og damegruppa tok denne utfordringa på. Det var både kjekt og rørande å sjå kor godt samhald det var på trening i denne perioden. Oppgangen i smitte lokalt i kommunen gjorde at me kort tid før julefeiring avslutta aktivitet innandørs og me har ikkje hatt felles aktivitet etter dette.

Stord United er ein allsidig og ikkje minst innhaldsrik gjeng. Det krev at ein ikkje kan opptre like spontant som i andre grupper. Me har allereie vore gjennom ein krevjande periode og pandemien har utfordra kvart eit menneske, men det har vore særst utfordrande for denne gjengen som i mange tilfelle opplever eit strengare smittevern i kvardagen. Då er struktur eit nøkkelord, og som lag må me bidra til at ting går slag i slag, ikkje i «dann og vann». Kvardagen kjem til å letta på seg framover og Stord United er motivert til å starta på igjen.

Trenarar for årets sesong er Sigurd Sævareid, Henriette Thorsen og André Skogvold. Lagleiar for laget er Aina Skogvold, med Unni Dalsbotten som supersupportar og «altumuligdama». Odd Ståle Larsen fungerer som sikker bussjåfør.

Avslutningsvis siterer me ein av våre slagferdige spelarar Stig Økland: «Eg ser trenaren heller ikkje har vore i aktivitet...»

### Dommarar

Me jobbar framleis godt med dommarutvikling i Stord Handball. I september dømte Veronica Essajee og Camilla Olsen sin første kamp i Rema 1000-ligaen for kvinner. Dei fekk og fleire kampar i øverste divisjon for kvinner, mellom anna kampen mellom Vipers og Aker.

Preben Andersen og Louis Runge er med i ei utviklingsgruppa til NHF, og er eit av dommarpara for framtida! Debuten i 2. divisjon lar dessverre venta på seg. Pandemien utsette denne først til mars – så til september... Me håpar dei får debuten sin så snart som mogleg i 2021!

3. september hadde me dommersamling på Stord. Camilla og Veronica stod for ei økt med teori og reglar før dommarane fekk ei praktisk økt i hallen med fokus på fløytebruk og plassering på banen. Det var veldig kjekt at me fekk hatt denne sosiale samlinga som vart avslutta med vel fortent pizza til dommarane.



*Camilla og Veronica er gode forbilder for våre dommarar*

Koronaen har bidratt til at ein måtte tenka nytt. I haust kunne ein ta dommarkurs digitalt, noko me er svært glade for. Lars Engevik Hatlevik og Heine Moe Larsen tok i haust Dommar 1-kurs på nett, men har dessverre ikkje fått gjennomført den praktiske delen. Me håper dei får tatt denne snart. Då vil dei ta steget opp frå minihandball og kunna dømme i 12-årsklassen og opp til 15-årsklassen.

Me har mange dommarar som gler seg til handballaktiviteten startar opp igjen. Franny Bøthner har i år som i fjor vore klubben sin dommaransvarleg, og gjort ein svært god jobb for å utvikle dommarmiljøet i Stord Handball. Me har som målsetting for 2021 å arrangera nytt barnekamplederkurs.



### Vegen vidare

Me finn oss sjølv i usikre tider, og klubben har sterk tru på at me har staka ut ein god og, for oss, riktig kurs på vegen opp til toppen av norsk handball. Me kjem til å jobba kontinuerleg med å utvikla organisasjonen slik at den til ei kvar tid er best mogleg rusta til å løysa oppgåvene framover. Dette kjem nok til å visa seg gjennom meir bruk av utval med ansvar for dei ulike områda i klubben – for å sikra oss nok ressursar til å utføra stadig vekk fleire oppgåver.

Me kjem aldri til å gå på kompromiss med verdiane våre, særskild knytt opp mot økonomi. Stord Handball skal nå sine mål innanfor trygge og gode rammer.

Klubben legg bak seg eit utfordrande 2020, og innser at mykje av 2021 kan bli liknande for oss. Me håpar og trur samstundes at me ser lys i tunnelen, og at me kan snarast mogleg atter ein gong kan kosa oss i hallen med det me synest er kjekkast av alt; handballen!

### VILJE – SAMHALD – RESPEKT

Styret i Stord Handball, Stord 17.02.2021

Aksel Sæther  
(Styreleiar)



Irene R. Loftheim

Franny Bøthner

Ellen Salomonsen

Bjarte S. Epland

Marthe Olsson



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

\*\*\*\*\*

### ÅRSMELDING 2020

### FRIIDRETTSGRUPPA SIL

\*\*\*\*\*

#### STYRET

Styret i friidrettsgruppa for 2020 har vore

Styreleiar	Runar Øvrebø
Sportsleg leiar og sektor økonomi	Nils Hetleflåt
Sektor anlegg og utstyr	Asle Skulstad
Styremedlem	Mats Tønning
Styremedlem	Harald Kårbø
Styremedlem	Geir Aasheim
Ungdomsrepresentantar:	Anna Solheim
	Julian Skimmeland Aasheim
Dagleg leiar	Tom Erling Kårbø

Det har i 2020 vore halde 10 styremøter.

#### MEDLEMMENE

Friidrettsgruppa hadde pr.31.12.2020 totalt: 107 medlemmer (2019=93) fordelt på:

	<u>&lt;12 år</u>	<u>13-16 år</u>	<u>&gt; 17 år</u>	<u>SUM</u>
Kvinner	18	12	4	34
Menn	<u>27</u>	<u>7</u>	<u>39</u>	<u>73</u>
SUM	45	19	43	107

Medlemstalet for friidrettsgruppa har auka i 2020 og er på 107 medlemmer, i 2019 var me 93 medlemmar. Me må stadig vere flinke i å rekruttere nye til å begynne med friidrett. Me har normalt fleire sjansar gjennom Parkløpet, sentrumstafetten og Tinstafetten, men i 2020 vart alle desse arrangementa avlyste grunna Covi-19. Det er framleis god oppmøte blant dei yngste i gruppa vår.

Friidrettsgruppa har registrert 11 krinsdommarar, 8 krinsdommaraspiranter, 2 hoppaspiranter, 1 kretsstartaraspirant og 3 forbundsdommarar (FD) p.r. 31.12.2020. Friidrettsgruppa slit med å få tak i kvalifiserte trenarar innanfor nokre øvingsgrupper, slik at me klarar ikkje å ha eit optimalt tilbod i alle øvingsgruppene. I 2020 har fleire av ungdomsutøvarane våre teke del i treningane for dei yngste som trenarar. For at friidrettsgruppa skal få ytterlegare framgong og tilby utøvarane sine gode treningsbetingelsar, må det satsast på utdanning av nye trenarar og vidareutdanning av dei eksisterande. I tillegg er me avhengig av samarbeid med andre lokale klubbar, Bremnes IL og Fitjar IL, som kan tilby hjelp i øvelsar som me ikkje er godt nok forspent på.

Stord IL-friidrett vart tildelt økonomisk støtte frå Friidrettens Venner etter å ha sendt inn ein søknad om treningssamarbeid med Bremnes IL og Fitjar IL på helgesamlingar og desse vart gjennomført i Deep ocean Arena i Haugesund.



### SEKTOR ØKONOMI

Året 2020 har gitt eit positivt resultat på vel 220000,- kroner, før avskrivningar. Grunnen til dette høge resultatet er Covid-19 som inntraff i mars 2020. Sunnhordland maraton hadde fått nær 600 påmeldte løparar, men arrangementet vart avlyst. Dermed fekk me startkontingenten, men me sparte mykje utgifter grunna me ikkje trengte gjera bestillingar samt at me fekk tildelt Covid-19 støtte. Mange av deltakarane flytta påmeldinga til 2021 (nær 200 løparar) slik at klubben vil mista ein stor andel av startkontingentetn for 2021. I tillegg fekk klubben Covid-19 støtte og for Stordleikane som vart amputert. Klubben har ein god økonomi, noko som viser att i balansen.. Driftsutgiftene for 2020 har vore på ca 690 000,-.

Sjå vedlagt rekneskap og budsjett.

### SEKTOR ARRANGEMENT

I 2020 har friidrettsgruppa gjennomført følgjande større arrangement:

	<u>DATO</u>
Hallstemne	25.01.2020
Bru- og halvmaratonløpet	12.06.2020
Stordleikane	08.08.2020
Stordløpet	06.09.2020
Fossatrappo Opp	19.09.2020

I tillegg har me arrangert fleire hoppstemner innandørs.

Stordleikane vart i år arrangert på ein dag, kor arrangementet var delt opp i 3 grupper og det skyldast Covid-19 pandemien. Sidan arrangementet gjekk over ein dag i staden for den vanlege normen på 3 dagar så var det ein liten nedgang i deltakartalet, men det var auke i dei eldste årsklassane.

Stordløpet gjekk av stabelen for 43.gong i år, og er eit tradisjonelt skogsløp. Bru-og halvmaratonløpet har ein fin stigning i deltakarar og med den nye joggebølga som er i samfunnet i dag så er dette eit løp som har eit større potensiale på Stord. Det krev at me må starta tidlegare å reklamera for dette arrangementet, slik som det vert gjort for Sunnhordland maraton. Begge desse arrangementa vart gjennomført med visse restriksjonar grunna Covid-19, men det viktigaste var at dei vart arrangert. Motbakkeløpet Idrift Challenge:Fossatrappo Opp, som vert arrangert i slutten av september, slit med å samla dei store massane og det er plass til fleire løparar i den flotte fjellheimen her på Stord



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

---

### SEKTOR IDRETT

Friidrettsgruppa har mange gode prestasjonar å sjå tilbake på i 2020 sjølv om det vart ein amputert sesong med mange avlysningar på både bane og gateløp, og alle internasjonale meisterskap vart avlyst eller utsatt. I tillegg så drog klubben på ei utvida helgesamling i vinterferien til Sandnes med 8 ungdommanar i alderen 15-19 før Covid-19 pandemien slo ned i Noreg og fekk ei god trening- og sosial samling som bygde samhaldning i gruppa. Her er dei beste resultatane som utøvarar har oppnådd i løpet av 2020:

- Barcelona halvmaraton 16.februar: Pernilla Eugenie Epland 73,12 min, som var betre enn EM-kravet på distansen
- NM senior på Fana Stadion: Harald Kårbø vann 3000m hinder på tida 8,52,47, medan Jacob Vaula sprang inn til 3.plass på 100m med tida 10,84 og Julian Skimmeland Aasheim sprang inn til 3.plass på 110m hekk med tida 15,14.
- Junior-NM i Kristiansand: Jacob Vaula sprang inn til seier på 100m med tida 10,91 og bronse på 200m med tida 22,25
- UM15-17 på Jessheim: Julian Skimmeland Aasheim vann følgjande øvelsar 110m hekk, 300m hekk og tresteg, medan Erlend Hatlem Kringeland (17) sprang inn til 3.plass på 2000m hinder, Anna Solheim (16) sprang inn til 3.plass på 80m hekk og Sofie Skard (16) sprang inn til 3.plass på 300m hekk.
- Innandørs-NM Bærum Idrettspark: Julian Skimmeland Aasheim vann høgde utan tilløp i junior klassen med resultatet 1,67m, som var ny meisterskapsrekord.

### Senior/Junior

I innandørs NM i Bærum Idrettspark, Bærum 2.-3.2 2020 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Jacob Vaula	60 m	Nr.6	6,95 7,02-h2; 6,94-sf2
Julian Skimmeland Aasheim (17)	Høgde utan tilløp	Nr. 1	1,67m MR (junior)

I senior-NM på Fana stadion, Bergen 18.-20.9 2020 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Harald Kårbø (28)	3000m hinder	Nr. 1	8,53,11
Julian Skimmeland Aasheim	110m hekk	Nr. 3	15,14
Jacob Vaula (19)	100m	Nr.3	10,84 (fin)/11,17 h-1/10,85 sf-2
	200m	Nr 4	22,10 (fin)/22,45 h-1/22,17 sf-3
Lars Lunde (22)	5000m	Nr. 40	15,02,22
	1000m	Nr. 35	31,37,04





**Bilete 1: Harald Kårbø vert intervjuet av NRK etter seieren på 3000m hinder under NM på Fana (Foto: Nils Hetleflåt)**

På junior-NM i Kristiansand 23.-25.8.2020 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plasseringar:

MJ-19	Jacob Vaula	100m	Nr. 1 10,87 (11,34 h-1)
		200m	Nr. 3 22,20 (22,37 h-2)
	John Arild Torkelsen	100m	Nr. 17 11,94 h3-5
		200m	Nr. 18 23,58 h2-7

I den landsdekkjande serien for kvinner vart Stord nr. 40 i 3.divisjon med poengsummen 8510 (16 res) (2019= 107 06poeng 20.plass (19 res)).

I den landsdekkjande serien for menn vart Stord nummer 2 i 2.divisjon, med poengsummen 18387 (25 res) (2019=20803 poeng 10.plass (30 res)) og rykker med det opp i 1..divisjon.

### Veteraner:

I veteran NM innandørs i Leikvanghallen, Bergen 29.2-1.3 2020 oppådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Per Gregersen (50-54)	60m hekk	Nr. 1	10,07
	Stav	Nr. 1	3,25m
	800m	Nr. 2	2,30,22
Oddvar Hårde (50-54)	Kula	Nr. 1	12,51m

I veteran NM mangekamp (10-kamp) på Fagernes 8.-9.8 2020 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Oddvar Hårde (50-54)	Nr. 1	5149 poeng (13,85-,4,64-11,20-1,49-63,77-19,55-35,93-2,10-38,15-6,17,40)
----------------------	-------	--------------------------------------------------------------------------





# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.2 - ÅRSMELDING FRIIDRETTSGRUPPA

---

Per Gregersen (1970) satte norsk innandørsrekord i stav for aldersgruppa 50-54 med resultatet 3,41m og Oddvar Hårde (1969) satte norsk rekord i stav utandørs for samme aldersgruppa med resultatet 3,56m

I krinsserien vart herrelaget nr 1. i 3 divisjon med 9916 poeng på 15 resultat (2019= 4241 (7 res)) og rykker opp i 2.divisjon

### Jenter/Gutar

I Ungdoms-NM innandørs i Rudhallen i Bærum 6.-8.3 2020 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Anna Solheim (16)	60m hekk	Nr. 8	9,64 (9,52 – h1-2)
	Kula (3kg)	Nr. 2	10,99
Sofie Skard (16)	Høgde	Nr. 5	1,57m
	60m hekk	Nr.5	9,41(9,41- h2-2)
	Høgde	Nr. 7	1,52

I ungdoms-NM mangekamp (7-kamp) på Fagernes 8.-9.8 2020 oppnådde Stord sin utøvar følgjande resultat og plassering:

Anna Solheim (16)                      Nr.1    4063 poeng (12,65-1,53-11,12-27,69-4,26-31,22.2,42,60)

I Ungdoms-NM på Jessheim 28-30.8 2020 oppnådde Stord sine utøvarar følgjande resultat og plasseringar:

Julian Skimmeland Aasheim (17)	300m hekk	Nr. 1	38,63
	Tresteg	Nr. 1	13,80
	110m hekk	Nr. 1	14,55
	200m	Nr. 7	22,91 (22,68 h-2)
Erlend Hatlem Kringeland (17)	2000m hinder	Nr. 3	6,11,48
	800m	Nr.10	2,00,91
	3000m	Nr. 6	8,43,18
Eirik Natvik (15)	100m	Nr. 14	12,17 h-5
	200m	Nr. 10	24,49
Anna Solheim (16)	Diskos	Nr. 3	31,36m
	Kula	Nr. 4	10,97m
	Høgde	Nr.5	1,55m
Sofie Skard (16)	80m hekk	Nr. 3	11,93 (12,20 h-2)
	300m hekk	Nr. 3	48,71
	80m hekk	Nr. 4	12,72 (12,59 h-3)
	Tresteg	Nr. 6	9,96m



Bilete 2: Stord sine utøvarar i UM 15-17 på Jessheim. Frå venstre: Erlend H. Kringeland, Anna Solheim, Julian S. Aasheim, Sofie Skard og Eirik Natvik (Foto: Nils Hetleflåt)

Følgjande vann krinsmeisterskap i 2020:

Sofie Skard (16)

Lengde utan tilløp, Høgde utan tilløp

### Krinsserien

Jentene sitt 1.lag kom på 2.plass i 1.divisjon med poengsummen 30702 poeng på 40 resultat (2019= 36469 (48 res)) og rykker opp i elitedivisjonen i 2021.

Gutane sitt 1.lag vann 1.divisjonen med poengsummen 41596 på 50 resultat (2019= 49287 poeng (60 res)) og rykker opp i elitedivisjonen i 2021.

### Trenarar:

Gutar/jenter < 11 år

Erlend Hatlem Kringeland , Julian Skimmeland  
Aasheim, Nils Hetleflåt.

Gutar/jenter (12-15 år)

Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetleflåt

Gutar/jenter (> 16 år)

Åge Bjelland, Ulf Bloch, Nils Hetleflåt



**Bilete 3: Åge Bjelland mottar blomst etter utnemnelsen som årets trenar i Hordaland Fri-idrettskrets. (Foto: Runar Øvrebø)**

### Utmerkingar

Det vart ingen "premiefest" i 2020 grunna Covid-19 restriksjonar og utmerkingar vil verte utdelt i 2021:

"Beste gut"	Julian Skimmeland Aasheim
"Beste jente"	Anna Solheim
"Mest allsidige gut"	Erlend Hatlem Kringeland
"Mest allsidige jente"	Anna Solheim

Gullmerket (over 1000 tyrvingpoeng) vil verte utdelt til følgjande utøvarar for sine resultat: Julian Skimmeland Aasheim (17) for 38,63 på 300m hekk, Erlend Hatlem Kringeland (17) for 6,11,48 på 1500m hinder, Jacob Vaula (19) 10,84 på 100m og Anna Solheim (16) for 11,93 på 80m hekk.

### Lagsrekordar

Pernilla Eugenie Epland	½-maraton	73,12 min	16/2
Jacob Vaula	100m	10,87	23(8)
	100m	10,84	18/9
	200m	22,10	20/9 (tang)



Julian Skimmeland Aasheim	Høgde utan tilløp	1,67m	2/2
	110m hekk	15,14	20/9 (tang)

### **Samandrag**

Sportslege prestasjonar, jubel og glede har blitt sett på vent sidan Norge stengte ned den 12. mars 2020.

Smittervernreglar og restriksjonar har gjort det vanskeleg å drive med vanlege treningsaktivitetar og arrangement. Motivasjon har blitt sett på ein kraftig prøve. Særleg for våre aktive og trenarar har dette blitt eit tungt år. Det har bydd på mange utfordringar for å få til ein tilpassa og mest mogleg normal-treningskvardag. Her har det handla om «sprinting», avstand og kraftige reduksjonar i talet på deltakarar. Vi har møtt på stengte hallar og grenser. Meisterskap har blitt avlyst og blitt sett på vent. Nytt håp har blitt tent gjennom vaksining som forsøk på å slå ned pandemien. Men ting tar tid og vi må nok bruke litt av 2021 for å nærme oss ein normal kvardag. Der vi kan få sleppe jubelen laus og sjå våre flotte utøvarar utfolde seg i sunn kappestrid, og høyre jubelen frå eit engasjert publikum. Det vil bli som å sleppe vårkåte kalvar på beite med mykje energi som skal ut. Vi får håpe på ein kraftig opptur og ei tilstrøyming til alle våre arrangement.

Sjølv om 2020 har blitt prega Covid 19 og nedstenging så har Stord Friidrett sett sitt preg på dei nasjonale friidrettsbanane.

Den største oppturen kom på Fana stadion under NM. Etter sju magre år og mange skader og nedturar kunne Harald Kårbø spurte inn til NM-gull på 3000 meter hinder på 8,53,11.

Tolmodig har Harald bygd seg opp og er no klar for å sikte seg inne på større mål, både nasjonalt og internasjonalt. Stil-løparen frå Langevågen er topp motivert for å satse for fullt og klar for pese storebror Tom Erling.

Ungdommane våre Jacob Vaula og Julian Skimmeland Aasheim sette og Stord på kartet med sine fantastiske løp under NM på Fana stadion. Jacob med ny pers på 10,84 og bronsemedalje på 100 meter. I sin NM-debut klinte like godt Julian til med same valør på 110 meter hekk med tida 15,14 og med dette tangerte han klubbrekorden til Arne Steinsvåg. Radarparet Vaula og Skimmeland Aasheim sette og sitt preg på Jr.-NM og UM med sterke prestasjonar. Mil slukaren Erlend Kringeland trenar mykje og hardt, og fekk fortent med seg bronse på 2000 meter hinder på Jessheim Stadion. I same meisterskap følgde Anna Solheim og Sofie Skard opp med finfine 3.plassar på 80 meter hekk og 300 meter hekk.

Pernilla Epland opna og idrettsåret forrykande i februar med å klara kravet til EM på halvmaraton på tida 73,12 min i Barcelona. Men uheldigvis for Pernilla har skader sett sitt preg på friidrett-sesongen for ho. No håper vi at langdistansedronninga vår kan satse for fullt i 2021.

Utan Sunnhordland Maraton og med eit amputert Stordleikene så har vi mista viktige inntekter for gruppa vår. Men positive bidrag frå eit lokalt hardt pressa næringsliv og gode kompensasjonsordningar frå sentrale myndigheiter så har vi ridd stormen av reint økonomisk. Vi har musklar til å satse for fullt i åra som kjem. Motivasjonen for å skape fest i sentrum og få fram jubelen på Stord stadion er høg. Vi er og klare for å leggje til rette får å satse både på bredde og topp .

For å lukkast i det arbeidet må vi ha dyktige trenarar. Det fekk vi eit klart bevis for i 2020. Vår trufaste og dyktige trenar Åge Bjelland blei på årsmøte i Hordland Friidrettskrins hylla som årets trenar. Fullt fortent gjennom hans virke for klubben vår har han «ala» opp og fått fram nye talent , som har teke steget frå junior til senior-nivå. Med blikk for viktige detaljer



og ein tolmodig tilnærming har Åge sett sitt kvalitetsstempel. Vi er privilegerte som har Åge i vår klubb.



**Bilete: Nils Hetleflåt på sykkel og Erlend Hatlem Kringeland. (Foto: Eirik Strømme Spjeld)**

I same posisjon vil vi stille Nils Hetleflåt. Sjølv om Norge har stoppa opp under pandemien så har ikkje Nils slutta sitt virke. Like engasjert trør han rundt på sin sykkel med utøvarar på hjul. Både seint og tidleg og året rundt. Ingen legg ned fleire timar for friidretten i Stord. Dette har ikkje gått upåakta hen frå Norges Friidrettsforbund. Nyleg blei han plukka ut som fagansvarleg for rekruttlandslaget for mellom- og langdistanseløparane. Vi er ikkje i tvil at Nils er den rette til den jobben og han har både lang røynsle og kompetanse så det held. For Stord Friidrett er det eit kvalitetsstempel å ha Nils og Åge i sin trenarstab. Som styreleiar har og året blitt spesiell. Mange av våre styremøte har gått på teams. Savne av det sosial, årsfestar og pizza på Frugård med våre trufaste slittrarar har gått i vasken. Vi har mykje vi skal ta att både på bane og utafør. Vi er klare til å ta kvardagen tilbake. Måtte den komme fort.

Takk til alle som har heldt motet oppe. No skal vi samlast for å sleppe ut masse oppsamla energi og ikkje minst jubel og glede. Vi heiser flagget for Stord Friidrett!

Runar Øvrebø  
Styreleiar Stord -IL-friidrett



# ÅRSMELDING 2020

## STORD IDRETTSLAG – TURNGRUPPA

### STYRET 2020

Leiar: Jon Eirik Kvalnes  
Nestleiar: Alice Aasheim  
Kasserar: Kjartan Grov  
Medlem: Elin Fadnes Karlsen  
Marte Eldøy Ottesen  
John Bathgate  
Lars Aasheim  
Ungdomsrepresentant: Lars Mugaas Hegland  
Vara: Sigurd Riise



**STORD IL turngruppa**  
*Idretts glede heile livet*



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

### INNLEIING

Som alle andre i 2020, har og turngruppa lagt bak seg eit særst utfordrande år. Covid-19, pandemien som i periodar har satt ein stoppar for all aktivitet i turngruppa, har påverka drifta i stor grad. Alle arrangement, konkurransar, samlingar og kurs i regi av NGTF har vore avlyst og breiddegrupper har ikkje kunne utnytta alle plassane til nye medlemmer. Vaksenpartia til turngruppa har knapt fått lov til å trenast, og konkurransegruppene våre har måtta trenast alternativt og utan konkurransar å sjå fram til.

Turngruppa var tidleg i pandemien tydeleg på at det var ønskjeleg å oppretthalde aktivitet i henhold til dei til ei kvar tid gjeldande krav og anbefalingar frå nasjonale og lokale mynde. I perioden mars - juni skjedde det fortløpande oppdateringar og mange endringar på fleire område. Det einaste som ikkje endra seg i denne perioden var kravet om at breiddeidretten for både born og vaksne var anbefalt avlyst.

I august kunne me opne for oppstart i alle parti att, og andre halvår er gjennomført etter beste evne. Det har krevd fleksibilitet frå trenarar, styremedlemmer, gymnastar og foreldre. Stort fokus på smittevern krev reglar for alt som skjer i regi av turngruppa. Me har møtt utfordringa med hyppig informasjon på facebook og epost, noko kortare treningstider for å hindre trengsel mellom partia, nokre grupper har delt seg i to, stengt turnhall for skuelystne foreldre med meir. Alle har møtt utfordringane på strak arm, og me er takksame for alle som har bidratt slik at me har hatt så mykje aktivitet som mogleg.

Stord IL turngruppa hadde i starten av 2020 nær 450 aktive medlemmer i alle aldrar. Turnaktiviteten finn ein i både gymsalar på barneskulane og på Vikahaugane sportsenter. Turnhallen vår ber preg av mykje bruk, og me opplever at areal og godt brukt utstyr er ei utfordring som vil auke dersom turngruppa skal halde fram med aktivitet og vekst. Turngruppa har stadig flest medlemmer blant jentene, og me opplever at mange gutar og jenter i ungdomsalderen sluttar på turn, både i breiddeparti og satsingsparti som troppsgymnastikk eller apparat-turn. Grunna restriksjonar på tal medlemmer i ei gruppe som kan trenast samtidig, har me ikkje fylt opp alle breiddeparti, og me har difor ved utgangen av 2020 424 registrerte medlemmer.

Idrettslaget sitt nye slagord «Idrettsglede heile livet» er heilt beskrivande for turngruppa sin aktivitet. Dei minste medlemmene våre er to år, medan dei eldste nærmar seg 90. Aktiviteten turngruppa legg opp til, har ein unik mogleik for individuell tilpassing og alle vil ha sjansen til å finna sin plass.



### MEDLEMSOVERSIKT/STATUS

Stord turn har ved utgangen av 2020 **438** registrerte medlemmer. Me har i tillegg **134** personar på venteliste til dei ulike barnepartia. Dette er svært populære grupper, og grunna kapasitet på halltid og trenarar, har me ikkje klart å gi tilbod om turntrening til alle som ønskjer det. Det kan og merkast at me i perioden 2018-2020 har **181** avmeldte utøvarar. Dei fleste av desse er i alderen 10-16 år.

Medlemsoversikt Stord IL turngruppa						
Kjønn og alder	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Jenter 0 - 5	47	54	64	54	39	24
Jenter 6-12	131	133	143	163	127	93
Jenter 13-19	33	31	30	8	22	9
Jenter 20-25	0	1	1	1	1	
Jenter 26+	56	61	66	70	66	69
Gutar 0 -5	42	42	53	57	42	26
Gutar 6-12	61	54	66	65	68	71
Gutar 13-19	9	7	10	8	27	16
Gutar 20-25	0	1	1	0	1	2
Gutar 26+	47	57	55	50	54	49
<b>Total</b>	<b>426</b>	<b>441</b>	<b>489</b>	<b>476</b>	<b>447</b>	<b>359</b>

\* Total tal medlemmer er utan trenarar, som også er registrerte medlemmer

Turngruppa nyttar no medlemssystemet til NIF, klubbAdmin. Det er like fullt eit stort administrativt arbeid knytt til medlemsregister, all tid klubbadmin ikkje ivaretar turngruppa sine behov for å halda vedlike ventelister. Klubbadmin stør heller ikkje påmelding via nettet, utan at dei som ønskjer å melde seg på automatisk vert registrert som betalende medlemmer.

### TRENARSITUASJON

Turngruppa vil takka alle instruktørane våre for eit flott år, med mange positive attendemeldingar frå gymnastane våre og foreldre. Det er kjekt å sjå stor aktivitet i turnhallen og gymsalane når treningane pågår.

Trenarane våre er i stor grad rekruttert frå eigne rekker, og dei fleste er troppsgymnastar som tar på seg instruktør-roller. Dette er ei viktig ordning, og me forsøker i stor grad å behalda kompetansen i Turngruppa. Stadig fleire får kompetanseheving, og me har ein praksis der trenarane får delta på det dei ønskjer av kurs. I tida framover er det ei målsetting å etablere ein kompetanseplan i turngruppa for trenarar, og det må vera mogleg for foreldre som ønskjer å vera med, slik at me kan få fleire vaksne tilstade på treningane.

Alle trenarane våre har trenaravtalar og vert honorert for innsatsen gjennom eit lønssystem som tryggar rammene både for klubb og instruktør. Turngruppa manglar fortsatt ein kompetanseplan, og ønskjer å retta vidare fokus på det komande år. Mot slutten av 2020 er me 29 instruktørar og hjelpetrenarar fordelt på 19 tilbod.

På «Foreldre og barn»-gruppene våre, har me framleis eit system der foreldra deltek i treningane. Me er takksame for at dei er med i treningane, og håpar det bidreg til samarbeid og samspel mellom born og vaksen. Gruppene er viktige for rekrutteringa til turngruppa sine barnegrupper.





# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

Eldsjeler som stadig er å sjå i hallen, er som alltid ein viktig del av turngruppa. Desse hjelper til der det trengs, dei har eigne barneparti og trør alltid til dersom det er behov for det ved opp- og nedrigging, rydding og anna.

Apparat- og Troppsgymnastane våre er delt inn i grupper i høve nivå, alder med meir. Dette har ført til effektive treningar, og me har fått plass til fleire gymnastar i gruppene. Dei syner ei flott utvikling og med dyktige trenarar har me tru på at desse kan få flotte år som konkurranseturnarar. Konkurransegruppene har fått med seg nokre foreldre på treningane, noko som gir auka kvaliteten i treningane.

**Styret ynskjer å takka alle instruktørar for ein fantastisk innsats på alle nivå i laget.**

### **AKTIVITETAR/ ARRANGEMENT/ DUGNADAR/ MØTER:**

Grunna korona har ikkje turngruppa hatt organiserte arrangement dette året. Troppen gjennomførte dugnad for Stord kommune, og nokre av partia våre har gjennomført juleavslutningar.

### **HEIDERSTEIKN**

I Stord IL turngruppa har i 2020 ikkje hatt gleder av å kunne tildele heidersmerker.

### 75 års jubileum for to av våre medlemmer



(Foto: Malene Aasheim, juleoppvisning gutar 3.-4.klasse)

I 2020 er det ikkje delt ut noko heidersmerke, men heider delte me ut til to av våre største eldsjeler, Kristian Lunde og Lars Mugaas, i høve 75-årsjubileum som medlemmer i Stord IL si turngruppe. På avslutninga for turngruppa, etter eit ekstra utfordrande år, fekk dei si merksemd blant trenarar og styremedlemer. Der fekk resten me servert både historiar og sang frå det imponerande lange medlemsskapet.

Kristian og Lars er aktive trenarar med både guteparti for 1.-2.klasse og herretrim, og har med det fleire timar i veka som trenar. Desse gutane (sjølv om dei sjølv vil bli kalla menn) yt stor respekt hjå oss. Dei er alltid der når me ønskjer dugnadshjelp, dei stiller alltid opp om me yngre treng nokon å diskutere saker med, og tek gjerne initiativ til nye utfordringar.

Gjennom 75 år som aktive medlemmer i turngruppa, har dei fått med seg mykje, og kan syna både til NM-gull, fleire små og store arrangement og uttallige dugnadstimar som engasjerte eldsjeler. I 2016 vart me overraska då gutane fylte 80 år, og i det høve oppretta eit fond for vidareutvikling av turngruppa.

Turngruppa ønskjer begge to til lukka med jubileet!



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

### TRENINGSTILBOD OG TRENAROVERSIKT 2020/2021

Parti	Instruktører	Stad
Foreldre og barn 3-4 år	Malene Aasheim, Rebecca Hedin	Leirvik
Foreldre og barn 3-4 år	Linda Lundås Skjelbred	Langeland skule
Foreldre og barn 3-4 år	Celina Solend, Lina Borge Danmo og Ingeborg Brekke	Hystad skule
Foreldre og barn 5 åringar	Jon Eirik Kvalnes, Anders Langeland	Langeland skule
Foreldre og barn 5 åringar	Edvard Nyborg Veivåg	Leirvik skule
Turn jenter 1.-2. klasse	Kaja Skjønberg, Marielle Flatås Kvalnes, Tora Eik Breirem, Eline Røstbø Treeck og Live Skjønberg	Turnhallen
Turn jenter 3. klasse	Kaja Skjønberg, Marielle Flatås Kvalnes, Tora Eik Breirem og Eline Røstbø Treeck	Turnhallen
Turn jenter 4. klasse	Marielle F Kvalnes, Elena Valvatne, Tora Eik Breirem	Turnhallen
Turn gitar 1.-2. klasse	Kristian Lunde, Lars Mugaas, Paul Skjønberg, Karl Grov og Magnus Grov	Turnhallen
Turn gitar 3.-4. klasse	Marielle F Kvalnes, Elena Valvatne, Tora Eik Breirem	Turnhallen
Trampett/tumbling gitar/jenter 5.-10.klasse 4 parti fordelt etter alder	Thea Elise Paulsen, Linnea Nesbø, Karl Grov, Torbjørn Ottesen Horneland	Turnhallen
<b>Vaksenparti</b>		
Stemnedamene	Rullering	Turnhallen
Herrer mosjon	Kristian Lunde og Lars Mugaas	Vikahaugane og Hystad skule
Aerobic/step/zumba	Aslaug Grov Almås	Vikahaugane
<b>Konkurransparti</b>		
Apparat turn, aspirant, rekrutt	Jan Roar Hovland, Tobias Mortensen og Vetle Hystad Aadland. Paul Skjønberg og John Bathgate som vikar.	Turnhallen
Troppsturn rekrutt <13 år - Tumbling/trampett - Frittstående	Thea Elise Paulsen, Lars M Heggland Karoline Frederich, Eline Røstbø Treeck, Marielle Flatås Kvalnes  I tillegg har Erling Tyse vore med som hjelpetrener.	Turnhallen

Troppesturn junior >13 år - Tumbling/trampett - Frittstående	Lars Mugaas Hegland, Lars Aasheim Karoline Frederich og Thea Elise Paulsen .	Turnhallen
Troppesturn senior >16 år	Karoline Frederich, Lars Aasheim og Lars M Heggland	Turnhallen

### Foreldre og barn, Leirvik, Hystad og Langeland

Foreldre/barn tilbudet til turngruppa har dei siste åra hatt noko ulikt tilbud. Dette tilbudet avhenger mykje av kva foreldre som tar på seg trenarrolle, og kor mange barn som vert påmeldt. I 2020 har me hatt tre 3-4-årsgrupper og to 5-årsgrupper. Dei har hatt treningane sine på Hystad, Leirvik og Langeland skule. Gruppene har ventelister, og det er dels grunna korona vanskeleg å gi alle eit tilbud. Ventelista på dette tilbudet ved slutten av 2020 tel 38 born.

På treningane er det fokus på turnleik og grunnleggjande motoriske evner. Alle ungane deltek saman med foreldra sine, og dette skapar også ein samarbeidsarena og eit samspel som er positivt på fleire områder. Enkle øvingar som framlengs rulle, balanseøvingar og hopp på springbrett er på planen. Samstundes nyttar me mykje tid på å gjera ungane trygge i uvante posisjonar, ved til dømes å stå på hovudet, ta baklengs rulle med meir. Her får dei sjansen til å utvikla seg ut frå eige ønskjer og nivå. Nokre meistrar allereie hjul og flygerulle på brett.



Foreldre/barn-gruppene har ei trening i veka.

(Langeland skule 5-årsgruppa)

### Jenter turn 1.-4. klasse

Våre store grupper er blant jentene. Gruppene mellom 1. og 4. klasse er delt mellom jenter og gutar. Dette har vore gjort sidan gutane trenar i større grad grunnleggjande mot apparat-turn, medan jentene trenar meir mot troppsgymnastikk. Gruppene tel 25 gymnastar på det meste, og det er ventelister på alle jentegrupper. Jentene i 1. og 2. klasse trenar saman, medan 3. og 4.klasse har eigen treningstid. På grunn av restriksjonar på tal gymnastar i turnhallen, har me ikkje hatt anledning å ta inn mange nye medlemmer frå ventelistene. Det har vore ført oppmøtelister for god smittesporing, og oppmøtet på gruppene har vore bra.

Hovudøvingane i desse gruppene er trampett, tumbling og frittstående. Treninga inneheld ei god blanding av turnleik, med innøving av enkle og grunnleggjande turnelement som framover og baklengs rulle, slå hjul, salto, flikkflakk med meir. Gruppene våre mellom 1. og 4. klasse er den største rekrutteringa me har til konkurranse-gruppene våre.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

Utfordringa til trenarane på alle gruppene er areal til å ha gode treningar. Difor har turngruppa leigd ekstra areal i løpebanen i nyehallen, og dette har frigjort noko rom til å ha oppvarming, airtrack og anna trening i arealet.

### Gutar turn 1.-4. klasse

Gutane frå 1.-4.klasse har vore delt inn i to grupper, slik som tidlegare. Ei gruppe med 1.-2.klasse og ei gruppe med 3.-4.klasse.

#### 1.-2.klasse gitar

Av 25 deltakarar som var påmelde når me starta opp, var det fleire som aldri møtte fram. Me har hatt jamt 18 gitar på troppen.

Partiet er stadig populært. Me startar med dugleikstrening, og legg opp til enkle grunnøvingar som rulle framover og bakover, handståande, baning av flikkflakk, satstrening og hopp over bukk og kasse. Me trenar og førebuande satstrening til salto framover. Det er stor nivåskilnad på gutane, ikkje berre at det kan vera eitt års skilnad, men nokre har det «med seg» når det gjeld stil og , og her må me setja saman noko som er enkelt og raskt å gjennomføra i høve til tida me får på golvet.

#### Juleoppvisning

Me sette oss føre å arrangera juleoppvisning berre for dette partiet med invitasjon av ein forelder sidan hovudoppvisningen fall bort.

Stolar med påkrevd avstand var sette fram og me hadde innmarsj med musikk og flaggberar Kristian i front. Der viste me fram korleis me organiserer treninga og gutane fekk vist seg fram i 3 apparat. Eit veldig vellukka arrangement, og attendemeldingane frå foreldra har vore veldig positive om opplegget. Kakemennene var på plass både til deltakarar og til søsken som var og såg på.

I gruppa vil det alltid vera gitar som peikar seg ut som gode turnemne, der også foreldra viser stor interesse. Men me er usikre på om turngruppa har kapasitet til å ta i mot deira ønske , interessa deira er stor til å læra turn. Me har i år fleire som me må få til å gå vidare og få prøva seg i apparat. Me har gode instuktørar på denne gruppa, men ingen ser seg syn med å ta på seg meir instruksjonsarbeid. Fleire av oss har også andre parti, og ikkje minst alderen mot oss.

#### 3.-4.klasse gitar

Gutar 3. og 4.klasse byggjer vidare på det dei har lært dei første åra, og fortset styrkeprogram og innlæring av grunnelement. Det har vore nokre utfordringar knytt til ro og orden i gruppa, men gjennom eit foreldremøte og trygging av trenarane, samt eit tettare samarbeid med apparat-gruppa, har gutegruppa fått eit godt treningsmiljø og høgare trivnad.



Nokre av gutane har fått tilbod om å trena med konkurransegruppene våre, både troppsgymnastikk og apparatturn.

### Jenter/ gutar tumbling/ trampett 5. - 10. klasse

5.-10. klasse er delt i fire grupper etter klassetrinn. Fokus i treningane er tumbling og trampett. Alle gruppene er med jenter og gutar saman. Det har vore ei utfordring med veldig få gutar i forhold til jenter, ei utfordring som ut frå medlemsmassen vår kjem til å vera framover. Gutane seier sjølv og visar at dei trivst godt, sjølv med mange jenter! Sidan hausten 2018 har me hatt praksis å ta inn alle gutane frå venteliste og gi dei tilbod om trening. Ventelistene har difor ingen gutar i denne alderen.

For å få variasjon i treninga plar me å ha forskjellige oppvarmingsmetodar, og så noko som gymnastane får lov til å velja sjølv. Ettersom me er 3-4 trenarar på gruppene, delar me gruppene inn og lagar 2 eller 3 stasjonar. I løpet av treninga får dei vore gjennom alle tre stasjonane. Tøying og styrke er også ein viktig del av treninga deira, både for å førebyggje skader og få betre flyt i turning.

### Herrer mosjon

Turngruppa har to grupper innan herrer mosjon. Desse trenar henholdsvis på Hystad skule og i gamlehallen på Vikahaugane sportssenter. Lars Mugaas og Kristian Lunde er drevne instruktørar, og gruppene tel 47 påmeldte deltakarar.

I 2020 har aktiviteten vore opp og ned. Gruppa har tilpassa seg nasjonale retningslinjer og gjennomført treningar etter beste evne. Det er diverre slik at vaksengrupper har vore sterkast råka av nasjonale reglar.

Partia har to treningskveldar i veka, og øvingsutvalet spenner seg frå oppvarming, balansetrening, styrke i ankel-, legg-, lår-, sete- mage- og ryggmuskulaturen i tillegg til bøye- og strekkmuskulaturen i armane. Ein legg stor vekt på ryggøvingar som mange har bruk for, og arbeider med økter med strikkar til styrketreninga og. Etter styrketreninga kjem ei god økt med uttøyingsovingar, der ein startar nede ved beina og gjer øvingar som tek for seg stort sett heile skjelettmuskulaturen.

Med god oppvarming ligg alt til rette for god trening, og ulike ballspel. Treninga vert ofte avslutta med ein volleyballkamp. Gruppene har stabil medlemsmasse, og tek gjerne imot fleire medlemmer. Her får du ei real økt, godt for både kropp og sjel.

### Aerobic, zumba og step

Kvar måndag og onsdag fyller om lag 60 damer frå 16 år og oppover gamlehallen med aerobic og step - styrketrening og kondisjon. Treningane er særst populære, og gruppa er nokså stabil. Det er enno plass til fleire.



I 2020 har aktiviteten vore opp og ned. Grappa har tilpassa seg nasjonale retningslinjer og gjennomført treningar etter beste evne. Det er diverre slik at vaksengrupper har vore sterkest råka av nasjonale reglar.



(Stemnedamene i aksjon på vaksenturnstemnet på Stord mai-19).

### Stemnedamene

12 medlemmer av turngruppa til Stord Idrettslag trener vanlegvis saman kvar måndag klokka 20 – 21 i turnkassen. Stemnedamene har med programtrening etter fast oppsett, og kvart år er det nye program som må lærast, alt etter kva stemne me skal delta på. I 2020 har det vore lite aktivitet. Etter mars-20 vart det bom stopp.

Stemnedamene skule vore med på Vestlandsturnstemne i Bergen, og til Golden Age på Kreta om sommaren. Begge to vart avlyst. Det ser diverre ut for at 2021 og vert eit år utan mykje aktivitet, så stemnedamene ser no framover mot 2022.

Stemnedamene er ein positiv gjeng med høg alder og godt humør. Me ser lyst på det meste og er velvillige til å yte hjelp og delta på dugnader.

### Konkurransetropp i troppsgymnastikk

For konkurranseforma troppsgymnastikk, har trenarteamet Lars Mugaas Hegland, Lars Aasheim og Karoline Frederich haldt aktiviteten oppe. I tillegg har juniorgymnastane Eline Røstbø Treeck, Marielle Flatås Kvalnes og Thea Elise Paulsen blitt meir involvert i trenarsida. Det vil vera sær s viktig framover at me jobbar vidare med kompetanseheving hjå eigne gymnastar som ønskjer å bidra som trenarar. Me har og fått med oss Erling Tyse, som saman med Karoline har ei skadeførebyggjande økt i veka med gymnastane.

Troppen har om lag 30 aktive gymnastar i klassane aspirant, rekrutt, junior og senior. I troppsgymnastikk vert det konkurrert i apparata trampett, tumbling og frittstående.

Trenarstaben har delt på oppgåvene på ein god måte, og med ei positiv haldning til nye utfordringar, er det mogleg for turngruppa å halde på tilbodet om troppsgymnastikk i åra framover.



(Lagbilette Stord troppsgymnastikk nov-2019)

Troppen har hatt vekslende framgong dette året. Nokre gymnastar har utvikla seg til å bli mentalt sterkare, nokre har hatt sjansen til å trena alternativt og utvikla teknikk medan andre har opplevd sperrer og slit med å gjennomføre vansker som ikkje var eit problem for eitt år sidan. Til trass for månader med nedstenging har gymnastane tilpassa seg den nye kvardagen, og me har funne løysingar som fungerer. Det merkast på gruppa at ein manglar noko å trene til, all den tid arrangement, konkurransar og samlingar er avlyst. Trenarane opplever at motivasjonen til fleire av gymnastane forsvinn, og det påverkar troppen sin framgong. Rekruttgruppa har gjennomført nokre treningar på Zoom, som eit alternativ til fysisk oppmøte.





# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

Troppen har delteke/var påmeldt på desse konkurransane/aktivitetane:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Gymfest i Vest for barn		Avlyst
Gymfest i Vest for ungdom		Avlyst
Kretskonkurranse 1-2019	Sotra Arena	Februar
Kretskonkurranse 2-2019		Avlyst
Kretskonkurranse 3-2019		Avlyst
Kretsmeisterskap Hordaland		Avlyst

I konkurransar har Stord troppsgymnastikk følgjande plasseringar i 2020:

Konkurranse /Aktivitet	Apparat	Plassering (poeng)
<b>Junior/senior</b>		
Kretskonkurranse 1-2020	Kvinner frittstående	3.plass
	Mix frittstående	4.plass
<b>Rekrutt</b>		
Kretskonkurranse 1-2019	Frittstående	5.plass (av 10)
	Tumbling	15.plass (av 28)
	Trampett	9.plass (av 28)

\* Teamgym er ei konkurranseform der ein slår saman resultat i frittstående, tumbling og trampett.

Gymfest, kretsmeisterskap, juleoppvisning og haustens konkurransar vart avlyst grunna Covid-19. Under nedstenginga i mars - april, laga troppen til eigen koronakonkurranse med 10 ulike oppgåver som var meint for å motivera gymnastane til å fortsetja å trenast. Tre vinnarar av denne konkurransen fekk kvart sitt gåvekort på første fysiske treninga etter nedstenginga.

# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



Konkurransegruppa i troppsgymnastikk har i 2020 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Fødselsår	Klasse
Mia	Endal	2010	Aspirant
Erle	Birkeland	2010	Aspirant
Pia	Vaula	2008	Rekrutt
Brita Sjo *	Holm	2008	Rekrutt
Oline Koppang	Skartland	2008	Rekrutt
Melissa Tufteland	Haga	2008	Rekrutt
Amalie Skumsnes	Skålevik	2008	Rekrutt
Ingrid	Sagen-Roland	2008	Rekrutt
Jakob	Dalland	2008	Rekrutt
Ida Synnøve Flatås	Kvalnes	2007	Rekrutt
Pia Mathea	Lilledal	2007	Rekrutt
Hedda	Myklebust	2007	Rekrutt
Felicia Johansen	Skaar	2007	Rekrutt
Carina *	Bøe	2007	Rekrutt
Hanna Lovise	Vestbøstad	2006	Junior
Mia Laukhamar	Hauge	2006	Junior
Haldis Evensen	Espeland	2005	Junior
Karl *	Grov	2005	Junior
Tuva	Grimen	2005	Junior
Elena	Valvatne	2005	Junior/senior
Alexander	Furuhovde	2005	Junior
Torbjørn Ottesen *	Horneland	2004	Junior
Tora Eik	Breirem	2004	Junior/senior
Marielle Flatås	Kvalnes	2004	Junior/senior
Linnea Olsen *	Nesbø	2004	Junior
Thea Elise	Paulsen	2003	Junior/senior
Eline Røstbø	Treeck	2003	Junior/senior
Miriam *	Matre	2001	Senior

Dei som er merka med \* er registrert som slutta ved utgangen av 2020.

### Konkurranseturn - Apparatturn

Apparatturn har fortsatt ein fin og framgangsrik aktivitet i 2020 både for satsing- og nybyrjarparti. Me har fått etablert eit godt nybyrjarparti med ivrige utøvarar som no trenar med god kvalitet. Apparatturn rekrutterer aspirantar frå gutepartia i 1.-4.klasse.

Satsingsparti består av to gymnastar, Jonathan Bathgate og Noah Hovland. I 2020 var det bare den 1. seriekonkurransen som ble utført i mars. De andre konkurransane ble avlyst på grunn av korona-situasjonen. I seriekonkurransen 2020 fekk Jonathan Bathgate 1. plass i klassen aspirant. Jan Roar Hovland er hovudtrenar for dette parti

Dei to gymnastane i satsingspartiet kan syne til god framgang på treningar, og skulle eigentleg på uttakssamling for gutegruppa hausten 2020. Denne blei avlyst grunna korona-situasjonen. Me håper på ny sjanse for uttakssamling i 2021.

I mars 2020 fekk vi merksemd i Sunnhordland, som skreiv om 1. seriekonkurransen 2020, kor Jonathan fekk delt fyrsteplass og Noah fekk femteplass i aspirantgruppa.



*Bilete frå Sunnhordland mars20*  
(Frå venstre: Kristian Semasko, Jonathan Bathgate, Noah Hovland)

Nybyrjarpartiet består av 6 gutar. Tobias Mortensen og Vetle Aadland har trening nybyrjarparti på tysdagar, onsdagar og laurdagar. Desse gutane har ikkje gjennomført noko konkuransar ennå. På grunn av koronasituasjonen vart og den første seriekonkurransen 2021 avlyst.

Ved utgang av 2020 er me 8 utøvarar fordelt på nybyrjarparti og satsingsparti.

Det er blitt laga eit treningsprogram og treningsplan, saman med video, som lagar eit enklare grunnlag for trenarar i startfasen. På denne måten er mål at det skal bli enklare å ta i bruk grunntrening av høg kvalitet med mindre erfarne trenarar/foreldre. Saman med god tildelt treningstid i hall er mål med dette å skapa eit godt grunnlag og miljø for auka aktivitet på høgt nivå, samt å ivareta det sosiale behovet i framtida.

Treningane i mars, april, mai og juni 2020 var avlyst grunna korona. Det var berre heimetrening i denne perioden. Elles har treningane gått som normalt så lenge

# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA



koronasituasjonen har tillete det. Nokre treningar har føregått på zoom, i tillegg til heimetrening etter tilpassa treningsprogram.

Me arrangerte eigen juleframsyning med satsingsparti og nybyrjarpartiet før jul. Dette var stor suksess! Berre foreldre og nær familie var i publikum, og me fekk vist fram mykje av kva med driv med på trening.



(Bilete frå juleoppvisninga 2020)

Konkurransesgruppa Apparatturn har i 2020 bestått av:

Fornavn	Etternavn	Fødselsår	Klasse
Jonathan	Bathgate	2009	Aspirant
Noah	Hovland	2008	Aspirant
Tobias	Fredheim	2013	Miniaspirant
Olav	Andresen	2011	Miniaspirant
Peter	Vedøy	2010	Aspirant
Phillip	Koppang	2010	Aspirant
Kasper	Jæger	2010	Aspirant
Michael	Anthun	2012	Miniaspirant

Me har hatt deltakarar på desse konkurransane / Aktivitetane 2020:

Konkurranse /Aktivitet	Stad	Dato
Seriekonkurranse Nr 1	Bergen	mars
Regionsamling nr 1	Sandnes	Avlyst
Seriekonkurranse Nr 3	Bergen	Avlyst
Regionsamling Nr. 2	Bergen	Avlyst
Regionsamling Nr. 3	Stavanger	Avlyst

Apparatgruppa er svært avhengig av stabile trenarar. Vetle og Tobias har vore viktige ressursar dette året. Turngruppa må i tida framover ta stilling til korleis gruppa skal organisere tilbodet om apparatturn. Det vil vera ei satsing frå turngruppa si side å få til ei stabil trenargruppe som på sikt kan gi eit tilbod både til nybyrjarar, mellomparti og satsingsgruppe. Det er også eit ønskje at ein jobbar for oppretting av jenteparti innan apparatturn.





### ØKONOMI

Økonomien i turngruppa er framleis god, men gruppa leverer eit negativt årsresultat på 99 000 kroner i 2020. Som ei følgje av koronarestriksjonar har turngruppa ikkje gjennomført planlagde aktivitetar som seriekonkurransse for turn gitar og den årlege juleoppvisninga. Det har heller ikkje vore mogleg å gjennomføre andre, inntektsførande, aktivitetar, som til dømes dugnad for handballfestivalen.

Til trass for nedstenging, valde turngruppa tidleg å oppretthalde lønsutbetaling til trenarane våre. Dette gjorde me all den tid treningsavgifta ikkje vart redusert for medlemmene våre. Det var samstundes eit tiltak for å hindre fråfall av trenarar i ein periode som me tidleg forstod ville bli langvarig.

Turngruppa har fått refusjon for deler av tapte inntekter for “ikkje-gjennomførte” aktivitetar, som dugnad for handballfestivalen og juleoppvisninga. Det er like fullt ikkje full kompensasjon for tapte inntekter.

Faste utgifter har gjennom koronaåret gått som vanleg, og lønsutgifter, avskrivningar, vedlikehald og innkjøp av turnutstyr utgjør dei store kostnadane til gruppa. Vidare har gruppa omlag 30 prosent lågare overføringar av LA-midlar, grasrotandel og andre overføringar.

I 2017 gjorde årsmøtet eit vedtak om endring i treningsavgift. Endringa innebar ei auke i treningsavgifta, og den vart fastsett til å vera 1000 kroner per treningstime i veka, per år. Det er også bestemt ein makspris på 4000 kroner per år for junior/senior og 3000 kroner for rekruttar.

For å frigjera ressursar til å utvide lokale, legg styre fram forslag på årsmøtet om auke i treningsavgifta for medlemmene våre. Endringa gir turngruppa omlag 35 000 kroner \* i ekstra inntekt som skal nyttast til å utvida turngruppa sitt areal og nytta squash-hallen. Ny oversikt over treningsavgift vert etter justeringa:

Medlemstype	Avgift 2020	Foreslått avgift 2021	Auke i inntekt
Born under skulealder	800 kr	850 kr	4 450 kr
Born 1.-10.klasse	1 000 kr	1 100 kr	18 700 kr
Vaksne	1 500 kr	1 600 kr	11 000 kr
Konkurranssegrupper	1000 kr/treningsdag	1150 kr/treningsdag	16 950 kr *
Makspris	4 000 kr	4 500 kr	

\*Trenere betalar ikkje treningsavgift, slik at auken vert ikkje like stor då fleire av konkurranseturnarane våre er trenarar og/eller born av trenar/styremedlem.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.3 - ÅRSMELDING TURNGRUPPA

---

### **MAGNE MUGAAS FOND**

Det vart ikkje delt ut stipend i 2020.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Lars Mugaas og Erik Skar.

### **LARS MUGAAS / KRISTIAN LUNDE FOND**

Det vart ikkje delt ut stipend i 2020.

Fondstyre: Jon Eirik Kvalnes, Anne Sissel Mugaas og Bjørn Arve Lunde.

### **VALKOMITE**

Etter førre årsmøte vart det ikkje valgt ny valkomite.

Stord, dato 22.mars 2021

Stord IL, turngruppa

Jon Eirik Kvalnes

Leiar



Skigruppa, Stord IL Årsmelding 2020

**Sportsleg aktivitet.**

**- Eigne arrangement:**

**Rulleskirenn/kretssamling.**

Kretssamling og terminfesta rulleskirenn for barn og ungdom har vore arrangert årleg i perioden 2013 til 2019 (med unntak for 2018). Kretssamlinga er fast inne på terminlista til Hordaland skikrets, og utgjer eit viktig bidrag til rekruttering og oppfølging av satsande skiungdom lokalt og regionalt.

Grunna utbrotet av Covid 19 i 2020 vart skigruppa nøydd å avlysa kretssamlinga som var terminfesta i 2020 av smittervernomsyn.

**Tysdagstrimmen:**

Hausten 2020 vart det gjennomført ein tilpassa versjon av tysdagstrimmen med oppstart 29. september. Det vart lagt opp til førehandspåmelding og gruppevis start i tråd med føringar for arrangement under utbrotet av Covid 19.

6 løpskveldar vart gjennomført fram 3. november. Resterande 4 løpskveldar er utsett til våren 2021 av smittervernomsyn.

Skigruppa takkar dei trufaste hovudfunksjonærane Per Steinar Lunde, Audvald Kvamme, Vebjørn Lien og Odd Stuve Rommetveit. Alle namn og tider har vore på trykk i Sunnhordland.

**Treningar:**

**Barne- og ungdomsgruppa** har hatt faste treningar kvar veke med oppstart sesongen 2020/ 2021 etter 17. mai. Gjennom hausten er det gjennomført basistrening (løping med stavar og spenst) og rulleskitrening (klassisk og fristil). Treningane er lagt opp etter aldersnivå og under leiing av Kjell-Inge Engvik og Øyvind Gaute Berg.

Vinteren 2020 vart det gjennomført treningar på ski i lysløypa når skitilhøva har tillate det.

I tillegg til barne- og ungdomsgruppa sitt breddetilbod, har Stord Ski hatt to aktive ungdommar (junior) som driv konkurranseidrett på ski. Desse er Simen Engevik (2002) og Jonas Engevik (2001). Det har ikkje vore faste treningar for veteran-gruppa i 2020. Det er likevel fleire som trener saman etter nærare avtale, og deltek i konkurransar sommar og vinter.

**- Lokale renn på Stord:**





# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

---

Grunna dårlege snøforhold i lysløypa, vart det ikkje arrangert skirenn på snø før utbrotet av Covid-19 sat stoppar for all organisert aktivitet.

Det har vort arrangert to treningsrenn på rullaskirenn for treningsgruppa med born og ungdom.

### - Deltaking på arrangement utanfor Stord:

Dei fleste av Hordaland skikrets sine krinsrenn føregår i Herresåsen på Voss og elles rundt i Voss- og Hardangertraktene. Ungdomsgjengen var hyppig representerte, og gjorde det godt i mange av renna. Grunna utbrotet av Covid 19 vart det ikkje arrangert skirenn i regi av Hordaland skikrins etter KM i januar. Stord Ski deltok i KM med løparar både i barneklasse, junior og senior fordelt over to dagar. Best av våre var Simen Engevik, som vart krinsmeister i klasse M18, 10 km klassisk. Øvrige deltakarar frå Stord i KM var følgjande:

#### Fristil

J10	Mathilde A. Larsen	
G13	Erwin Wilhelmsen	nr. 9
M19-20	Jonas Engevik Vørøs	nr. 8
MSen	Åsmund Hellesøy	nr. 15

#### Klassisk

M18	Simen Engevik	nr. 1
MSen	Øyvind G. Berg	nr. 9
MSen	Åsmund Hellesøy	nr. 11
MSen	Kjell-Inge Engevik	nr. 12

### Norgescup junior

Jonas Engevik Vørøs og Simen Engevik har delteke på Norgescuprenn for junior. Simen fekk svært gode resultat under Norgescuphelga i Holmenkollen, der han vart nummer 4 på sprintdistansen og nummer 6 på 15 km fri under krevjande forhold. Ei rekkje Norgescuprenn vart avlyst grunna Korona smittesituasjon.

### Andre skirenn

Grunna utbrotet av Covid 19 vart mange av dei store turrenna avlyst i 2020, men fleire frå klubben deltok på Helterennet med start og mål på Rauland. Her kan mellom anna nemnast at Jonas Engevik Vørøs vann juniorklassen på 42 km distansen.

### Andre saker

#### -Anlegg og dugnad

**Prestagardsskogen:** Det er gjennomført jamlege dugnader i regi av barne- og ungdomsgruppa, der løypa og nærliggjande areal er rydda for skog m.m. Engevik Byggsenter har velvillig stilt med utstyr for kosting av rulleskiløypa.



**Lysløypa og Heio:** Årleg dugnad vart utført seinhaustes i løysløypa (to laurdagar), med rydding av traséane for greiner, røter, steinar og anna rusk.

Det vert også lagt ned ein betydeleg innsats i løypekøyring gjennom vintersesongen, særleg Magnar Hillesdal og Bernt Øyvind Vad har lagt ned mange dugnadstimar i løypemaskinen til glede for alle brukarar av løypenettet i fjellet.

### **Prosjekt betre tilkome Heio**

Årsmøte 2019 vedtok at det skal setjast ned ei arbeidsgruppe med følgjande medlemmer:

- Bernt Øyvind Vad
- Magnar Hillesdal
- Stian Engevik
- Hallgeir Matre
- Odd S. Rommetveit (sekretær)

Mandatet til arbeidsgruppa skal vera greia ut om føretrekt traseval og løysing, inklusiv parkering, for betre tilkomst til Heio.

Utvalet frå årsmøtet i -19 har gjennomført både synfaringar og møte. Arbeidsgruppa konkluderte med at traseen opp gjennom Hestafossjuvet er det mest realistiske alternativet. Dette er blitt vidareført i alle møte med kommunen og dei øvrige interessentane. Ein forprosjektrapport vart ferdig frå kommunen si side i desember 2019.

Arbeidet med prosjekt betre tilkome Heio har halde fram gjennom 2020.

### **-Ymse**

#### **Heimesida: stordski.no Facebook og Skinytt**

**stordski.no:** Heimesida er jamleg i bruk. Sida vert nytta både til annonsering av arrangement (interne og eksterne), resultatservice og anna praktisk informasjon, ikkje minst løype- og føremeldingar om vinteren.

I tillegg 2014 oppretta ei open facebook-side for Stordski. Sida er eit supplement til [www.stordski.no](http://www.stordski.no) og nådde eit breitt publikum på kort tid. Per i dag vert info om løypemeldingar, arrangement, resultat m.m. publisert på fjesboka og brukarane er mange.

**Skinytt:** Odd S. Rommetveit har sidan 2014 utarbeidd eit kortfatta informasjonsskriv til medlemmer og andre med interesse for skiidretten på Stord med fleire årlege utsendingar.

**Mål- og aktivitetsplan:** Skigruppa har utarbeidd ein omfattande mål- og aktivitetsplan, med årleg rullering og årsmøtegodkjenning.

**Medlemmer:** Skigruppa har i 2020 fått treningsavgift innbetalt frå i alt 41 personar.

**Økonomi:** Økonomien til skigruppa er god. Viser elles til rekneskap for 2020.

**Gruppeleiing:** Etter valet på årsmøtet 17.2.2020 var styret samansett slik:



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.4 - ÅRSMELDING SKIGRUPPA

---

**Leiar:** Kjell-Inge Engevik, valt i 2020 for 1 år.  
**Styremedlemmer:** Øyvind Gaute Berg, valt i 2020 for 2 år. Erling Tyse, valt i 2020 for 2 år. Odd Stuve Rommetveit (kasserar), valt i 2020 for 2 år. Magnar Larsen, valt i 2020 for 2 år. Magnar Hillesdal (vara), valt i 2020 for 2 år. Styremedlemmene Bernt Øyvind Vad og Jarle Haugland stod ikkje på val i 2020.

I 2020 er det gjennomført 4 styremøte.

**Trenarar og oppmenn:** Øyvind Gaute Berg og Kjell-Inge Engevik.

Styret i skigruppa takkar alle som gjorde ein innsats for skiidretten på Stord i 2020. Styret takkar også til alle våre velvillige sponsorar:

Engevik Byggsenter AS, Engelsen Entreprenør AS, Borgen Advokatar AS,

Valvatne Bygg AS, Sunnhordland Bil AS, Wintershall AS og ABB AS

Stord, 22.2.2021

Kjell-Inge Engevik  
Leiar

Odd Stuve Rommetveit  
Kasserar

Øyvind Gaute Berg  
Styremedlem

Erling Tyse  
Styremedlem

Jarle Haugland  
Styremedlem

Bernt Øyvind Vad  
Styremedlem

Magnar Larsen  
Styremedlem

## Årsmelding for Stord IL Skeisegruppa 2020



### Styret 2020

Leiar	Henning Nordfonn
Nestleiar	Håvard Kvarme
Kasserar	Onar Westerheim
Skrivar	Harald Westerheim
Styremedlem	Terje Almås
Styremedlem	Svein Gunnar Notland

### Andre funksjonar:

Ispreparering:	Jan Henriksen og Henning Nordfonn
Kjoskstyrar:	Frank Einar Pedersen
Stemneansvarlig:	Bjørn Dalen
Trenarar:	Kjell Storelid(elitegruppa/juniorgruppa) John Kvarme og Terje Almås(rekruttgruppa)

### Økonomigruppa:

Bjørn Dalen
Henning Nordfonn
Onar Westerheim

**Medlemer:** Skeisegruppa har 40 medlemmer pr 31.12.2020

**Styremøter:** Det vart avvikla 2 styremøter i 2020

**Aktivitetar/arrangement** :Årsmøtet vart avvikla 26.02.2020

Gruppa arrangerte 2 rekruttløp/klubbløp på Vikahaugane i 2020.

Gruppa har ikkje hatt dugnader pga Coronasituasjonen

**Drift av kiosk:** Gruppa har hatt kioskdirifta i publikumstida samt vakt på banen mandag,onsdag,fredag og i helgane i 1. halvår .Hausthalvåret har publikum hatt tilgang til banen og utstyr mot å vipsa pengar til gruppa.Denne ordninga har fungert godt.

## Elitegruppa

Elitegruppa har denne sesongen hatt base på Stord og vert på samling i Stavanger og på Hamar. På grunn av Corona pandemien har det blitt gått færre løp og færre treningssamlinger. Trener for denne gruppa har dette året vert Kjell Storelid.

### Magnus Brask Nordfonn

Magnus har også dette året satset på privat laget med Team sprint. Magnus avsluttet sesongen 19-20 med Norges cup 8 i Stavanger og måtte reise heim fra Calgary uten å gå løp grunnet Corona pandemien. Magnus valgte å legge skøytene på hylla våren 2020.

### Personlige rekorder:

500m	37,06
1000m	1.13,56
1500m	1.59,49
3000m	4.18,78
5000m	8.00,80



### Thomas Haraldsen

Thomas har denne sesongen deltatt på løp i Stavanger, Bergen og på Stord. På KM Sprint vart han nummer 3 i senior klassen. Thomas og har også bidratt med vedlikehold av utstyr på skeisebanen og vert ansvarlig for åpning og stenging av skeisebanen.



#### Personlige rekorder:

500m	50,43
1000m	1.42,25
1500m	2.36,33
3000m	5.48,15

### Marcus Kvarme:

Marcus har fortsatt sin enorme framgang på alle distanser. Marcus har blant annet satt personlig rekord på 500 dette året. Marcus deltok i NM Enkeltdistanser 2020 og fikk sin beste plassering på 5000 med ein 21. plass.

#### Personlige rekorder:

500m	38,60
1000m	1.15,18
1500m	1.55,19
3000m	4.01,24
5000m	7.00,67
10000m	17.21,77



### Erlend Belsvik:

Erlend går også dette året på videregående skule i Stavanger og er med i Team Sørmarka med base i Stavanger. Han har satt personlig rekord på alle distanser dette året. Erlend vart tatt ut til NM junior Allround og vart her nr 6 samanlagt. Erlend deltok også i NM enkeltdistansar som var utsett på grunn av Corona pandemien. Hans beste distanse var 10.000 meter der han blei nr 9.

### Personlige rekorder:

500m	38,89
1000m	1.16,51
1500m	1.56,46
3000m	4.02,93
5000m	7.03,99
10000m	14.36,86



### John Granli

John har satt personlig rekord på fire distanser denne sesongen og fortsetter sin fine framgang på skeisebanen. Han Deltok NM enkeltdistansar 2020 som vart utsett grunna Corona pandemien. Han han ble blant annet nr 10 både på 10.000 og 1500 meter.

### Personlige rekorder:

500m	37,97
1000m	1.13,55
1500m	1.53,73
3000m	4.00,77
5000m	6.59,30
10.000m	14.55,39





### Dina Storelid

Dina har i løpet av året satt personlig rekord på alle distanser. Ho har representert Norge i Viking Race i Heerenveen, LM og NM Enkeltdistanser. I landsmesterskapet vant ho 3000 meter, masse start, 1000 meter og 1500 meter. På NM Allround for junior ble hun nr 8. samanlagt.

#### Personlige Rekorder

500m	44,82
1000m	1.27,59
1500m	2.13,72
3000m	4.48.31



### Simen Storelid

Simen fortsetter sin framgang. Han har satt personlig rekord på tre distanser dette året. Simen deltok på årets Landmesterskap i Bjugn og fikk sin beste plassering med en 4.plass på 3000 meter og masse start.

#### Personlige Rekordar

500m	44,01
1000m	1.30,13
1500m	2.12.62
3000m	4.42,92
5000m	8.23,81





### Samuel Waage

Samuel har satt personlig rekord på 1500 meter dette året. Samuel ble nummer 3 på 100 meter i landsmeisterskapet dette året.

#### Personlige Rekorder

500m	44,31
1000m	1.31,12
1500m	2.19,64



### Rekrutt gruppa:

I sesongen 2019-2020 var det mange på skeiseskule. Fra hausten 2020 har vi hatt trening for de yngre som har lyst å trene lengdeløp hvor vi har vert mellom 10 og 30 deltakere hver Tirsdag og Torsdag. Trenerne for denne gruppa har vert John Kvarme og Terje Almås.





## Veterangruppa år 2020

På grunn av koronasituasjonen har aktiviteten i gruppa vore sterkt redusert. Få konkurransar er blitt arrangert. Treningstilhøva på Vikahaugane har vore svært stabile, så det har vore råd å trene tilnerma normalt.

I gruppa er det i alt 5- 6 veteranar. 5 av desse har delteke på fylgjande løp:

**Kretsløp** : 2 deltakarar.

**OC-løp i Stavanger**: 5 deltakarar

**NM for veteranar på Vikingskipet** : 5 deltakarar

**VM Allround for veteranar i Collalbo i Italia**:2 deltakarar

### NM i Vikingskipet :

Her vart det oppnådd fylgjande plasseringar( 4 distanser + samanlagt )

Onar Westerheim M70 : 4 sølv , 1 bronse nr 2 samanlagt

Harald Westerheim M70 : nr 5 samanlagt

Frank-Einar Pedersen M70 nr 9 samanlagt

Kjell Håvard Belsvik M50 : 1 sølv nr 4 samanlagt

Jan Henriksen M75: 2 sølv

### VM Allround Veteran i Collalbo

Kjell Håvard Belsvik M50 13. plass

Harald Westerheim M 70 7.plass

## Klubben held fylgjande nores- og verdensrekordar pr. 31.01. 2020

### Verdensrekordar :

Onar M65 Stor firkamp 186,732

### Noregsrekordar :

Onar M65 5000m 8,02.09 Hamar

Onar M65 10000m 16,34,60 Stavanger

Onar M 70 1000m 1,30,36 Inzell

Harald M70 5000m 8.33.23 Stavanger

Harald M70 10000m 17.47.43 Stavanger

### Årsbeste 2020

	500m	1000m	1500m	3000m	5000m	10000
<b>M50</b>						
Kjell Håvard Belsvik	42,67	1.23,29	2.11,13	4,33,26	8.00.88	17.41.87
<b>M70</b>						
Onar Westerheim	46.23	1.33.20	2.20.97	4.59.11	8.51.96	
Harald Westerheim	50.63	1.39.31	2.30.03	5.08.78		
Frank-Einar Pedersen	54,33	1.50,26	2.48.53	6.00.58	10.36.39	25.25.23
<b>M75</b>						
Jan Henriksen	48.73	1.40.78	2.38.32	6.02.58	10.33.00	25.31.03



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.5 - ÅRSMELDING SKEISEGRUPPA

---

### Status Skeisehall

Etter mange arbeidsmøter i VIDRIVE as /Stord idrettslag er det blitt jobba fram eit forprosjekt for hallen. Dette omfattar blant annet reguleringsendring av området banen ligg på i dag. Reguleringsendringa blei endeleg godkjent av RBO Stord kommune hausten 2020.

Eit nært einstemmig kommunestyre gjorde fylgjande vedtak til buskjett for 2020: Kommunestyret løyver netto kr. 4,8 mill. til ishall-prosjektet der desse midlane i hovudsak skal gå til fornying av kulderøyr i isbanen. Kommunen stiller seg også positiv til å løyva resten av den kommunale delen som til saman er estimert til kr. 12 mill. netto. Dette er på betingelse av at idrettslaget har sikra ekstern finansiering. (dette er midlar frå fylkeskommunen, ekstraordinære spelemidlar og andre bidragsytarar.)

Det er mykje godt arbeid som gjenstår før me kan setja spaden i jorda, men med eit godt samarbeid mellom idrettslaget/VIDRIVE og Stord kommune kan dette bli eit fantastisk prosjekt og eit idrettsanlegg ikkje berre for kommunen, men for heile regionen.

### Drift av Skeisebanen

VIDRIVE starta isleggjing for sesongen 2020/2021 rekordtidleg i år. Første treninga på is vart 17.oktober. Me var då den aller fyrste banen utandørs med is Norge denne sesongen.

I perioden 01.01.20 og fram til sesongslutt 08.03.20 fungerte anlegget utan nemneverdige problem. Levering av overskuddsvarme til skular og idrettshallar blei ei større utfordring en me hadde rekna med. Distribusjonsnettet for denne leveransen hadde lekkasjar. Utbetring av dette tok mykje lengre tid en det burde. Konsekvensane av dette blei at VIDRIVE kom i eit økonomisk uføre allereie i starten.

Etter mange møter mellom kommune og VIDRIVE kom me fram til ei minneleg løysing der VIDRIVE fekk kr. 300.000,- i kompensasjon for tapte inntekter i perioden 26.11.19 – 19.02.20 vedr. salg av overskuddsvarme. Etter at me starta leveransar av overskuddsvarme (19.02.20) og fram til me stengde anlegget for sommaren, var leveransane om lag dei same som energiforbruket.

Det blir jobba med å få kobla Stord vgs avd. Saghaugen på leveransen frå skeisebanen. Dette er ein betydeleg kunde som vil vera med på å gjera heile driftsresultatet til VIDRIVE mykje meir interessant.

Kundar me i dag leverer overskuddsvarme til er: Leirvik skule, Stord ungdomsskule, klubbhuset på skeisebanen og Idrettshallane på Vikahaugane.

*Mvh Styret*



## Årsmelding 2020 - Stord Volleyball



Fra venstre: Trening i 2020, Stord volleyball mottok støtte fra Sparebank Vest, dugnad på sandvolleyball banen.

Året 2020 har vært prega av omstilling og uten moglegheit for langtidsplanlegging. Det har vært ei utfordring for alle å tilpasse seg situasjonen gjennom 2020. Styret er imponert over omstillingsevnen, engasjement og stå-på-viljen til alle i klubben, både spelarar, trenarar, foreldre, lagleiarar og styret.

### Styret

Leiar: Rikke Frafjord Ørstavik

Nestleiar: Bendik Sierra

Økonomi: Elise Eide Halleraker

Sponsoransvarleg: Elisabeth Nonås Fylkesnes

Styremedlem: Bente Lunde

Ungdomsrepresentant: Adrian Misini

Ungdomsrepresentant: Nanett Halwe

Det har vært gjennomført 11 styremøter. Nokre av møtene har vært digitalt, nokre var fysiske. Styret har konstituert seg sjølv etter årsmøte og har funnet ei god arbeidsfordeling. Det vert avholdt styremøte ca. 1 gang i mnd, og i tillegg hadde styret eit styreseminar med planlegging på hausten. Det har vært avholdt mindre prosjektgrupper frå styret ved behov. Styret har etter beste evne prøvd å fordele arbeidsoppgavene mellom styremedlemmene, slik at arbeidsbelastningen vert fordelt utover. Styret består av medlemmer i varierende aldersgruppe, der det er god takhøgde for nye forslag.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.1.6 - ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA

---

### **Koronasituasjonen**

12.mars 2020 vart det brått stopp i heile Noreg for all fritidsaktivitet grunna Covid-19. Frå mars og ut året har det vært føringar nasjonalt og/eller lokalt som har gjort at det i enkelte periodar ikkje har vært mogleg å ha trening. Hovudfokuset nasjonalt og lokalt har vært at dei under 20 skal ha moglegheit til å trene. Våren 2020 vart det opna opp igjen for trening i mai og ut sesongen for alle.

Hausten starta normalt med treningar, men i oktober vart det stopp for dei over 20, dei under 20 fekk fortsette med trening. Det opna att for trening for alle i desember.

Kampsesongen startar normalt i september/oktober, men grunna smittevernomsyn vart det satt ein stoppar for vidare spel mellom klubbane etter nedstenging i oktober. Herrelaget spelte ein heimekamp, og jentelaget spelte to kampar før ny nedstenging.

Pga. anbefalingar om å ikkje blande kohortar så har det ikkje vært teknikktraining på tvers av gruppene etter 12.mars 2020.

### **Økonomi**

Volleyballgruppa har hatt ein stabil økonomi igjennom året. Grunna situasjonen har det ikkje vært sendt ut full medlemsavgift iløpet av året, då mange ikkje har fått trent. Årsregnskapet gjekk kr. 62.800,- i pluss.

Grunna gode søknadsordningar pga. Covid19 så har volleyballgruppa fått god økonomisk støtte for tapte inntekter, primært for HobbyVolley.

### **Igjennom året 2020 har volleyballgruppa får støtte til følgjande :**

- Kr. 38.000,- Sparebanken Vest, koronafondet
- Kr. 20.000,- Sparebanken Vest for Musikkanlegg og streaming
- Kr. 60.000,- Lotteristiftelsen, krisepakke 1

Laget har og søkt om midlar til krisepakke 3, men midlane kjem i 2021.

### **HobbyVolley**

Grunna koronasituasjonen så kunne ikkje HobbyVolley arrangeres på våren eller hausten 2020. Klubben fekk støtte frå både Sparebanken Vest og Krisepakken frå myndighetene.

### **Sandvolleyballbanen**

Herrelaget tok ansvar for opphenging av nett på sandvolleyballbanen, klubben hengte opp plakat med treningstidene sine, og under dugnaden på sommeren blei det rydda fint opp på og rundt banen. I periodar med fint vær var det veldig mykje aktivitet på sandvolleyballbanen.



Arbeid med utbetring av sandvolleyballbanen på Nordbygda er i gang. Det har vært gjennomført møte med kommunen og fleire styremedlemmer. Bendik Sierra har tatt over ansvaret, og held dialogen vidare med kommunen her.

### Ungdomsgruppa

Ungdomsgruppa har hatt Adrian Misini som trenar.

Ungdomsgruppa starta opp med ei lita gruppe, og har igjennom året blitt ei gruppe der alle er motiverte og ivrige. Gruppa starta som U13, og vidare til U15. No er dei ei ungdomsgruppe med ein alder frå 12-18 år. Det er mange nye som har starta på gruppa, og det kjem stadig fleire som vil prøve seg på volleyball, no oftare enn før. Trenar Adrian er positiv til 2021, og trur det blir ein ny sesong med mykje læring og moro.

### Jente 19

**Våren 2020:** Januar starta med Serierunde#3 for J17 første helga i januar, det er veldig kjekt å spele på heimebane (sjå bilete under). Regionsmeisterskapen vart arrangert seinare i januar av Rossvoll, og med 3.plassen der kvalifiserte laget seg til NM som skulle arrangerast av KFUK/KFUM Stavanger. Gleda og forventningane til NM-deltaking var store, men som mykje anna dette året vart dette sjølv sagt både først forsøkt flytta og til slutt avlyst grunna Covid-19. Gruppa spelte fire kampar i 3.divisjon før nedstenginga i mars. Heldigvis vart treningane opna att i løpet av mai, om enn med noko mindre engasjement og intensitet enn vanleg.

**Hausten 2020:** Opprykk til J19, framhald med eitt 3.divisjonslag i tillegg. Gruppa rakk ein kampdag i kvar serie (J19 + 3.div) før smittevernomsyn sette ein stoppar for vidare spel mellom klubbane. Treningane gjekk meir eller mindre som før. I desember vart det gjennomført spelarsamtalar med alle ungdommane, og det var nyttig for alle partar. Jentene tok initiativ til ein felleskvelds rett før jul med god mat, quiz og fin stemning. Slike sosiale samlingar var det diverre lite av i 2020, men kjennest viktig og lagbyggjande.

**Året under eitt:** Endre Bjørn Ladehaug har som vanleg gjort ein framifrå jobb som trenar. Aud Jorunn Vedøy har som vanleg vore ei svært god støtte og medhjelpar for han, både i trening og i samanheng med kamphelgene. Geir Mosaker har som vanleg gjort jobben med kommunikasjon og koordinasjon som lagleiar. Teamet har som vanleg samarbeida veldig godt rundt gruppa. Nytt, godt og initiativrikt innslag er Adrian Misini sitt bidrag som hjelpetrenar sidan november. Omlag 12 spelarar er jamnleg innom treningane.





### **Dame senior**

Dame senior starta opp som eigen gruppe med treningar hausten 2019 og trente fram til mars 2020.

Damelaget starta opp med trening att 12.mai og trente ut sesongen. Treningane var i egen regi, og det var mellom 4-8 pr. trening. I tillegg var fleire av jentespelarane med på nokre av treningane.

Hausten 2020 starta Håvard Utbjoe Andersland som trenar for damelaget. Damelaget var påmeldt til å spele i 3. divisjon, men pga. ny nedstenging så vart det ikkje spelt kampar.

Damelaget har hatt fast trening onsdag og open trening torsdagar, med same tidspunkt som herrene. Fleire av U-19 spelarane har deltatt på treninga på onsdagane.

### **Herrelaget:**

Sesongen 2019/2020 vart avslutta i mars. Herrelaget starta ikkje med innetrening i mai, men hadde sporadiske treningar på sandvolleyballbanen ut sesongen.

Herrelaget har eit lag i 2.divisjon og eit lag for 3.divisjon. 2.divisjon spelte ein kamp hausten 2020, etter det vart kampane stoppa. Herrelaget hadde fast trening tirsdagar.



Herrelaget er trent av Øyvind Storebø med hjelp av Bendik Sierra. Det var godt oppmøte på treningane i august og september, og det var mange unge spelarar med på trening.

### **Open trening**

Normal trening fram til mars, starta deretter opp att i mai.

Hausten 2020 overtok Adrian Misini og Erik Nilsen Onarheim ansvaret for treningane. Det var trening fram til nedstenging.

### **Veterangruppa**

Veterangruppa har hatt trening torsdagar, samtidig med valgfri trening for dame og herre. Veterangruppa starta opp igjen på hausten med trening frå 20-22.

Stord 3. mars 2021

Styret





## ÅRSMELDING FRA IDRETTSMERKEUTVALGET 2020

Utvalet har hatt 1 møte med planlegging av dagar og der tider for prøvane vart bestemt.

Året som gjekk blei veldig spesielt p.g.a. Corona pandemien. Me måtte utsetta prøvedagane litt. Men vi fekk det til med vasking av kuler og elles holdt god avstand.

Utvalet har hatt 3 kveldar om våren og 3 kvelder om høsten kor deltakarane har kunne avlagt prøvane.

34 har tatt Idrettsmerke i år. Ein nedgang fra 2019. **Elles så vil vi fremdeles anmoda om at gruppene tar tak og får fleire til å ta Idrettsmerke. Her konkurrerer ein kun med seg sjølv. Veldig kjekt. Og det er øvelsar for alle.**

Oversikt over dei som har greid krava vart sendt til Hordaland Idr. Krets, Bergen.

Desse har vore i utvalet i 2019: Gisle Tjong, Per Lunde, Frank Pedersen og Marit S. Cruickshanks.

Dessvere så slutta Johannes Belsvik, Sigurs Riise og Nils Søvold ga seg i 2020.

Utvalet vil takka Tools/Maskinhjørna AS for lysinga i Bladet "Sunnhordland".

Elles vil eg sei at det er ein veldig entusiastisk og kjekk gjeng som er med her. Kjekke å jobba saman med. Håpar å sjå deg på stadion i mai eller september.

Helsing

Marit Sætre Cruickshanks Leiar Idrettsmerkegruppa



# Årsmelding allianse- idrettslag



*Idrettsglede heile livet*



**STORD FOTBALL**  
**1918 - 2020**

# **ÅRSMELDING 2020**



## ÅRSMELDING FOR STORD FOTBALL 2020

### INNLEIING

2020 har vore eit år for historiebøkene for Stord Fotball. Dessverre vert det ikkje for antall scoringar, cupseira, serievinnarar, spelarar på kretslag, eller spelarar på landslag. Me kjem til å hugse 2020 for alle kampane som ikkje vart spelt, alle tiltaka me måtte gjera, og alle hensyn me måtte ta i den nasjonale dugnaden for å halde Covid-19 smitta så låg som mogleg.

Det lukkast me med, men det vert kanskje ei mager trøyst for ein ambisiøs ungdom med eit bankande fotballharte. Det som er heilt openbart er at dugnaden fortsett inn i 2021 og me har ikkje noko anna val enn å følge dei råda og pålegg som vert gitt.

Me ser lys i tunnelen, men det er vel berre å innsjå at i alle fall vårsesongen vil verta farga av pandemien i fotballen, som alle andre plasser.

Det som har imponert styret i 2020; er den fantastiske vilja til å stå på og fortsetje med det me er glad i sjølv om me er pålagt begrensningar av ulik art. Me er fortsatt ein robust klubb som skal vera klar til framtida. Ja, pandemien har nok ført til ein del fråfall me kanskje ikkje elles ville sett, men samanlikna med andre har me klart oss godt. Me har fortsatt nokre brikker å få på plass i klubbpuslespelet, men stort sett alle lag er klar for den normale verda. Me har eit kvalifisert trenarteam og apparat rundt alle lag.

Me vil òg framheva at me i 2020 vart sertifisert som kvalitetsklubb. Eit mål som det er blitt jobba systematisk med over lang tid og som var eit absolutt hovedmål for 2020. Fantastisk bra.

Det er likevel viktig å skilje mellom det å vera sertifisert som og jobbe som ein kvalitetsklubb. Implementeringa er viktigare enn tittelen. Sanninga er aldri farlig, og me skal vera så ærleg å innrømme at me treng eit rammeverk for å sikre oss at dei verdiane som me set som grunnpilarar i klubben vår, òg blir etterlevd på banen. Rammeverket er på plass og det vert ei viktig oppfølgingsjobb for å sikre etterlevelse.

Til slutt vil styret takke alle i administrasjonen, alle frivillige og alle spelarane for ei utruleg uthaldenhet i ei vanskeleg tid.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### ØKONOMI

#### Rekneskap 2020 og budsjett 2021

Rekneskapen for Stord Fotball pr. 31.12.2020 syner eit driftsresultat med eit overskot på kr 1.789.123,-. Ordinært resultat inklusiv finanspostar viser eit overskot på kr 1.704.191,-. Eigenkapitalen er auka frå kr 1.584.712,- pr. 31.12.2019 til kr 3.288.903,- pr. 31.12.2020.

Budsjett for 2020 var i balanse med ei inntekt på ca. 8,5 mill kr. Rekneskapen viser ei samla inntekt i 2020 på ca. kr 6.892.000,-, en kraftig reduksjon samanlikna med året før på kr 9.122.000,- årsaka av pandemien. Samla drifts-, vare- og kapitalkostnader var i 2020 ca. kr 5.103.000, samanlikna med ca. kr 8.705.000 året før.

Resultat for 2020 viser dermed eit resultat som er ca. kr 1.691.000 betre enn budsjett. Dette takka vera gode støtteordningar, og kostnadsbesparelsar som eit resultat av mindre aktivitet og permitteringar.

Samla gjeld pr. 31.12.2020 er kr 3.659.268,-, der kr 1.465.738,- er lån i Sparebanken Vest, kr 111.861,-lån i Santander, og kr 2.040.000 lån hjå Stord kommune. Totalt er dette ein reduksjon i gjeld på kr 62.310 frå kr 3.721.578,- pr. 31.12.2019.

Styret har valgt å ikkje gjennomføre ekstra nedbetaling av gjeld til tross for forbetra likviditetssituasjon i 2020. Dette pga. den fortsatte usikkerheita knytta til 2021 aktivitetsnivå årsaka av pandemien. Styret har derimot vedtatt å overføre ca. kr 750.000,-, deriblant medlemskontingenten på 100,- per medlem, på fondskonto som ikkje i utgangspunktet skal brukas i dagleg drift.

Avskrivningar og renter knytt til garderobebygga, klubbhus og bil utgjorde kr 222.716,- i 2020.

Styret viser til revidert rekneskap med noter.

Rekneskapet er i 2020 ført av ECIT Stord AS (tidl. Aktiva Økonomiservice AS)  
KPMG har revidert rekneskapet for Stord Fotball i 2020.

Styret legg fram eit budsjett for 2021 til årsmøte som viser et underskot på ca. kr -270.000,- og ei inntekt på ca. kr 6,3 mill.



### ORGANISASJON OG TILSETTE

Stord Fotball har i 2020 hatt det ellevte året som eige idrettslag i allianse med Stord Idrettslag.

9. desember 2009 vart det i ekstraordinært årsmøte i Stord IL vedteke at Stord IL skal organiserast som eit allianseidrettslag. I skipingsmøte same dag vart Stord Fotball skipa som eige sær-idrettslag i allianse med Stord IL.

Samla har det vore 49 lag i Stord Fotball i 2020, medrekna 12 trear-lag. Dette er om lag like mange lag som i 2019.

Det var registrert ca. 500 medlemmer i 2020. I tillegg kjem trenarar, oppmenn og lagleiarar som samla utgjør ca. 120 engasjerte kvinner og menn.

Roger Matre har vore dagleg leiar i 2020. Han vart tilsett i Stord Fotball ved årsskiftet 2014 / 2015 etter at Stord Fotball og Sunnhordland Toppfotball slo seg saman. Robin Øvrevik og Jon Andre Røyrane er tilsett i delte stillingar mellom administrative oppgåver og trenarar for aktivitetar knytt til talentutviklinga i både barne og ungdomsgruppa. Espen Haugland har hatt ei viktig rolle i drifta av Akademiet.

Åge Aadland hadde i 2020 ein 25% stilling. Åge si hovudoppgåve har vore rekneskap. Jon Andre Røyrane hadde sin siste dag i Stord Fotball 15. desember 2020.

Frå 01.01.2020 vart Kim Rønningstad tilsett som hovudtrenar for senior herrer med delansvar for Akademiet og Talentskulen. Avtalen med Kim Rønningstad gjeld for 2 år, 2020 og 2021, men med opsjon på forlenging.

2020 har vore eit litt meir utfordrande år p.g.a meir sjukemeldingar enn normalt.

I tillegg har sjølv sagt Covid-19 påverka Stord Fotball. P.g.a Covid-19 vart alle tilsette permittert i minimum 1,5 mnd i 2020.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### VISJON OG MÅLSETJING

Stord Fotball sin visjon er nedfelt i mottoet «Breidde og Topp».

Med visjonen vår «Breidde og Topp» har me i Stord Fotball mål om å gi alle som ynskjer å spela fotball eit tilbod som skal gi den enkelte utøvar ei positiv oppleving og meistring i saman med vener i eit trygt miljø. I tillegg vil Stord Fotball og gi eit tilpassa tilbod til dei som vil trenar meir.

Stord Fotball ynskjer at tilbodet som blir gitt til barn og ungdom i klubben skal vera variert og at det legg til rette for ein arena der det sosiale og sportlege gir den enkelte motivasjon for å drive fysisk aktivitet. Tilbodet skal gi ein kombinasjon av lagspel og individuell utvikling, der god helse og fysisk dugleik er bærekrafta i ein sunn konkurranse med jamnaldrande.

Tilbodet skal ivareta dei nedfelte verdiane i klubben som er venskap, identitet, inkludering, nærleik, kvalitet og utvikling. Me ynskjer med dette at me kan medverka til at borna og ungdomane våre utviklar gode haldningar basert på gjensidig respekt både på og utanfor fotballbanen.

I arbeidet for å gi eit godt tilbod har Stord Fotball som Kvalitetsklubb fokus på opplæring av trenarar, lagleiarar, dommarar og styremedlemmer. Som Kvalitetsklubb har me satt oss som mål å følge krava til NIF for opplæringa. Gjennom motivasjons – og spelarutviklingstiltak for barn og ungdom i "Talentskulen", "Jenteløftet" og "Teknikkskulen", samt "Akademiet" (Fotball SFO) for dei yngste, ynskjer me å gi eit tilbod med høg kvalitet til både medlemmar i Stord Fotball og også til andre klubbar i regionen.

Me har i tillegg samarbeidsavtalar med klubbar i Bergen og Haugesund som kan gi dei aller beste eit ytterlegare utvida tilbod.

Stord Fotball har i 2020 følgt vår nedfelte strategi når det gjeld rekruttering til seniorlaga for menn og damer med fokus på ein balansert kombinasjon av eigenutvikling og tilføring av nye spelarar frå andre klubbar. Me har som mål at kvalitet og satsing på sportsleg utvikling vil gjere Stord Fotball til ein attraktiv arena og førstevalet for motiverte og treningsviljuge fotballspelarar i regionen.

Strategien for seniorfotballen har gitt motiverte og treningsviljuge ungdommar eit springbrett vidare og i 2020 ser me at fleire spelarar har tatt steget til høgare nivå i klubbar i både Bergen og Haugesund. Dette er noko me i Stord Fotball er svært stolt over.



### KLUBBUTVIKLING

Styret i Stord Fotball vil ha fokus på ei målretta utvikling av klubben kor me alle dreg i same retning. Ei utvikling kor det er samheng mellom det me seier og det me gjer og kor ein sunn og føreseieleg økonomi ligg i botn for aktivitetsnivået på alle plan. Det økonomiske resultatet for 2020 er tilfredsstillande, og er eit godt grunnlag å byggje vidare på. Me skal byggje ein robust og profesjonell organisasjon kor samhandlinga mellom dei friviljuge og dei tilsette er nøkkelen til sportsleg og organisatorisk vidareutvikling under mottoet «Breidde og Topp».

Ein vesentleg del av organisasjonsutviklinga vil vere retta mot eit felles verdigrunnlag som skaper identitet og klubbkjensle. Dei fysiske omgjevnadane for Stord Fotball er til stades gjennom full råderett over «Speakerbua» med fotballstova som møteplass, samt klubbhuset også kalla «Nye fotballstova» som var klar for innflytting våren 2018.

Den organisasjonskulturelle arena for samhandling, entusiasme og trivsel krev bevisstgjerung om kven me er, og kva med står for frå alle medlemmane på alle nivå.

Kvalitetsklubb prosjektet som har fokus på at det er Klubben som er SJEF har pågått over fleire år, der me i etappar har fått på plass dokumentasjon og gjennomført aktivitetar ihht. Fotballkretsen sine 22 kriterier, som ligg som krav til kvalitetsklubb sertifiseringa. Sportsplanen er eit av dei viktigaste dokumenta, og er grunnlaget for korleis den sportslege aktiviteten i laget skal drivast. Denne planen har vore revidert i dei sportslege utvala våre og den viktige delen er å få organisasjonen til å ta eigarskap til denne. Framover er det Sportsleg utval som har ansvar for å påsjå at denne vert etterfulgt og følge opp at nye trenarar/lagleiarar får kjennskap og eigarskap til denne. Eit anna viktig kriterie er trenarutdanning og krava som skal vera oppfylte der. I haust/vinter har ein jobba iherdig for å få trenarane våre på kurs. Kjersti Klingsheim har også i 2020 hatt ansvaret som utdanningsansvarleg, og har gjort ein svært god jobb med å følge opp at trenarane er blitt kursa, enten på kurs i egen regi eller frå kretsen si side. Gjennom kvalitetsklubb prosjektet har me fått på plass klare rollebeskrivelser for alle dei viktige rollene i organisasjonen vår. Noko me meiner vil gjera det enklare å rekruttera frivillige inn i Stord Fotball. Stord Fotball vart i 2020 klar for sertifisering som Kvalitetsklubb på nivå 1. Sermonien er utsatt p.g.a Covid-19.

Sportslege mål når ein ved hardt og målretta arbeid over tid. Om me har fokus på dei rette oppgåvene og tiltaka kjem suksess og måloppnåing som eit naturleg resultat av rett prioritering. Me ser no resultatet av mange års fokus på kvalitet i treningsarbeidet gjennom "Leirvik Talentskule" med påfølgjande satsing gjennom "Jenteløftet" og "Teknikkskulen" og "Akademiet" (Fotball SFO) for dei yngste.

Stord Fotball er heilt avhengig av eit næringsliv som ser verdien av å støtte organisasjonen sin aktivitet i lokalsamfunnet. Me ynskjer eit ope og nært forhold til våre sponsorar, og trur at me saman kan vere med å skape eit positivt oppvekstmiljø og moglegheit for sportslege utfordringar i alle aldersgrupper. Styret vil takke sponsorar og samarbeidspartar som har gjort det mogeleg å drive Stord Fotball i 2020, og ser fram til mange gode stunder på Langeland, Ås og Vikahaugane framover.





# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### SPELARUTVIKLINGSTILTAK 2020

Stord Fotball har i 2020 hatt nokre spelarutviklingstiltak som unge spelarar i Sunnhordland har kunna nytta seg av.

**Telenor Xtra** – ei fritidsordning med hovudvekt av fotball. Dette er eit sportsleg og aktivt alternativet til den ordinære skule fritidsordninga. Året 2020 starte med 35 deltakarar, medlemsmassen gjekk nedover ilt året. Ved årsskiftet av me 20 deltakarar. Tilbakemeldinga frå føresette til borna som slutta var at fleire ikkje ville delta i aktivitetar på kryss av skuleklasser og ordinær fritidsaktivitet - dette grunna koronapandemien. Treningar dette året har vore Espen Haugland, Jon Andre Røyra, Ida Natvik, Tuva Haga Skibenes og Robin Øvrevik

**Jenteløftet** – eit ekstra treningstilbod for jenter i frå 2.- 4 klasse i Sunnhordland. Tilbodet vart avvika i midten av mars og me fekk ikkje starta opp att tilbodet ilt 2020.

**Leirvik XTRA** – Ei samanslåing av den yngste gruppa på Leirvik Talentskule og Teknikkskulen gjorde at me oppretta eit nytt prosjekt for gutar og jenter frå 4.-7 klasse : Leirvik XTRA. Tilbodet har vore i gong så lenge me har hatt løyve av NFF å drive aktivitet. Også her har antall deltakarar blitt redusert utover året. Treningar har vore Kim Rønningstad, Jon Andre Røyrane og Robin Øvrevik.

**TALENTSKULEN** – Planen var å starte opp att Talentskulen hausten 2020. Dette skal vera eit tilbod for dei ivrigaste spelarane på sitt kull i Sunnhordland. Me fekk ikkje starta opp tilbodet i haust grunna koronapandemien. Tilbodet er retta mot gutar og jenter 13-15 år.



### **ANLEGG**

#### **Garderobebygg og klubbhus**

I 2014 kunne Stord Fotball flytte inn i egne garderobebygg både på Langeland og Vikahaugane. Bygging av garderobeanlegga og klubbhus vart gjennomført utan finansiell medverknad frå Stord kommune. Stord Fotball har realisert og fullfinansiert prosjekta sjølv med låneopptak, eigenkapital og spelemidlar. Bygga har allereie vist seg å vera ein suksess og føresetnaden for gjennomføring av terminfesta kampar på Langeland og Vikahaugane.

Fullføring av klubbhusdelen på Vikahaugane var satt litt «på vent». I 2016 vart samanbygging av «Fotballstova» og «Klubbhuset» med tilhøyrande universelt utforma tilkomst og uteområde fullført. Klubbhuset Vikahaugane var fullført våren 2018, og er no ein viktig møteplass for alle medlemmane i Stord Fotball. Styret vonar at klubbhuset og miljøet som vert skapt gjennom ein trygg sosial møteplass vil skape identitet og motivasjon for å drive med idrett. I 2020 har klubbhuset vore mindre brukt enn ein ynskjer. Dette p.g.a situasjonen med Covid 19.

Ein har òg utvida kjøkkenet i klubbhuset, den har fått opp veggar med vindaug i, slik at ein får ei kiosk-løysning, samt fått inn steamer. Her har Sparebanken Vest gitt midlar som har kome godt med.

Stord Fotball har søkt Stord kommune om lån og finansieringsmedverknad for garderobe – og klubbhusanlegga. Totalt er det utbetalt 3,0 mill. kr. i spelemidlar for garderobar og klubbhuset; 1,0 mill. kr. for kvart anlegg.

#### **Baneanlegg**

Dei «nye» kunstgrasbanane på Ås og Langeland gjer at både trening og kamplogistikken i barne- og ungdomsfotballen vert planlagt og gjennomført på ein oversiktleg og rasjonell måte.

Kunstgrasbanen på Vikahaugane står fram som eit moderne, komplett og brukarvenleg anlegg og har vært hovedarena for mange lag denne sesongen.

Grasbanen på Vikahaugane var i god forfatning i sesongen 2020, men var bare unntaksvis at den vart nytta som kamparena. Hovudgrunnen til dette var at senior herre, som hadde planlagt sine heimekamper på denne banen, ikkje fekk spelt ein einaste kamp i 2020. Det er von om at Stord kommune skal rehabiliterer grasbanen i 2021-2022.

Styret er no involvert i utarbeiding av planer for bygging av tribunetak.

Setene på tribunen mot grasbanen vart skifta våren 2020. Nye innbyttarbenker på grasbanen vart og ferdigstilte før sommaren.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### DOMMARAR

Årets dommarsesong vart som for alle andre amputert ift Covid 19. Vårsesongen vart kansellert – heldigvis så opna regjeringa barne & ungdomsfotballen i august slik at haustsesongen gjekk stort sett som normalt for de gruppene.

Ved utgangen av 2020 var me 10 aktive autoriserte dommarar i Stord Fotball (1 dømmer i Rogaland Fotballkrets). Me dømte til saman 105 kampar i ungdomsfotballen gjennom sesongen, noko som må seiast å være veldig bra.

Dommargruppa har ikkje hatt egne samlingar i 2020, men de fleste av oss deltok på eit sonemøte i februar med de andre klubbane i Sunnhordland. Fokus der var bl.a å prøve å løfte samarbeidet på tvers av klubbane og rekruttering av nye dommarar. Det er ved utgangen av 2020 kun 20 autoriserte dommarar tilknytt laga i Sone Sunnhordland. I tillegg er det 3 som representerer andre klubber, men som bur i sonen.

I august var 24 ungdommar frå G/J 13 laga på klubbdommarsamling. Dei gjorde ein kjempejobb med dømning i barnefotballen gjennom haustsesongen – berre gode tilbakemeldingar.

I Sunnhordland er det som sagt ved inngangen til 2021 manko på dommarar. Ein bør oppmode både vaksne og ungdommar, som av ein eller anna grunn gir seg/trappar ned med fotball, til å ta rekrutteringsdommarkurs som blir arrangert kvar vår i sonen vår – neste kurs er planlagd 20. – 21. mars 2021 på Bremnes.



### **KURS OG UTDANNING**

På grunn av den pågående corona pandemien, så er det begrensa kva kurs som kunne avviklast i 2020.

Trenarane i Stord har allikevel kunna deltatt på Barnefotballkveld, og dei har hatt moglegheit til å gjennomføra Grasrottenarkurs via e-læring.

I september vart det arrangert Fagsamling i Bergen, og fleire frå klubben deltok.

I prosessen med å verta Kvalitetsklubb, vart det arrangert Kvalitetsklubbmøter internt i klubben og med representantar frå Kretsen.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### **KVÆRNER PUTTEFESTIVAL**

I 2020 skulle Kværner Puttefestival arrangerast for 31. gong. Desverre vart det ikkje slik. Me planla for at me skulle arrangere Puttefestivalen, og me vurderte alternative arrangementsformer, for å kunne arrangere Puttefestivalen under dei rådande «corona-forholda». Men, i byrjinga av august såg me at det ikkje ville vera mogleg for oss å arrangere Puttefestivalen på ein forsvarleg måte. Litt seinare synt det seg også «corona-retningslinjene» til myndigheitene ikkje gav opning for å arrangera. Arrangementskomiteen skal ha ros og honnør for at dei heile våren og sommaren var positive og innstilte på å arrangere Puttefesitvalen. Dette for å gje 1 000 – 1 200 fotballglade born nok ei kjekk og god putteoppleving på Vikahaugane. At me måtte avlyse, skal me bruke som inspirasjon for å få det til i 2021. Så kryssar me fingrane for at alle våre trofaste samarbeidspartnarar vil vera med oss då også.

### **ØVRIGE ARRANGEMENT**

Stord Fotball har i 2020 arrangert følgjande:

Fotballskule i vinterferien, ei veke i februar.

Tine Fotballskule, ei veke i juni.

Fotball- og aktivitetsskule, ei og ei halv veke i august.

Sommarklubb, 3 veker i juni og juli.

Fotballskule i haustferien, ei veke.



### E-SPORT SATSING

Hausten 2020 inviterte Norges Fotballforbund alle fotballklubbar til å melde seg på kretsmeisterskap i FIFA21 på Playstation 4. Stord Fotball arrangera då til klubbmeisterskap der dei fire beste fekk tilbod om å representera Stord Fotball i kretsmeisterskapet. Det enda med ti utøvarar som konkurrerte der dei fire spelarane som representera Stord Fotball si E-sportsatsing blei Viljar Losnegård som er regjerande klubbmeister og kaptein, Håvard Handeland, Håkon Berg og Simen Grov, leiarar av prosjektet er Jarand Helland og William Rafdal.

Vinnaren av kretsmeisterskapet ville bli kvalifisert til Norges Meisterskap der ein skulle få konkurrera med heile 31 andre lag om tittelen Norgesmeister samt plass i topp ligaen.

Det var heile 18 lag påmeldt i Hordaland krets som igjen blei delt opp i fire grupper. Stord Fotball kom i gruppe D med Rong IL, Bønes IL 1 & Søreide IL Lag 2 og enda opp med 18 av 27 moglege poeng. Dette gav ein andreplass i gruppa bak Rong IL og kvalifikasjon til sluttspellet i kretsen.

I sluttspellet som blei kjempa best av tre kampar blei Os Fotball ein sterk motstandar i åttandedels finalen og Stord Fotball måtte diverre sjå seg slått ut. Os Fotball var ein formidabel motstandar og blei til slutt kåra til Hordaland kretsmeister 20/21.

Stord Fotball og IL Solid har etter kretsmeisterskapet inngått eit samarbeid der ein utover våren skal ha ei månadleg turnering med premiar til første og andreplass i form av FIFA Points som er ein valuta ein kan kjøpa spelarar for i FIFA spelet. I skrivande stund er det heile 21 påmeldte til den første samarbeids-turneringa som vil gå 19.-21. Februar.

Denne turneringa vil bli halden over internett for å minimera kontakt med tanke på Covid-19. Men Jarand, William & André Valvatne (IL Solid) håpar at når det blir mogleg at ein kan samlast i klubbhus eller liknande for å gjennomføra turneringar. Dette skal vera ein arena der ein skal ha fokus på å ha det kjekt, dela kunnskap, sosialisera, danna netverk og konkurrera mot kvarandre i eit trygt miljø med fokus på fair-play og respekt for kvarandre.

Stord Fotball håpar gjennom å arrangera turneringar at ein skapar interesse for E-sport på Stord og kunne rekruttera nye spelarar til kretsmeisterskapet 21/22 der det vil bli moglegheit for å stilla med fleire lag.

Vegen vidare no er dei månadlege turneringane samt å opne opp for eit samarbeid med lokale arrangørar av data-treff som for eksempel IPX som blir halden på Vikahaugane ein gong i året.

Beste helsing prosjekt ansvarlege  
Jarand Helland & William Rafdal



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### SENIOR MENN

Me hadde ein god inngong - og fekk raskt ein veldig fin dynamikk i gruppa.  
Me trente godt, strukturert - og fekk raskt vidareutvikling på dei viktigste områda.  
3 av 3 seiere i oppkjøringa, med ein målforskjell på 9-3.

Tor Andre Skimmeland, Ruben Træet, Martin Ness inn i troppen, samt juniorar som fekk ein kvalitativ treningskvardag med A-laget, stort sett kvar økt.

Guttane har forbedra resultatata på alle testane (95% av gruppa) frå januar 2020 til januar 2021.

Med eit pandemiår, så er ikkje det anna enn veldig imponerende.  
Det beskriv kva for ein gjeng me har med å gjere; Sultne, lydføre, audmjuke og profesjonelle «skaller», som trur på prosjekta me dessverre ikkje fekk vist i meir enn 3 treningskampar.

Tre nye spelarar inn på laget, Ruben Træet, Tor Andre Skimmeland Aasheim og Martin Ness.

Alt i alt et kjipt år, men me har vore produktive.

#### **Apparatet rundt laget:**

Kim Rønningstad -hovudtrener  
Jon André Røyane - assistent  
John-Andrè Njåstad - keepertrener  
Heine Nysæther Storevik - filmansvarlig  
Jan Aksnes - materialforvalter  
Ivar-Andrè Vedå - materialforvalter  
Svein-Aril Kjærland - ballhenter  
Oddvar Skard - rundt laget



### JUNIOR 1

Stord Junior 1 hadde ein fin oppstart med ei treningsgruppe på heile 24 spelarar. Treinarane Kjell Petter Neset og Robin Øvrevik hadde i utgangspunktet tenkt å ha ein mindre tropp, men gruppa var så homogen i høve til nivå at ein valde å unngå at spelarar måtte visast til jr 2 si treningsgruppe. Det siste frykta ein ville medføre motivasjonssvikt og fråfall blant spelarar som etterkvart ville bli gode nok for eit jr elitelag.

Fram til koronarestriksjonane fekk laget spelt fire treningskampar, men med etter at covid-19 viruset starta å herje vart det for Junior 1 som for alle andre lag ein bråstopp i aktiviteten.

Etterkvart vart det trening i mindre grupper med avstand, dvs isolert teknisk trening utan spel. Treningar utan spel mot mål og einssidig isolert trening vart utfordrande å motivere til etterkvart som tida gjekk. Ein reduserte antal treningar i veka periodevis til to-tre økter for å redusere faren for fråfall i denne perioden.

I august starta seriespelet opp att og det gav «motivasjonsboost» for heile gruppa. Det meste av a-laga i kretsen hadde forbod mot kontaktfotball. Dette gav ein betre jr serie enn på mange år. Opninga for kampaktivitet for ungdom under 20 år medførte at fleire lag stilte med overårige i seriespelet og store klubbar (t.d Brann) prioriterte jr serie for første gong på mange år. Fleire lag stilte med mange spelarar som normalt ville ha prioritert klubbens a-lag i kvar kamp.

Den tøffe motstanden medførte at Junior 1 fekk eit hovudmål om å halde plassen. Det vart mange tap, men laget hadde god sjanse til å unngå å vera blant dei tre laga som rykka ned. Då det var tre serierundar att å spele vart all fotball i landet stansa pga smittesituasjonen. På dette tidspunkt hadde laga i jr serien ulikt tal kampar spela og tabellen vart ikkje teljande. Skuffande for jr gjengen å oppleve at det i 2020 berre vart åtte-ni veker med seriekampar, men enormt viktig at det i det heile vart spela kampar.

Junior 1 klarte å halde gruppa samla gjennom sesongen og mange «nye» og unge jr spelarar fekk modne seg gjennom kampar mot svært gode lag. Det vil Stord Fotball kunne tene på i komande sesongar.





# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### JUNIOR 2

Det har vore eit fint år med Junior 2 gutane. Mange har vore på trening igjennom heile året. Nokon har vore litt, mens andre har kommet ut igjennom året. Men ca snitt på 15-20 på trening har det vore.

Me vart enige om å kun ha to treningar i veka - dette var det gutane sjølv som bestemte. Og treningane var mykje moro, med 45 minutters oppvarming og øvelser, etterfulgt av dei siste 45 minuttene med spel.

Men det er viktig at dette med Junior 2 var på guttane sine premissar. Mykje "lått og løye" og fotball med kameratar. Så gutane hadde det veldig kjekt.

I serie var me saman med Odda, Trio, Trott og Rubbestadneset. Lag som tok dette litt meir seriøst enn oss. Lag som trenar fire gonger i veka. Gutane visste at dette kunne verta tøft. Men gleda og iveren etter å spela fotball overskygga alle tapa som kom. Gutane var like motivert for kvar kamp sjølv om me tapte.

Me spelte dobbel serie på hausten, og havna sist. Men me hadde det utruleg morosamt saman. Og som trenar storkoste me oss med ein gjeng med utruleg kjekke ungdommar.

Jan Erik Stenberg, hovudtrenar.



### DAMER 1 & DAMER 2 REKRUTT

#### Vårsesongen

Damer 1 var komt veldig godt i gang med både treninger og trenings kamper før nedstenginga, og skulle reist på treningsleir til Tyrkia i påsken for siste forberedelsene til seriestart.

#### **Treningskamper fra 08 feb. – 10 mars oppsummeres slik:**

Åsane - Stord 3-2

Stord - Bremnes 1-0

Stord - Sandviken 0-5

Stord - Haugar 8-0

Stord - Loddefjord 3-2

Djerv 1919 - Stord 0-7

Stord damer rekrutt hadde si første trening for sesongen mandag 6.januar på Vikahaugane. Det var lagt opp til 3 treningar i veka. Januar vart ein god treningsmånad der både spelarmøter og taco-kveldar vart gjennomført. Det var godt oppmøte og gode økter. Første kamp i Vinterserien vart spela på bortebane mot Kalandseid som enda i ein sterk 3-0 siger. Vidare var Sædalen, Bønes og Fyllingsdalen motstandarar i ein sterk vinterserie.

Februar vart prega av litt snøfall som gjorde at det vart alternativ trening inne med basis styrkeøvelsar med Kvardagsatleten, dette var veldig god trening med gode instruktørar. Det vart også gjennomført nokre felles økter med damelaget.

12. mars kom beskjeden om at trening og kamp var stengt, då Covid 19 slo inn med full styrke over heile landet. Det var då pause til me forsøkte oss med ei trening igjen 22.april med smittevernsrestriksjonar. Framover våren vart det fotball utan kontakt, korona-konk og mykje styrkeøvelsar. Seriespel vart utsatt i det blå, men me fortsatte treningar i nydeleg mai-vør. Å trena utan å tidsperspektiv om kva tid seriestart ville bli tæra absolutt på. Gruppa varierete fra 5-13 spelarar, og det å halda motivasjonen oppe var verkeleg tøft. All honnør til jentene i denne perioden. Ei fast stamme var stabile på trening, og det var godt humør trass alt. Siste trening før sommarferie vart gjennomført 29.juni med påfølgande pizzasamling på Frugård. Det hadde vore ein merkeleg første halvdel av sesongen 2020.

#### Haustsesongen

Haustesongen opna for seriespel for dei under 20 år. Det vart då påmeldt eit lag i J19-serien, og det vart endeleg spela kampar igjen. Det vart samla til ei treningsgruppe for rekrutt/damer, der etterlengta seriespel endeleg var i sving igjen. Det var gode treningar med intetistet og trøkk. 23. august var årets første seriekamp mot Voss endeleg eit faktum. Vikahugane var klar for kamp igjen, og jentene vinn komfortabelt 2-0. Det vart fleire intense og tøffe kampar, og laget kniva heilt i toppen av tabellen gjennom heile hausten. Verdt å trekka fram er bortekampen mot Os/Nore Neset 25.september. Kampen var prega av høgt tempo, tette duellar og ein kamp det verkeleg lukta svidd av. Det enda 1-1, og det kunne vippa begge vegar. Siste seriekamp vart spela på Vikahaugane 2.november. I bitande kulde og surt haustvær synte jentene stor speglede og vann heile 8-0 i ein festaften på Vikahaugane.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### **Spelarsituasjon:**

Rekrutt hadde ein utfordrande vår med få spelarar på trening stort sett gjennom heile perioden. Motivasjonen knytta opp mot Covid-19 gjorde at nokre spelarar hoppa av, samt at nokre flytta vekk på studier.

Hautsesongen med ei treningsgruppe gjorde at både motivasjon og nivå på treningar vart bedre for jentene. Det er likevel verdt å nemna den gode innsatsen som vart lagt ned av den «faste stamme» som holdt treningane i gang på vårparten.

Det er også verdt å nemna at Stord jenten er ettertrakta også utanfor sommarøya.

Emma Jønsson skreiv i januar 2021 under for Viking.

Thea Notland fullførte permanent overgang til Åsane i starten av september 2020.

Sanne Lekven skreiv under for Sandviken i juli 2020.

Nina Vestbøstad og Synne Eide Bjørnebole signerte for Åsane i februar 2020.

Ida Holm Neset signerte for Sandviken november 2019.

### **Sponsorar:**

Stord Damer ynskjer å takka alle gode bidrag gjennom årets sesong. Ein sesong som har vært vanskeleg å skaffa seg dugnadspengar på. Vår hovedsponsor Subshore har bidratt på fremdragende vis med bekledning, noko som har fått fram samhold og inkludering i klubben til eit nytt nivå. Takk igjen!

### **Trenarar / støtteapparat:**

Det har vore mange som har bidratt i ulike posisjoner gjennom året.

Trenarar: Øyvind Mellestrand, Atle Ermland, Håkon Vestbøstad, Thomas Steenshon, Håvard Kvarme, Børre Pedersen og Arve Havnerås.

Støttepersonell: Rune K. Pedersen, Frode Skorpen, Anders Ekse.

I tillegg er det verdt å trekka fram Siri B. Vik for mat/trykking og diverse oppdrag utanfor banen.



### BARNE- og UNGDOMSFOTBALLEN

Det har vore ein spesiell sesong for alle laga våre i barne- og ungdomsfotballen. Koronapandemien har gjort det tidvis krevjande å halde aktiviteten i gong. Men samstundes har me opplevd at laga våre, trenarar- og støtteapparat og føresette har funne gode og tenlege løysingar innafør rammene av dei til ein kvar tid gjeldande smittevernsreglane.

For dei yngste laga er «trearotball» vidareført i Hordaland. Det er bra og gjer at mange spelarar blir aktive og ein del av spelet. Saman med gode naboklubbar har me fått i gang nokre «serieturneringar» sist haust for dei yngste årsklassane våre. Det har vore verdfullt. Kampen gir glede, meistring og inspirasjon. Og det gir kraft til det daglege og viktige treningsarbeidet.

Me opplever som klubb at mange barn i vårt nedslagsfelt ønskjer å spela fotball, og mange av årskulla er store og famnar breitt. Det lover godt for framtida. Gode trenar- og lagleiarar gjer dagstøtt ein flott jobb med å tilrettelegge og skapa god aktivitet for alle som vil, uansett ferdigheitsnivå og interesse.

På ungdomssida fekk alle laga våre ein tett, god og viktig kampsesong no i haust. Det har var viktig etter ein krevjande og amputert vårsesong. Ikkje minst er seriekampar viktige for å halde på interesse og motivasjon. Som klubb kan vi såleis vera stolte over flotte ungdommar og trenar- lagleiarar som finn glede, venskap og trivsel i fotballen.

Trenarutvikling og kompetansebygging har hatt fine vekstvilkår i 2020. Me har nytta oss av kretsen sine gode tilbod, ikkje minst på nett. Men me har og som klubb sytt for kursing og inspirasjonssamlingar på eigen kjø. I fotballen lærer me heile livet. Mange har til dømes set stor pris på at A-lags trenar Kim Rønningstad har besøkt mange lag for å dele kunnskap, inspirasjon og gi støtte. Slikt arbeid byggjer fellesskap.

Det er óg verdt å trekka fram gode møtepunkt og samlingar med trenarar- og lagleiarar, både kvar for seg som lag – men og på tvers. Det å lytta og fanga opp «ståa» hos dei enkelte laga, gå gjennom og ta eigarskap til sportsplan og verdidokument, få innspel og nye tankar på ting i klubben vår – er viktig for oss alle - i arbeidet med å vidareutvikla oss som kvalitetsklubb.

Verdt å nemne er óg det vitige arbeidet vi gjer saman med naboklubbane for å hindre fråfall blant barn og unge. Dette arbeidet vil gå vidare i 2021. Eit anna godt arbeid er samarbeidet med toppklubbane rundt oss, som gir eit ekstra løft og løp for vår ivrigaste spelarar.

Midt i ein koronapandemi som gir oss nokre utfordringar - opplever vi ei god kraft og fin interesse for å vera med og bygga klubben vår vidare. Det vert samarbeidd godt på tvers av lag og skulekrinsar - og me byggjer klubben i lag. Det overordna målet er å gje eit godt tilbod til alle. Våre trenarar- og lagleiarar sin flid og tid gjer ein viktig skilnad.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### JENTER 13

J13 (2007-kull) med Gjermund Vik som hovudtrenar, Morten Blikra Valvatne og Per Christian Rognli som ass.-trenarar var ved oppstartinga av året i alt 19 spelarar. Siri Bjelland Vik og Per Christian Rognli var også med som lagleiarar. Me starta friskt opp med tre treningar per veke og me fekk tidleg erfara at jenter i denne alderen kunne få typiske skader på anklar og kne. Mogleg me starta opp for hardt.

Fyrste cupen me deltok på denne sesongen var Mestergull Melhus Cup i Storhallen på Karmøy. Dette var ei god oppleving for dei som hadde høve til å delta. På tre kampar blei resultatata siger-uavgjort-tap.

I frå den 12. mars til langt ut i juni har me lite å melda. Den store gulrota Sør Cup gjekk fløyten grunna Covid-19. Me vaksne såg òg at motivasjonen ikkje akkurat lyste av jentene i det dei kom attende til korona-trening i juni. Kva skulle dei trenar mot? Me lova bort cupar frå hausten av, men dei blei heller ikkje noko av.

Ved oppstartinga av haustsesongen kom det inn både rykte og meldingar om at fleire ville eller hadde slutta. Motivasjonen var anten borte eller motivasjonen var retta mot andre ting. Og no var me 14 spelarar. Ein spelar hadde i tillegg brekt kragebeinet rett før skulestart på besøk i Rosendal. Så då hadde me ein enda tynnare stall.

Heldigvis kom serien i gong. Me spelte i den «lokale» Sunnhordlandserien. Motstanden var rimeleg, men den beste sigeren var nok mot Trott i første kamp. Skalpen me skulle hatt var nok mot Moster, men det blir fleire kampar.

Alt i alt er jentene og dei vaksne nøgd med innsatsen i serien, og kampane var den gode motivasjonen jentene trengte.

Jentene gjennomførte treningar fram til slutten av november. Me avslutta med sosial samling på Peppes Pizza.

Sidan den tid har Gjermund Vik, Morten Blikra Valvatne og Siri Bjelland Vik abdisert. Nye inn sidan før jul er Trygve «Bielsa» Tollaksen, Lars Petter Vatna og Marius Skåtevik. Tollaksen på trenarsida, medan Eivind Birkeland er støttehjul og motivator på lagleiararsida. Ved oppstart 2020 har me no 12 engasjerte spelarar.



### GUTAR 13

I Stord G13/G2007 (gutar fødd i 2007) har Stord Fotball ei lita gruppe med kjekke og ivrige fotballspelarar frå Leirvik- og Langelandsområdet. Grappa består av berre 14 spelarar. Gutane likar godt å møtast til trening og spela fotball saman. Treningsoppmøtet har stort sett vore veldig bra i alle år. I annerledes året 2020, hadde denne gjengen ca 90 fellestreningar. Dei fleste tradisjonelle. Ein del utradisjonelle. Her kan me nemne fellestreningar via Facebook, og fellestreningar berre beståande av individuelle øvingar.

Vårsesongen endte med coronapause og fotballtrening. Fotballtreningane var i stor grad med ulike restriksjonar. Kampar utgjekk. Treningsleir på Moster utgjekk. Og, sommarturnering i Kristiansand utgjekk.

Hausten vart litt meir innhaldsrik enn våren. Me fekk stort sett trene som normalt. Og, me fekk spela seriekampar. Seriekampane spelte me i 1. divisjon i nord Rogaland. Resultata var litt så der. Men, me hadde i alle kampane større eller mindre periodar der me presterte godt.

Alt i alt, var 2020 nok eit kjekt år med Stord Fotball G13/G2007.

I apparatet kring Stord G13/G2007 finne ein Bjarte Endal, Frode Havn, Einar Tholvsen og Einar B Valland.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### GUTAR 14

Laget starta året med 23 spelarar i troppen (2006 kull), og hadde planlagt å melde på eit lag i 1 div Hordaland og eit lag i 2. div Hordaland.

Atle Nilsen har vore ein meget dyktig hovedtreinar for laget, og me hadde òg i år gleda av å ha keepertrener Leif Tore Lid på feltet. Marius Hope, Frode Olsen og Trond Lekve var og med i trenarteamet.

Treningane dei første vintermånadane gjekk fint med stort sett gode treningsforhold, men oppmøte på treningane vart litt mindre enn tidligare. Me merka nok at me no er 14 år og at ungdomsfotball kan opplevast litt meir krevjande enn barnefotball å delta i.

Dette var likevel året då laget skulle delta på si første store turnering, og dugnader og flaskeinnsamling var allerede godt i gang for å få ned eigenandelen til Norway Cup. Som alle veit fikk vi Covid-19 situasjonen i mars, og kjekke fellestreningar vart brått umogeleg. Likevel kom me straks i gong med eigentreningsprogram og trenarar sendte ut forslag til øvingar og ulike aktivitetar for å prøve å halde gjengen i gong. Mange gjorde ein fantastisk jobb med dette, medan andre nok fikk motivasjonsproblem når dei no mista det sosiale samt poenget med fotball, å samlast på ein bane.

Utover våren mot sommaren følte me nok at me hadde «mista» ein del spelarar. Når me kom i gong med fellestreningar, framleis med avstand, var oppmøtet betydelig lavare enn i vinter.

Det vart klart at me ikkje hadde grunnlag for 2 lag, og når oppstarten etter skuleferien kom hadde me 5 spelarar mindre å rutte med.

Likevel vart me glade for at me fekk komme i gong med seriespel, sjølv om det skulle bli ein brokete haust, der vi ofte fekk problemer med å få spelt kampane.

Karantene hos motstandarane og utsettelse av kamp vart avløyst av at den eine skuleklassen etter den andre i vårt lag måtte ut i karantene. Når fristen for avvikling av kampane gikk ut i november mangla vi framleis to som var ståande uoppgjort.

Det sosiale miljøet rundt laget vart naturleg nok også prega dette året. Norway Cup og andre turneringer vart avlyst, og i store perioder var det ikkje tilrådd å samlast.

Etter sesongen valgte ytterligare 3 spelarar å takke for seg, samt at to spelarar melde overgang til FK Haugesund/ Avaldsnes, slik at gruppa inn mot neste sesong er på 15 spelarar.





### JENTER 15/17

Før sesongen 2020 slo me saman jentene i årsklassen 04/05/06 til ei treningsgruppe. Me var då 33 spillere og stilte med eit lag i J15 1.div og et lag i J17 1.div i Rogalandserien.

Det var knytta litt spenning til å slå i saman desse jentene pga aldersforskjell, men det viste seg å ikkje væra noko problem. Grappa fekk fort eit godt samhald og miljø.

Etter nokre månadar med korona-trening fekk me endeleg komma i gong med kampar. Majoriteten av jentene fekk prøva seg både på j15 og j17. Resultatmessig enda J15 på ein flott 3 plass og J17 drog i land seieren i serien.

Me i trenerteamet er fornøgd med 2020 sesongen og ser at jentene har hatt fin framgong og utvikla seg godt.

Trenerteamet har bestått av Oddvar Skard, Øyvind Skåla, Jonny Enoksen, Bjarte Litlabø, Ørjan Stokka, Atle Heggøy og Lars Klingsheim.



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---

### GUTAR 15/16

Gruppa var ny av året og bestod av ca 40 spelarar frå G04 og G05. Me hadde ein flott oppstart over nyttår med mange ivrige og motiverte spelarar. Målet for sesongen var å behalde alle spelarane gjennom året, samt å utvikla oss vidare fotballmessig. Me ønskte å vera eit lag som kunne styra kampane med «spelande fotball».

Gruppa hadde i utgangspunktet 4 treningar i veka, i tillegg til kampar.

Me fekk gjennomført eit par gode treningskampar og ein G16 NM-kvalik kamp før korona situasjonen sat sitt preg på resten av året.

I perioden mars til juli vart det eigentreningar, treningar i små kohortar, og etter kvart treningar i større grupper. Alle kampar og cupar som var planlagd våren og sommaren vart avlyst. I tillegg merka me òg at motivasjonen til spelarane dalte ein god del i denne perioda.

Heldigvis fekk me starta haustsesongen med håp om noko som likna ein vanleg fotballsесong igjen, og me fekk gjennomført eit par treningskampar før serien starta opp.

G16-1 deltok i 1.divisjon Rogaland, og G16-2 deltok i 2.divisjon Sunnhordland, og begge laga våre fekk gjennomført haustkampane i serien som planlagd.

G16-1 enda på ein 4 plass, mens G16-2 enda på ein 6.plass i sin serie. Spelemessig var begge laga våre det førande laget i mange av kampane, sjølv om resultatet nokon gongar viste det motsatte.

Alt i alt ein greit gjennomført haustsesong, situasjonen tatt i betraktning. Me fekk rotert ein del på spelarane mellom laga, og me klart å behalda dei aller fleste spelarane i gruppa, gjennom sesongen.

Ekstra kjekt at me i løpet av hausten fekk 2 nye spelarar med i gruppa.

Gruppa har hatt 4-5 spelarar fast med i FKH akademiet gjennom sesongen. Nokon har òg hospitert i juniorgruppa.

*Hovedtrenarar for gruppa har vore Svein Helge Eide og Jan Kennet Henriksen. Trenarar har vore Johnny Raunholm, Trond Eirik Samdal Nielsen, Gustav Hamre og Magne Klingsheim. Keepertrenar: Jarle Kaldråstøyl. Lagleiarar har vore Linda Heideinreich-Riis og Karin Toft.*

# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.1 - ÅRSMELDING STORD FOTBALL

---



Styret vil takke administrasjonen og dei tilsette, trenarar, lagleiarar som brukar fritida si på å gje born og unge eit godt tilbod i klubben, og til slutt takk til alle sponsorar og støttespelarar som har vore med å bidratt i eit noko spesielt 2020.

Me håpar me snart kan byrje å sjå fram til ein spanande fotballsesong, for alle laga i løpet av 2021.

**Stord 04.03.2021**

Skjalg Myklebust  
Styreleiar

Trond Lekve  
Nestleiar

Mika Visti  
Styremedlem

Aud M. Litlabø  
Styremedlem

Jarand Helland  
Styremedlem

Linda Heidenreich-Riis  
Styremedlem



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2020 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



#### Innleiing

På grunn av pandemien Covid-19 har det vore eit annerledes år. Alle rankingløp før sommarferien vart avlyst, men det vart lagt til rette for eigenorganisert o-aktivitet med vanlig og digitale treningsløyper. Turorientering fikk eit nytt rekord med 963 selde tur-o pakker. Medlemstal gikk litt ned i 2020, Stord orientering har nå 63 medlemmar. Styret har hatt 2 styremøte i 2020. W.Engelsen Etf. har sponsa løpsannonser i avis Sunnhordland. Avtalen vert vidareført i 2021.

Frå og med årsmøtet i mars 2020 har orienteringsgruppa hatt følgjande styre :

Leiar	: Irinja Almås
Kasserar	: Nina Hagerup
Styremedlem ungdom	: Nina Mæland Polden
Styremedlem kart	: Åge Hovden
Styremedlem teknisk og nestleiar	: Tove V. Agdestein
Varamedlem	: Bjarthe Westerheim

I tillegg har desse nemndene fungert:

Kartråd	: Åge Hovden
Materialforvaltar	: Kenneth Westerheim
Rankingførar	: Ove Vedøy
Rekruttering:	: Ingen
Turorientering	: Storatraven :Arne Henrik Hovden, Steinar Slettemark, Jon Magne Bratseth, Even Rolfsnes Litlatraven, Gerda Øen, Jan Ove Øen
Uttaksnemnd	: Jarle Halland
Valnemnd	: Anne Løver og Henrik Ottesen
Revisor	: Arne Henrik Hovden og Arne Bjelland

#### Arrangement

Grunna restriksjonar i samband med Covid-19 vart det meste av terminfesta løp avlyst. Som erstatning vart det lagt til rette for eigenorganisert o-aktivitet med usynleg-oløp og digitale treningsløyper. Om hausten arrangerte klubben to rankingløp, og Sveio o-lag arrangerte nærløp som også var løp i Sunnhordlandsranking.

Nybyrjarkurs: Klubben annoserte eit nybegynnerkurs som bestod av 4 trening for barn i september, men det var få/ påmeldte unnateke to kvelder då det samtidig var ein innføring i orientering for Trott allidrett. Det var rundt 15 barn da.

Kretsløp: Kristtornløpet og Romjulsløpet vart avlyst.

Lokalløp: 3 løp i august-september.

Årsavslutning med samling og pizza vart avlyst pga. Covid-19. Premie kunne hentast i idrettstova.

# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2020 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag

Løp.nr.	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	Gj. snitt
1994	115	120	109	96	102	122	71	39	98	85			96
1995	96	93	80	90	66	84	68	80	79	58			84
1996	81	105	91	91	92	84	83	74	83	89			87
1997	108	76	87	83	79	94	92	85	70	51			83
1998	75	77	76	88	64	71	65	58	50	68			69
1999	72	71	069	75	52	66	73	80	70	49			68
2000	49	91	64	38	83	61	58	77	68	64			65
2001	63	59	59	90	48	34	60	62	59	62			60
2002	75	58	53	64	63	45	44	57	41	45	56	57	55
2003	66	72	60	71	69	68	54	50	60	54	58	38	60
2004	65	61	53	57	66	31	54	54	51	64	67	66	58
2005	53	64	42	51	50	44	45	52	60	62	59	66	55
2006	38	53	61	54	74	57	54	57	35	50	60	65	55
2007	56	57	59	43	60	47	62	42	65	58	58	60	56

2008	59	63	58	36	56	35	33	66	58	51	31	56	50
2009	49	72	55	40	53	51	44	52	35	56	51	56	49
2010	66	69	47	28	58	51	38	30	55	59	50	49	50
2011	69	59	66	40	43	41	35	44	49	63	54	36	50
2012	57	67	36	75	48	47	55	62	61	51	55	53	55
2013	78	62	70	36	56	69	63	61	58	41	65	49	60
2014	65	68	56	41	62	26	51	63	49	48	33		52
2015	72	56	39	43	51	42	49	35	35	39			46
2016	63	41	63	36	36	59	40	35	32	40			44
2017	46	32	48	38	34	39	37	36	42	27			38
2018	31	39	32	28	31	26	41	20	22	40			31
<b>2019</b>	<b>40</b>	<b>37</b>	<b>29</b>	<b>39</b>	<b>35</b>	<b>31</b>	<b>23</b>	<b>13</b>	<b>18</b>	<b>33</b>			<b>30</b>
<b>2020</b>								<b>27</b>	<b>24</b>	<b>20</b>			

#### Deltakaroversikt 2020

	18.08	25.08	01.09
<b>Nyb</b>	4	4	3
<b>Kort C</b>	3	2	1
<b>Kort B</b>	10	7	6
<b>Lang</b>	10	11	10
<b>Sum</b>	27	24	20

#### Sportslege resultat

Sjølv om dei fleste lokale løp vart avlyst, var det nokre ivrige medlemmer som fann fram til regionale og nasjonale løp. Honnør til Edel, Sigvald, Kenneth og Ingolf som har vore sterke representantar for Stord orientering denne sesongen. Av gode resultat kan nemnast:



# SIL ÅRSRAPPORT 2020

## SAK 6.2.2 - ÅRSMELDING STORD ORIENTERING



### Årsmelding 2020 – Stord Orientering



I allianse med Stord allianseidrettslag

#### Fjord-O:

1. Kenneth Westerheim H45- samanlagt (86 deltakarar)
2. Edel Slettemark D 70- samanlagt (20 deltakarar)
3. Sigvald Robberstad H70- samanlagt (51 deltakarar)

#### Vestlandsmesterskapet (DM) mellomdistanse:

2. Sigvald Robberstad H70- (10 deltakarar)

#### KM mellomdistanse

3. Kenneth Westerheim H17- (31 deltakarar)

#### Veteranmesterskapet langdistanse

7. Ingolf Dybvik H80- (31 deltakarar)

#### Odda 2-dagars

1. Sigvald Robberstad H70- (9 deltakarar)

#### Turorientering

Året 2020 gav tur orienteringa ei enorm vekst i deltakinga då koronaviruset stengte ned all form for organisert trening og konkurranse. Tur-o var ein av få aktivitetar som fekk lov til å verta gjennomført då ein kunne overhalda smitteverns restriksjonane som hadde krav til avstand mellom personar og kontaktfri registrering av postane. Månadens post vart difor i år registrert kun via tur-o på nett eller sms og ikkje via den tradisjonelle boka i postkassane.

Det vart seld 963 (532 i fjor) tur-o konvoluttar totalt for begge «travane» i år, Storatraven 497 stk (287) og Litlatraven 466 stk. (245). Dette er «all time high», ref tabell og graf under.

Karta i år for Storatraven var Øvre Økland, Digernes og Dalskarvatnet og for Litlatraven var det Gullberg og Hustrudalen. 624 (234) personar har registrert klippa sine i «Tur-o på nett» sida i 2020.

Totalt 162 personar (77) tok alle postane i Storatraven (60 postar), og 329 personar (121) i Litlatraven (30 postar). Det var 120 personar (58) som tok alle 90 postane.

Månadens post deltakinga måtte i år gjerast om på pga Koronaen. Det vart bestemt at alle som hadde registret posten på nettet då månadens post skulle trekkast, uansett kva månad ein hadde teke posten, var med i trekninga. Det førte til at det vart mange fleire enn normalt som var med i år.

Vinnaren i år av alle månaders post (5 stk) vart Mari Nævdal Hellestveit som fekk gåvekort på kr. 1000,-.

Nytt i år var premie for «alle 90 postar», det vart trekt eit gåvekort på kr 1000-. Premien vart vunne av Magne Førland. I tillegg vart det delt ut 5 gåvekort a 300kr blant dei som var registrert på nett.

I Litlatraven var det medaljar for dei under 16 år som hadde klart merkekrava. I tillegg vart det trekt 5 gåvekort a' 300 kr blant dei som tok alle 30 postane

Sidan Norge vart stengt ned og myndighetene oppfordra til dugnad i landet så laga Stord Orientering til eit gratistilbod innan tur orientering som sitt bidrag. **Koronatraven** vart navnet og 230 personar registrerte seg på nett. Dei tre karta frå Landåsen, Ådlandskogen og Prestegardsskogen vart tilsaman lasta ned 900 gonger så ein vil tru det reelle deltakartalet var noko høgare enn 230.



### Årsmelding 2020 – Stord Orientering


I allianse med Stord allianseidrettslag

Det vart delt ut 5 gåvekort a 300 kr i Koronatraven ved trekning.

Me opplevde dessverre i år at det forsvann postar i Storatraven og Litlatraven, men desse vart raskt erstatta med nye postflagg.

Storatraven vart arrangert for 49. gong og Litlatraven for 8. gong.

statistikk tur orientering	år									
	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
<b>selde tur o posar</b>										
Storatraven (1972)	213	277	278	278	244	297	306	257	287	497
Litlatraven (2013)			150	185	175	210	253	200	245	466
totalt begge	213	277	438	463	419	507	559	457	532	963
<b>personar delteke :</b>										
tur-o nett brukar	114	122	188	148	167	218	236	202	234	624
alle postar Storatraven	36	52	67	52	53	73	77	77	77	162
alle postar Litlatraven			42	44	55	60	64	65	121	329
registrert månadens post (bok)			296	188	213	215	227	202	214	NA



### Ungdom og rekrutt

Ein planla nybegynnerkurs i september og det blei halde trening for Trott allidrett gruppe. Det har vore 3-4 barn i rankingløp som blei gjennomført i år.

### Kart

Kartarbeid er utført av Åge Hovden.





### Årsmelding 2020 – Stord Orientering

I allianse med Stord allianseidrettslag



Det blir arbeida med å transformera Alt-karta til Euref89 koordinatsystem. Kotesystemet basert på laser koter blir implementert. Alt-sør er ferdigstilt. Dei andre karta Alt-midt og Alt-nord er under arbeid.

Det er utført synfaring i området Dale – Ådlandsvatnet på Alt-midt kartet. Oppdatering er utført mot Litlabøgardane-Kannelønning-Stua-Lønning til Ådland bru. Det vil bli synfart nordover frå Stua mot Vatna-Øvre Økland i vinter.

Det er laga nytt kart i Kvelve. Kartet dekker området frå parkeringsplassen på Heio – Kattnakken TV mast – over til Kudalen og til Klovfjellet i vest- sør mot Stovegolv plataet og Nibbo og nedover til Fossabrekko. Dette området blir brukt i tur orientering i 2021.

Til sommaren blir kartet utvida til å dekkja Stovegolv plataet og vest til Skårafjell såta og nordover til fjellkammen mellom Tjødnadalane og austover til Midtfjellet.

Gatekartet Leirvik sør. Kartet er utvida sørover til å dekkja Spikeråsen mellom Skjærsholmane og Hodnalandsvågen. Området mellom Fylkesvegen og Sæbø gard er oppdatert. Sæbøhaugen er synfart. Nybygg i Langelandstølen er oppdatert.

Vedlikehald synfaring er utført for Alt-karta. Ein del nye hogstfelt er lagt inn i Landåsen og i Lønningsdalen. Blå merka turløyper blir lagt inn på karta der eg kjem over dei.

#### Økonomi

Økonomien i gruppa er god. Rekneskapet viser at gruppa gikk i pluss 68.777-.

Av avvik mellom budsjett og resultat kan nemnast t.d:

- Turorientering fikk høgare kostnader (49.134,-) enn budsjettet (20.000,-), men inntekter blei også høgare (114.750,- mot 60.000,-).
- Det blei mindre inntekter og utgifter knytta til løp grunna covid-19.
- Når det gjeld medlemskontingent blei det fakturert i desember (via Klubbadmin etter kravet frå idrettsforbundet) og ein del inntekter der blir ført på 2021 i rekneskapet.

Styret

ÅRSMELDING 2020



## STORD SYMJING



**TUSEN TAKK TIL SPAREBANKEN VEST og ING ØYVIND JØRGENSEN AS FOR  
FANTASTISK STØTTE I EI UTFORDRANDE TID**



### ÅRSMELDING 2020



#### Innhold

Rapport frå Styreleiar	3
Vedtak gjort av styret i 2020:	4
Økonomi	5
Kurs og Konferansar	5
Stevner i 2020	6
Sportslege resultat Satsing	7
Mellompartiet	8
Minstepartiet	8
Trenere i klubben	9
Stord Swim Cup	10
Treningsleirer	11
Sosiale arrangement	11
Rekruttering	11
Symjeskulen	12
Dommere	13
Tidtakaranlegget/utstyr	13



## ÅRSMELDING 2020



### Styret

Styret 2020 har bestått av;

- Vanja Storetvedt – Leiar og Politiattest ansvarleg
- Marianne Kolstø - Nestleiar
- Margareth Simonsen Råen - Kasserar
- Aleksander H. Ottesen - Styremedlem med ansvar for medlemsregisteret
- Sigmund Mongstad Hope – Styremedlem, oppmann
- Espen Nylund - Styremedlem med ansvar for det tekniske
- Rebecca Hildebrandt-Paulin - Ansvar for symjeskulen og Barneidrett ansvarleg
- Nora Visnes - Utøvarrepresentant i styret
- Oda Karin Nordfonn - Varamedlem styret med ansvar for sosiale media
- Per Inge Eithun - Varamedlem styret - basseng kontakt for trenere
- Cathrine Brady - Varamedlem styret

Styret har frå sist årsmøte avholdt 9 styremøter.

### Rapport frå Styreleiar

2020 har vert eit spesielt år prega av pandemien Covid-19. Pandemien har påverka treningar, stevnedeltakelse, dugnad og egne arrangement. Mellom mars og juni vart det diverre ikkje åpning for å avvikle treningar. Etter 3 mnd. ute av bassenget fekk me eit par veker med trening før sommarferien, dette var kjærkomment for at våre symjarar kunne få litt vannfølelse før dei tok ferie. Heldigvis fekk Satsing muligheten til å nytta bassenget nokre veker gjennom sommerferien. Etter ferien var situasjonen også slik at me kunne starta opp med igjen og halde fram ut året.

Det har vært behov for ekstra organisering og dugnad ifm. smittevern på treningar. Styret vil nytta muligheten til å takka alle foresatte for dette viktige og avgjernade bidraget for å avvikle treningar.

Diverre har smittesituasjonen utelukka det meste av stevnedeltakelser i 2020.

Også Stord Symjing sitt eige storstevne måtte avlysast dette året.

Stord Symjing har i 2020 delteke på de fleste gruppeleder møter i Stord IL.

I 2020 har Stord Symjing tatt i bruk Spond som kommunikasjonskanal for medlemmene.

Spond har også vært brukt til oppmøtelogg for treningar med tanke på eventuell smittesporing.

Stord Symjing nyttar framleis heimesida som blir brukt til generell informasjon. På heimesida finn ein også handboka til Stord Symjing.

### ÅRSMELDING 2020



Stord Symjing har sidan oktober 2017 vert medlem i Rent idrettslag som er eit samarbeidsprosjekt mellom Norges idrettsforbund og Antidoping Norge.

Stord Symjing har symjeskule som er tilslutta Grenskolen i Norges Svømmeforbund (NSF). Dette er eit populært tilbod.

I 2020 har Stord Symjing hatt eit betydeleg skifte av trenarar i Satsing gruppa. Ronny Onarheim og Jan Kåre Fjeldstad har takka for seg etter mange år som trenarar. Me sett stor pris på det viktige bidraget dei har levert gjennom deira tid Stord Symjing. Som erstatning for Ronny og Jan Kåre er Frida Storetvedt Husebø og John Norheim kommen inn.

Stord Symjing har også i 2020 hatt kvalifiserte symjarar til Nordsjø, LÅMØ, NM og UM. Meir info om dette kan du lesa under Sportslege resultat.

Stord Symjing har tatt inn nye medlemmer også i 2020, men diverre har me ikkje hatt muligheten til å ta inn alle som står på venteliste.

### Vedtak gjort av styret i 2020:

- Stord Symjing betaler tilbake for antall kursdager som ikkje er gjennomført i Symjeskulen pga. Covid-19.



## ÅRSMELDING 2020



### Økonomi

Regnskapet viser eit overskott for 2020 på kr 188.053,- mot eit underskott for 2019 på kr 99.431,-. Totale inntekter for 2020 er kr 715.944,- mot kr 1.131.055,- i 2019 dette inkluderer både sponsorinntekter, LA-midler, mva-refusjon og andre tilskudd samt inntekter frå egne arrangement. Varekostnaden er for 2020 på kr 11.509,- og for 2019 var den kr 60.286,-. Utbetaling av lønn til trenarar har i 2020 er på kr 117.749,- mot kr 84.934,- i 2019. I 2020 er det nokre trenarar som har fått utbetalt lønn over kr 10.000,- som er grensa for skattefri utbetaling frå ideelle organisasjonar. Dei som har mottatt utover kr 10.000,- i løpet av 2020 må innrapporterast til skatteetaten via a-melding. Andre driftskostnader er i 2020 på totalt kr 400.927,- medan det i 2020 var kr 1.087.869,-.

Leiar`s kommentar: Overskottet i 2020 er knytt til mindre utgifter ifm deltakelse på stevner og avlysing av høstens treningsleir, samt mindre leigeutgifter for basseng då treningstilbudet vart stoppa pga Covid 19. Overskottet vil komma godt med i 2021 då ein ser for seg mindre inntekter ifm det årlige stevnet, ein meir normalisert aktivitet i klubben og behov for å investere i trenarar og kursing.

### Kurs og Konferansar

Stord Symjing har i 2020 ikkje deltatt på kurs/konferansar.



### ÅRSMELDING 2020



### Stevner i 2020

Deltakinga på stevner i 2020 har vore redusert som følgje av Covid-19 situasjonen.

#### Approberte stevner

Dato	Stemne	Stad
11.01-12.01	Haugaland Kraft Open	Kopervik
24.01-26.01	Skagerrak Swim	Kristiansand
25.09-27.09	Ado Open	Bergen
16.10-18.10	NM Ungdom 2019	Tromsø
24.10	Bømlostemnet	Bømlo
30.10-01.11	Nordsjøstevnet	Stavanger



### ÅRSMELDING 2020



## Sportslege resultat Satsing

25 på topp - beste poengsum i 2020-sesongen:

Nr	Navn	Distanse	Tid	Poeng	Dato	Sted	Basseng
1	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Butterfly	26,51	592	25.01.2020	Kristiansand	50m
2	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Fri	24,13	590	30.10.2020	Stavanger	25m
3	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Fri	24,98	586	25.01.2020	Kristiansand	50m
4	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Butterfly	26,64	584	25.01.2020	Kristiansand	50m
5	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Butterfly	26,05	582	31.10.2020	Stavanger	25m
6	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Fri	25,30	564	24.01.2020	Kristiansand	50m
7	Odin Hildebrandt-Paulin	100m Fri	54,40	563	27.09.2020	Bergen	25m
8	Odin Hildebrandt-Paulin	100m Fri	54,43	562	12.01.2020	Kopervik	25m
9	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Fri	24,53	561	12.01.2020	Kopervik	25m
10	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Fri	24,54	561	26.09.2020	Bergen	25m
11	Odin Hildebrandt-Paulin	100m Fri	54,53	559	31.10.2020	Stavanger	25m
12	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Butterfly	26,41	558	25.09.2020	Bergen	25m
13	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Butterfly	26,66	542	11.01.2020	Kopervik	25m
14	Nora Visnes	50m Bryst	35,52	519	01.11.2020	Stavanger	25m
15	Odin Hildebrandt-Paulin	100m Butterfly	1.01,62	518	24.01.2020	Kristiansand	50m
16	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Fri	26,06	516	26.01.2020	Kristiansand	50m
17	Nora Visnes	50m Butterfly	30,54	508	31.10.2020	Stavanger	25m
18	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Fri	25,48	501	11.01.2020	Kopervik	25m
19	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Butterfly	28,08	498	24.01.2020	Kristiansand	50m
20	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Butterfly	27,44	497	11.01.2020	Kopervik	25m
21	Didrik Gudding	100m Fri	59,19	497	26.01.2020	Kristiansand	50m
22	Odin Hildebrandt-Paulin	50m Bryst	31,88	496	12.01.2020	Kopervik	25m
23	Odin Hildebrandt-Paulin	100m Butterfly	1.00,70	496	01.11.2020	Stavanger	25m
24	Nora Visnes	50m Fri	29,07	490	30.10.2020	Stavanger	25m
25	Elias Nordfonn	50m Rygg	30,95	370	30.10.2020	Stavanger	25m

Resultat ligg på:

<http://livetiming.medley.no/>

Tønnes Valvik Tønnessen deltok i UM på øvelsane 100 fly, 100 rygg og 100 individuell medley, han var også kvalifisert til 200 fly.

Nora Visnes var kvalifisert for 50 bryst i NM langbane samt 50 og 100 bryst for NM kortbane.

Odin Hildebrandt var kvalifisert for 50 fri, 100 fri, 50 fly og 100 fly i både NM kortbane og NM langbane.

Diverre vart både kortbane og langbane NM avlyst grunna Covid 19.



### ÅRSMELDING 2020



Stord Symjing hadde også i 2020 kvalifiserte symjarar til Nordsjø og LÅMØ, deltakelse på desse stemna vart avlyst grunna Covid 19.

## Mellompartiet

Mellompartiet bestod i 2020 av omlag 20 godt motiverte symjarar i varierte alderar. Me har hatt gleden av å ha bassengtid tre dagar i veka, fordelt på halvanna time måndag, ein time tirsdag og to timar på fredagar. Som tidlegare år, har nokre valt å symje alle tre treningsøktene, mens andre har valt ut ei eller fleire av øktene etter ynskje og kapasitet.

Me har hatt lite utskiftingar i gruppa i 2020, og gruppa har vært godt samansveiste. Godt miljø, og mykje humor på treningsøktene, der alle snakkar med alle. Men me ser at fleire nok vil komme seg over på satsing utover våren 2021. Dette gir òg rom for nye symjarar frå både minsteparti og utanfrå. Kombinert med at symjarane fordeler seg på fleire dagar, gir òg rom for at me gjerne kan vokse til å verte fleire på gruppa med tida.

Som alle andre grupper, har me missa både mykje treningstid og ikkje minst muligheita til å reise på stemner i 2020. Både på grunn av stengte symjehallar og på grunn av reiserestriksjonar. Dette håpar me vil ordne seg i 2021, då symjarane verkeleg fortener å få vise fram kor godt dei meistarar symjesporten!

## Minstepartiet

Minstepartiet er delt i to grupper: tysdagsgruppa og torsdagsgruppa. Begge gruppene har trening ein time i veka.

Stein Eldøy Rosland, Gro Østrem og Silje Marie Helland Dahl er trenarar torsdag. Stein Klimek og Gunnhild Litlabø er trenarar tysdag.

Torsdaggruppa er delt i to grupper etter nivå og disponerer tre banar. Silje og Gro har ansvaret for gr.1 fordelt på to banar og litlebassenget, og Stein har ansvaret for gr.2 som har ein bane. Frå august vart treningstida framskunda med oppstart 15.45 for betre tid i bassenget. Dette fordi ein i koronatida må få alle ungar ut av garderoben til 17.00. Tirsdagsgruppa er ei felles gruppe, også dei fordelt på tre banar og «litlabassenget», og har haldt fram med treningstid frå kl. 16.00.



## ÅRSMELDING 2020



Dei ferskaste symjarane har deler av treningstida si i «litlabassenget», men prøver seg også i hovudbassenget. Me synest oppmøte, motivasjonen, meistringa og gleda til symjarane er god. Det vart arrangert oppstartsleir på Bømlo i august, der nokre få av symjarane frå minstepartiet deltok. Så langt denne sesongen (august til februar) har dessverre ikkje symjarane fått deltatt på uapprobert stemner eller internstevner grunna Korona.

### Trenere i klubben

<b>Trenarar:</b>	
<b>Måndag:</b>	
Mellom:	
Satsing:	Jan Kåre Fjeldstad, Frida Storetvedt
<b>Tysdag:</b>	
Minste:	Stein Klimek og Gunnhild Litlabø, Silje Marie Helland Dahl
Mellom:	Aleksander Hystad Ottesen
Satsing:	Jim Steinsland
<b>Onsdag:</b>	
Satsing:	Jan Kåre Fjeldstad
<b>Torsdag:</b>	
Minste 1:	Gro Østrem, Silje Marie Helland Dahl
Minste 2:	Stein Eldøy Rosslund
Satsing:	Ronny Onarheim, Frida Storetvedt Husebø
<b>Fredag:</b>	
Mellom:	Christel, Hollund, Tiril Storetvedt Husebø
Satsing:	Ronny Onarheim
<b>Laurdag:</b>	
Elite:	Eigentrening
<b>Søndag</b>	
Satsing:	Jim Steinsland

### ÅRSMELDING 2020



## Stord Swim Cup

Som følge av Covid-19 situasjonen vart dessverre Stord Swim Cup avlyst i 2020.





## ÅRSMELDING 2020



### Treningsleirer

#### **OPPSTARTSLEIR BREMNES 27.08--29/08-2020.**

- Oppstartsleiren var eit samarbeid med Bømlo symjeklubb
- Som følge av Covid-19 situasjonen vart arrangementet avgrensa til dagstid.
- 17 symjarar deltok ein eller fleire dagar.
- Alle fekk trena hardt og hadde stort utbytte av helga.

#### **TRENINGSLIIR SPANIA HAUSTEN 2020.**

Som følge av Covid-19 situasjonen måtte ein dessverre avlyse treningsleiren i Spania.

### Sosiale arrangement

Det har ikkje vert sosiale arrangement for gruppene i 2020.

### Rekruttering

#### MEDLEMMER

KLUBBEN HAR VED UTGANGEN AV 2020 REGISTRERT RUNDT 100 MEDLEMMER FORDELT PÅ FØLGENDE GRUPPER:

\* Dommar 10 stk.

\* Trener 14 stk.

\* Styret 10 stk.

\* Minsteparti 32 stk.

\* Mellomparti 22 stk.

\* Satsing 25 stk.

I tillegg har me medlemmar fordelt på Tryggivann samt støttemedlemmer.

### ÅRSMELDING 2020



## Symjeskulen

Våren 2020 arrangerte Stord symjing svømmeskole på Nysæter ungdomsskule. Vi rakk å gjennomføre 8 av 12 kursdager før bassenget ble Coronastengt. Kursdeltakerne ble refundert for de 4 manglende kursdager.

Høsten 2020 ble bassenget på Nysæter stengt for renovering. Svømmeskolen bruker nå bassenget i Rehabiliteringssenteret på Leirvik. Bassenget er et varmtvannsbasseng som gjør at det er godt egnet for begynneropplæring. På grunn av Coronatiltak i bygget trenger vi nå en dørvakt i tillegg til instruktørene. Inntektene fra svømmekurs er redusert på grunn av utgifter til bassengleie på Rehabcenteret og dørvakt, men klubben vil prioritere å gjennomføre svømmeskolen fordi det gir viktig rekruttering til treningspartiene.

48 barn har vært på svømmekurs våren 20 og 48 høsten 20. Til tross for noe redusert plass, har svømmeskolen klart å ta inn nesten alle som står på ventelista. Det var 4 barn på ventelista for hvalkurs høsten 2020, som vil få plass våren 2021.

6 barn som er ferdig med selungekurset ønsker å begynne å trene på minstepartiet.

